



IMDi

Integrerings- og
mangfoldsdirektoratet

IMDi årsrapport 2022



Innhald

1. Melding frå leiaren	2
2. Introduksjon til verksemda og hovudtal	3
3. Aktivitetar og resultat dette året	8
3.1 Busettinga er rask og treffsikker	10
3.2 Målretta kvalifisering og inkluderande arbeidsgivarar	30
3.3 Innvandrarar har høg deltaking i samfunnslivet	62
3.4 Tolking i offentleg sektor	80
3.5 Integreringspolitikken er heilskapleg og samordna	92
4. Styring og kontroll i verksemda	100
5. Framtidsutsikter	108
6. Årsrekneskap	110

1. Leiarens fråsegn

Russlands invasjon av Ukraina 24. februar skapte ei flyktningkrise i våre eigne nærrområde. På kort tid blei millionar av ukrainarar sende på flukt i Europa – og fleire titusen til Noreg. Dei høge inkomstane av ukrainske flyktingar har prega så vel IMDi's innsats som verksemda vår i 2022. Vi har utvikla nye digitale løysingar, tilsett mange nye medarbeidarar, utvikla nye rettleiarar og foreslått ei lang rekkje tiltak for å sikre rask busetting og godt samarbeid om kvalifisering.

Alle kommunane i landet, også dei som ikkje har busett nokon dei seinare åra, blei bedt om å ta imot til saman 35 000 flyktingar. Aldri før har busettingsarbeidet gått raskare, og aldri før har så mange blitt busette på så kort tid.

Det har vore store forventningar til at dei fordrivne frå Ukraina skal komme raskt i arbeid. Samtidig ønskjer fleirtalet av dei med kollektivt beskyttelse å delta i introduksjonsprogram og norskopplæring, og ein stor prosentdel av målgruppa begynte i opplæring i løpet av 2022. IMDi har gjennomført ei rekkje kompetansehevande tiltak for å hjelpe kommunane å tilby gode introduksjonsprogram.

Den nye tolkelova tok til å gjelde 1. januar. Som nasjonal fagstyresmakt for tolking i offentlig sektor ser vi kor viktig det er at vi greier å etterleve ein god tolkestandard. No har IMDi etablert ei årleg indikatormåling av effekten av tolkelova og tolkebehova til offentlege organ, slik at vi kan følge godt med på utviklinga.

IMDi's kartleggingar, blant anna *integreringsbarometeret* vårt, viser at det gjennom året har vore ein vedvarande vilje til å ta imot og busette flyktingar. Tiltak som medverkar til kvardagsintegrering, har vore prioriterte, blant anna har IMDi etablert eit ungdomspanel. Frivillige organisasjonar har òg spelt ei sentral rolle, og IMDi har i løpet av året behandla rekordmange søknader.

Negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er alvorlege hindringar for fridommen til enkeltmenneske og hindrar deltaking i samfunnslivet. I 2022 har vi særleg prioritert kompetansehevande tiltak og å gjere tenestene våre kjende blant brukarane.

Den store og viktige oppgåva med å busette og integrere så mange flyktingar krev meir enn eitt direktorat. Eg vil takke kommunane, sektorstyresmaktene, frivillige organisasjonar og alle medarbeidarane i IMDi som har stått på og levert til beste for integreringa i Noreg.



Libe Rieber-Mohn

Libe Rieber-Mohn
Direktør
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

2. Introduksjon til verksemda og hovudtal

IMDi samfunnsoppdrag

IMDi visjon er å fremje like sjansar, rettar og plikter for alle i eit mangfaldig samfunn. Slik byggjer vi eit fellesskap som er både inkluderande og forpliktande. Det inneber at fleire innvandrara må ut i arbeidslivet, delta i samfunnslivet og møte dei same krava som alle andre. Vellykka integrering krev både eit samfunn som er villig til å stille opp, og solid innsats frå den enkelte innvandraren. Å lykkast med integreringa er ein av dei aller viktigaste føresetnadene for å halde oppe velferda vår og eit samfunn prega av tillit og samhald.

IMDi er eit ordinært forvaltningsorgan underlagt Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Direktoratet set i verk regjeringas integreringspolitikk regjeringa og er nasjonalt kompetansesenter med ansvar for integreringsfeltet. Oppgåvene til direktoratet går på tvers av forvaltningsnivå, sektorar og samfunnsområde. Vi er avhengige av godt samarbeid med kommunar og andre aktørar for å løyse samfunnsoppdraget vårt.


IMDi skal

- ◆ ta hand om arbeidet med å busetje flyktningar
- ◆ leggje til rette for at fleire innvandrara deltek i arbeids- og samfunnslivet
- ◆ jobbe mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald
- ◆ vere fagstyresmakt for tolking i offentleg sektor
- ◆ gi faglege innspel til vidareutvikling av integreringspolitikken og sørgje for god samordning på integreringsfeltet
- ◆ forvalte tilskotsordningar retta mot kommunane og frivillige organisasjonar
- ◆ produsere og formidle forskning, utgreiingar, statistikk og god praksis
- ◆ medverke til ein profesjonell og serviceinnstilt offentleg sektor

Slik er IMDi organisert

IMDi hadde 270 tilsette per 31. desember 2022. Desse var lokaliserte i Oslo (184 tilsette) og Narvik (27 tilsette), i tillegg til 59 minoritetsrådgivarar som var plasserte på skular rundt om i landet.

Organisasjonskart



I 2023 vil IMDi opprette ein ny divisjon med fire avdelingar, med ansvar for IMDis arbeid mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

Hovudtal 2018–2022

Busetting av flyktningar	2018	2019	2020	2021	2022
Busette flyktningar (totalt)	4 903	4 822	2 819	4 489	31 258
Av desse: overføringsflyktningar	2 480	2 806	1 523	3 641	3 146
Flyktningar med opphaldsløyve som ventar i mottak (per 31.12.)	582	386	222	405	3 322
Opplæring i norsk og samfunnskunnskap	2018	2019	2020	2021	Førebelse tal 2022
Personar med <u>rett og plikt</u> til opplæring i norsk og samfunnskunnskap som deltok i opplæringa i løpet av året (tal frå NIR)	38 479	31 672	24 009	20 230	17 254
Personar med <u>plikt</u> til opplæring i norsk og samfunnskunnskap som deltok i opplæringa i løpet av året (tal frå NIR)	1 766	2 060	2 163	2 106	2 120
Personar med <u>rett</u> til opplæring i norsk (personar med kollektivt beskyttelse) som deltok i opplæring i løpet av året (tal frå NIR)	-	-	-	-	9 382
Introduksjonsprogrammet	2018	2019	2020	2021	Førebelse tal 2022
Personar som per 31.12. har <u>rett og plikt</u> til introduksjonsprogram (tal frå NIR)	22 813	15 685	10 769	9 534	8 361
Personar som per 31.12. har <u>rett</u> til introduksjonsprogram (personar med kollektivt beskyttelse) (tal frå NIR)	-	-	-	-	13 003
Personar som deltok i introduksjonsprogram i løpet av året* (tal frå NIR)	27 141	20 968	13 942	10 595	16 670
Personar som har begynt på introduksjonsprogram i løpet av året* (tal frå NIR)	4 419	3 072	2 227	2 246	9 997
Personar som har avslutta introduksjonsprogram i løpet av året* (tal frå NIR)	8 310	8 207	4 820	3 295	2 151

* Inkluderer deltakarar med heimel i integreringslova § 8 (deltakarar med rett og plikt og deltakarar som kommunen kan velje å tilby program). Deltakartalet i 2022 inkluderer også personar med kollektivt beskyttelse som har rett til introduksjonsprogram (med heimel i integreringslova § 37 c).

2. Introduksjon til verksemda og hovudtal

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2018	2019	2020	2021	2022
Talet på tilsette*	219	230	205	221	251
Talet på avtalte årsverk*	215	224	201	216	246
Talet på utførte årsverk	196	206	184	198	227
Samla tildeling Post 01–99 (i 1 000 kroner)	17 323 341	13 419 018	10 751 162	8 924 254	14 628 878
Utnyttingsgrad post 01–29	93 %	93 %	83 %	86 %	93 %
Driftsutgifter post 01 (i 1 000 kroner)	252 479	272 562	264 058	298 458	343 479
Prosentdel lønn av driftsutgiftene	68 %	68 %	65 %	52 %	48 %
Lønnsutgifter per årsverk (kroner)	843 707	824 874	896 331	961 552	922 572

*Kjelde: SSB statistikktabell 12623: Tilsette i staten. Årsgjennomsnitt.

2. Introduksjon til verksemda og hovudtal

3. Årets aktivitetar og resultat

Hovudmålet for integreringspolitikken er at fleire innvandrarar er i arbeid og deltek i samfunnslivet (Prop. 1 S (2021–2022) Arbeids- og inkluderingsdepartementet).

I dette kapitlet gjer vi greie for kva resultat arbeidet vårt har gitt i 2022. Utgangspunktet for framstillinga er dei måla, styringsparametrane og oppdraga som Arbeids- og inkluderingsdepartementet gav IMDi i tildelingsbrevet for 2022.

Vi har organisert kapittel 3 etter fem hovudområde for IMDis arbeid:

- ◆ 3.1 Busettinga er rask og treffsikker
- ◆ 3.2 Målretta kvalifisering og inkluderande arbeidsgivarar
- ◆ 3.3 Innvandrarar har høg deltaking i samfunnslivet
- ◆ 3.4 Tolking i offentleg sektor
- ◆ 3.5 Integreringspolitikken er heilskapleg og samordna


I 2022 ble totalt 31 258 personer



bosatt i 354 kommuner



Bosatte 2020-2022



Gjennomsnittlig ventetid fra vedtak om opphold/innreisetillatelse til bosetting

8,5 mnd

2020


6,3 mnd

2021

2,3 mnd

2022

Bosatte etter sakstype 2020-2022



3.1 Busettinga er rask og treffsikker

Rask og treffsikker busetting er hovudmål for busettinga av flyktningar, og det skal medverke til at nykomne flyktningar deltek i utdanning, arbeidsliv og samfunnet elles. IMDi har det statlege ansvaret for busetting av flyktningar. Busetting og integrering av flyktningar er ei frivillig kommunal oppgåve, og kommunar som buset flyktningar, mottok tilskot frå staten.

IMDis busettingsarbeid i 2022 har i stor grad vore prega av krigen i Ukraina. I møte med høge innkomstar av fordrivne frå Ukraina sette utlendingsforvaltninga i verk fleire tiltak for å forenkle kartlegginga før busetting. Fordrivne frå Ukraina valde også i mykje større grad å bu privat (utanfor eit mottakstilbod) enn flyktningar tradisjonelt har brukt å velje. Samla sett la dette til rette for rask busetting, men endra også føresetnadene for treffsikker busetting.

IMDis arbeid med busetting av flyktningar

Med statleg ansvar for busetting av flyktningar har IMDi sentrale forvaltningsoppgåver og ei samordnings- og pådrivarrolle på tvers av etatar og forvaltningsnivå. Kontinuerleg arbeid for å sikre relevant informasjon til kommunar og løpande oppfølging av busettingsarbeidet i kommunane har òg vore grunnleggjande i IMDis arbeid med busetting av flyktningar i 2022.

Tverretatleg samarbeid

For å sikre heilskapsperspektivet og sørge for eit koordinert busettingsarbeid og implementering av busettingspolitikken samarbeider IMDi med ei rekkje aktørar, som Utlendingsdirektoratet (UDI), Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), Helsedirektoratet, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Husbanken, Mattilsynet, kommunar og fylkeskommunar, statsforvaltarar og KS.

Behovet for tett samarbeid innanfor migrasjonskjeda er blitt intensivert i 2022. Arbeidet i Nasjonalt utval for mottak og busetting har vore sentralt for å sikre samarbeid og informasjonsutveksling mellom staten og kommunesektoren på mottaks- og busettingsfeltet, og det er blitt halde fleire ekstraordinære møte i utvalet gjennom året. Utvalet har vore viktig for å etablere ei felles situasjons- og problemforståing hos statlege og kommunale aktørar og for å sikre samarbeid og iverksetjing av nødvendige tiltak på tvers av etatar.

Faste møtepunkt og tett dialog, både på overordna og på operativt nivå, mellom IMDi og andre etatar har vore avgjerande for å få til gode løysingar og avklaringar i tråd med løpande behov. I beredskapsmøta til Direktorat for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har IMDi saman med UDI, Politiets utlendingseining (PU) og Helsedirektoratet jamleg orientert om dei høge inkomstane av fordrivne frå Ukraina og situasjonen for migrasjonskjeda. IMDi har òg gjennomført fleire tverretatlege møte med UDI og PU der etatane har utveksla informasjon, drøfta løysingar og samordna oppgåver i skjeringlinja mellom dei ulike etatane.

Tett samarbeid med UDI har vore særleg viktig for å handtere data- og rapporteringsutfordringar, korrigere feilregistreringar og etablere eit felles overordna blick på utviklinga i inkomstar og busetting av flyktningar. Samarbeidet mellom IMDi, UDI og PU har vore viktig for å handtere utfordringar knytte til mangelfull registrering i inkomstfasen. Denne problematikken har særleg omfatta feilregistrering av einslege mindreårige med og utan følgjeperson, og tildeling av ulikt registreringsnummer (REG-nummer) blant medlemmer av same familie. Andre utfordringar har vore systemoverføring av data mellom fagsystema i dei ulike etatane. IMDi og andre etatar har brukt mykje ressursar på å ta hand om slike data- og systemutfordringar. Å arbeide for eit mest mogleg korrekt datagrunnlag har vore viktig både med tanke på statistikk og rapportering og for å medverke til rask og treffsikker busetting av flyktningar.

IMDis tiltak for å sikre relevant informasjon til kommunar

Den store auken i talet på flyktningar og oppmodinga til alle kommunar om å busetje flyktningar har forsterka behovet for tett dialog og koordinering på tvers av stat og kommunar i 2022. Kommunane, særleg dei som ikkje har busett flyktningar dei siste åra, har meldt om eit stort informasjonsbehov. Det har vore særleg stort informasjonsbehov knytt til forenkla kartlegging, mellombelse unntak i integreringslova og ei veksande gruppe busettingsklare flyktningar som budde utanfor mottak (privatbuande flyktningar og flyktningar med avtale om alternativ mottaksplassering). Kommunane må sjølv registrere busettingsdato i IMDis fagsystem, IMDinett, for personar i denne gruppa, noko mange kommunar ikkje har vore klar over fordi omfanget har vore lite dei siste åra.

IMDi har arbeidd med kunnskapsformidling og informasjons- og erfaringsutveksling overfor kommunane for å styrkje busettings- og integreringsarbeidet. IMDi har oppdatert nettsidene sine slik at kommunane enkelt kan finne svar på grunnleggjande spørsmål. Samlesida om fordrivne frå Ukraina¹ har vore av særleg nytteverdi for nye busettingskommunar.

Om kommunane har spørsmål som samlesida ikkje gir svar på, har dei kunna vende seg skriftleg i IMDis supportportal og til IMDis postmottak eller ta ein telefon til IMDis

¹ [Flyktninger fra Ukraina | IMDi](#)

kontaktsenter for busetting. IMDi har behandla ei nær tidobling av skriftlege førespurnader som har komme inn til IMDi's supportportal, som e-post og som brev, samanlikna med i 2021.² Totalt har IMDi registrert nærmare ei firedobling av telefonar til IMDi's kontaktsenter samanlikna med i 2021.³ For å kunne handtere den auka mengda av både skriftlege og munnlege førespurnader har det vore nødvendig med auka ressursar og bemanning i IMDi.

IMDi har arrangert fleire webinar gjennom året. Webinarane har hatt temaa *Innføring i praktisk busettingsarbeid, Flyktingar frå Ukraina – kva treng dei frå kommunar og frivillige når dei kjem?* og *Kva inneber dei mellombelse endringane i integreringslova for kommunens arbeid med fordrevne frå Ukraina?* Opptak av webinarane ligg tilgjengelege på IMDi's nettsider.⁴ Dei to første webinarane hadde 551 unike besøkjande, og det sistnemnde hadde 2 222 unike besøkjande (per 31.12.2022).

IMDi har jamleg sendt ut nyhendebrev til kommunane med relevant informasjon. Samtidig har IMDi gitt innspel til DSBs felles nyhendebrev,⁵ som inneheld relevante nyhende for både lokale og sentrale styresmakter. IMDi har òg sendt ut lister over talet på busette (med aldersgruppering) på fylkes- og kommunenivå til fylkeskommunane, statsforvaltarane og Kunnskapsdepartementet. Desse oversiktene har vore viktige blant anna i planleggingsarbeidet for opprettinga av innføringsklasser, plassar i introduksjonsprogram og barnehageplassar.

IMDi har òg delteke i fleire av beredskapsmøta som statsforvaltarane har med kommunane, der IMDi har orientert om busettingsrelevante tema knytte til Ukraina-situasjonen. IMDi har delteke på 40 slike møte i 2022. I tillegg har IMDi delteke på statsrådens jamlege møte om Ukraina-situasjonen med kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar.

Busettingsarbeidet i 2022: Oppmoding, vedtak og busetting i kommune

Busettingsarbeidet i 2022 blei i stor grad påverka av krigen i Ukraina og dei svært høge inntomstane av fordrevne til Noreg.

Opphavleg oppmoding om busetting i 2022 blei send til kommunane i oktober 2021. 212 kommunar blei bedt om å busette til saman 5 500 personar. Som følgje av krigen i Ukraina

² IMDi har i 2022 registrert over 12 100 skriftlege førespurnader som handla om busetting, mot om lag 1 300 i 2021.

³ I 2022 blei det registrert 9 880 oppringingar til IMDi's kontaktsenter, mot 2 583 i 2021.


⁴ [Innføring i praktisk busettingsarbeid | IMDi](#), [Flyktingar frå Ukraina - hva trenger de fra kommuner og frivillighet når de kommer? | IMDi](#) og [Hva betyr de midlertidige endringene i integreringsloven for kommunens arbeid med fordrevne fra Ukraina? | IMDi](#)

⁵ [Angrepet på Ukraina | Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap \(dsb.no\)](#)

3.1 Busettinga er rask og treffsikker

og høge innkomstar av fordrivne blei det i mars 2022 sendt ut ei ny oppmoding på i alt 35 000 busetningsplassar, denne gongen til alle kommunar. På bakgrunn av den nye oppmodinga vedtok kommunane å busetje til saman 35 705 flyktningar.⁶ Det blei busett i alt 31 258 flyktningar i 2022, 88 prosent av det talet kommunane hadde vedteke å busetje. Alle kommunar fekk fordelt flyktningar, og 354 av 356 kommunar busette flyktningar i 2022.

Figur 3-1-1. Oppmoding, busetningsvedtak, busette og gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting. Tal på personar og tal på månader. 2006–2022




Kommunane viste svært stor omstillingsevne og fleksibilitet i møte med ei seksdobling av busetningsbehovet. Og trass i store innkomstar har busettingstempoet aldri vore raskare (sjå figur 3-1-1). For eksempel blei det busett over dobbelt så mange flyktningar i 2022 på under halvparten av tida samanlikna med toppåret 2016, då det òg var høge innkomstar over kort tid.

⁶ Talet på busetningsvedtak per 31.12.2022. Ein del kommunar gjorde nye vedtak undervegs i året (med høgare eller lågare busettingstal enn opphavleg vedteke).

3.1 Busettinga er rask og treffsikker

Figur 3-1-2. Busette, inngåtte avtalar om busetting og gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting per måned. Tal på personar og tal på månader. 2022



Før dei fordrivne frå Ukraina tok til å komme, var flesteparten av dei busette flyktningane i 2022 overføringsflyktningar. Dette gav lågare busettingstal og lengre ventetider samanlikna med busettinga seinare på året (sjå figur 3-1-2). Dei høge innkomstane av fordrivne frå Ukraina gjennom våren resulterte i høge busettingstal og korte ventetider resten av året, med kortast ventetid og flest inngåtte avtalar om busetting i mai og flest busette flyktningar i juni. Etter ein periode med låg busetting gjennom sommaren, stabiliserte busettinga seg om hausten på i overkant av 3 000 busette kvar måned, med ei gjennomsnittleg ventetid på under 3 månader for alle flyktningar sett under eitt.

Tabell 3-1-1. Nøkkeltal for busetting. Tal på personar og gjennomsnittleg ventetid. 2018–2022

År	2018	2019	2020	2021	2022
Busette totalt¹	4 903	4 822	2 819	4 489	31 258
Busette einslege mindreårige	194	137	80	108	510
- av desse IMDi	159	94	56	89	423
- av desse Bufetat	35	43	24	19	87
Busette i barnefamiljar ²	3 541	3 793	1 923	3 606	20 160
- av desse busette barn	2 013	2 162	1 097	2 110	10 328
- talet på barnefamiljar	778	847	478	814	6 425
Busette andre vaksne ³	1 141	883	805	775	10 576
Busette: Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak om opphald/innreiseløyve til busetting (månader)					
Totalt ¹	4,9	3,3	8,5	6,3	2,3
Einslege mindreårige	3,8	3,2	5,1	3,1	2,5
- av desse IMDi	3,6	3,2	4,4	3,4	2,2
- av desse Bufetat	4,6	4,5	6,7	2,1	3,6
Barnefamiljar ²	4,9	3,2	9,6	6,7	2,4
Andre vaksne ³	4,9	3,8	8,0	4,3	2,0
Mottaksbebuvarar (inkl. overføringsflyktningar i mottak) som ventar på busetting (per 31.12.)⁴	582	386	222	405	3 322
Overføringsflyktningar i utlandet med inngått avtale om busetting i ein kommune (per 31.12.)⁵	158	169	1 742	690	510

¹ Totaltala inneheld busette personar med skjerna identitet.

² Inkluderer vaksne i familiar med barn under 18 år og barn i familiar. Talet på familiar er kalkulert ut frå talet på unike REG-nummer og føreset korrekt registrering av REG-nummer ved innkomst.

³ Inkluderer alle vaksne som ikkje er ein del av barnefamiljar.

⁴ F.o.m. 2022 inkluderer mottaksbebuvarar som ventar på busetting, berre personar med saksstatus fordelingsklar, fordelt og inngått avtale om busetting (søkt ut). Tidlegare var også personar som venta på kartlegging, inkludert.

⁵ Tal for overføringsflyktningar inkluderer berre personar som IMDi og kommunen har inngått bindande avtale om busetting for (status søkt ut). I 2020 og 2021 blei også unntaksvis overføringsflyktningar med saksstatus under kartlegging, fordelingsklar og fordelt inkludert pga. utfordringar med utreise under pandemien. Tal for 2021 er i årsrapporten for 2022 oppdatert frå 1 420 til 690, for å inkludere berre overføringsflyktningar med saksstatus søkt ut.

Kjelde: IMDi

Kven blei busett?

Det blei busett 31 258 flyktningar i 2022. Desse blei busette frå asylmottak eller frå privat bustad, eller dei kom som overføringsflyktningar (sjå tabell 3-1-2). Blant flyktningane som blei busette frå mottak eller frå privat bustad, var dei aller fleste frå Ukraina (27 058 med kollektivt beskyttelse, av desse hadde 26 790 ukrainsk nasjonalitet). Syrarar utgjorde den nest største nasjonaliteten blant busette flyktningar, etterfølgd av kongolesarar og afghanarar.

Tabell 3-1-2. Busetting etter sakstype. Tal på personar. 2018–2022

År	2018	2019	2020	2021	2022
Totalt	4 903	4 822	2 819	4 489	31 258
Busette frå mottak	2 024	1 610	1 012	564	17 739
Personar utanfor mottakssystemet	399	406	284	284	10 371
Overføringsflyktningar	2 480	2 806	1 523	3 641	3 146

Flyktningar busette frå mottak

Flyktningar som budde i mottak⁷ før busetting, utgjorde den største gruppa av busette flyktningar i 2022. Av 31 258 busette var 17 739 personar busette frå mottak. Det tilsvarer om lag 57 prosent av dei busette. Den store auken i talet på og delen av flyktningar busette frå mottak samanlikna med året før, kjem av høge inkomstar av fordrivne frå Ukraina. 95 prosent av alle flyktningar som blei busette frå mottak, var fordrivne frå Ukraina.

Tabell 3-1-3. Busetting av mottaksbebuarar, etter personkategori. Tal på personar. 2018–2022

År	2018	2019	2020	2021	2022
Totalt	2 024	1 610	1 012	564	17 739
Einslege mindreårige*	173	97	61	59	304
Barnefamiliar	989	988	449	203	11 385
Andre vaksne	862	525	502	302	6 049

*Talet inkluderer einslege mindreårige med og utan følgjeperson.

⁷ Inkludert akuttinnkvarteringar og andre bu- og omsorgsløysingar i regi av UDI.

Busetting av flyktningar som har budd utanfor mottakssystemet

I 2022 var det ein stor auke i delen av flyktningar som har budd utanfor mottakssystemet før busettinga, under dette privatbuande flyktningar og flyktningar med avtale om alternativ mottaksplassering.

Privatbuande er tidlegare mottaksbebuarar som har valt å flytte frå mottak og bur privat, eller personar som aldri har budd i mottak.⁸ Alternativ mottaksplassering er eit alternativ til å bu i eit vanleg asylmottak og inneber kommunen mottek kompensasjon frå UDI for å gi eit butilbod og nødvendig oppfølging til flyktningen i påvente av busetting. Personar som er omfatta av avtale om alternativ mottaksplassering, bur gjerne privat og mottek støtte til livsopphald og andre tilbod i kommunen. Ordninga med alternativ mottaksplassering blei som følgje av dei høge inkomstane av fordrivne frå Ukraina utvida til å omfatte langt fleire enn det som tidlegare har vore praksis.

Av 31 258 busette flyktningar var det 10 371 (33 prosent) som før busettinga oppheldt seg utanfor mottakssystemet. Til samanlikning var tilsvarande del 6 prosent i 2021. 98 prosent av flyktningane som oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busettinga, var fordrivne frå Ukraina.

Overføringsflyktningar

Stortinget vedtek kor mange overføringsflyktningar Noreg skal ta imot kvart år. Sidan 2019 har kvoten vore fastsett til 3 000 personar kvart år.⁹ Det er Justisdepartementet (JD) som avgjer kva for land flyktningane skal hentast frå, og kva for grupper som skal prioriterast. I 2022 blei 3 146 overføringsflyktningar busette. Desse utgjorde 10 prosent av den samla busettinga i 2022. Det er ein nedgang på 71 prosenteningar frå 2021, noko som kjem av høge inkomstar av fordrivne frå Ukraina i 2022.

⁸ Privatbuande flyktningar må sjølv søkje om busetting med offentleg hjelp. Søknaden må sendast IMDi innan seks månader frå vedtak om opphaldsløyve.

⁹ Den totale kvoten i 2021 var 3 608 personar, fordi 608 ubrukne plassar frå kvoten i 2020 blei overførte til 2021.

Tabell 3-1-4. Busetting av overføringsflyktingar, etter personkategori. Tal på personar. 2018–2022

År	2018	2019	2020	2021	2022
Totalt	2 480	2 806	1 523	3 641	3 146
Einslege mindreårige	9	21	16	33	21
Barnefamiliar	2 343	2 629	1 371	3 325	2 947
Andre vaksne	128	156	136	283	178

Uttak av overføringsflyktingar

Det blei gjennomført 13 uttakskommisjonar i 2022, 5 færre enn i 2021. Etter to år då omtrent alle uttakskommisjonar blei gjennomførte som fjernuttak (på grunn av pandemien), blei 12 av 13 uttak i 2022 gjennomførte fysisk i vertslandet der flyktingane oppheldt seg.¹⁰

Bruk av integreringsomsyn i arbeidet med overføringsflyktingar

IMDi skal gi råd om utsikter til busetting og integrering i arbeidet med overføringsflyktingar.¹¹ I 2022 gav IMDi innspel til kvotesamansetjinga for 2023 og samarbeidde med UDI om nærmare spesifisering av arbeidet overfor FNs høgkommissær for flyktingar (UNHCR). IMDi intervjuar i overkant av 2 700 overføringsflyktingar der vi gjennomførte ei busettingsførebuande kartlegging og blant anna vurderte utsikter til integrering i Noreg.

Høge inkomstar av fordrivne frå Ukraina medførte ei nødvendig omprioritering av ressursar og ei forenkling av kartlegginga av overføringsflyktingar i første halvdel av 2022. Forenkla kartlegging medførte mindre informasjon om kvar enkelt flykting, noko som utfordrar bruken av integreringsomsyn i saksbehandlinga av enkeltsaker. IMDi sikra tilstrekkeleg bemanning på alle uttak frå hausten 2022 og gjeninnførte ordinære kartleggingsrutinar. Fysiske uttak la òg til rette for høgare kvalitet på kartlegginga enn ved fjernuttak.

Kulturorientering for overføringsflyktingar

IMDi har ansvar for at overføringsflyktingar får relevant informasjon før flyktingane kjem til Noreg. For å imøtekomme dette arrangerer International Organization for Migration (IOM) kulturorienteringsprogram på oppdrag frå IMDi. Programmet skal gi flyktingane

¹⁰ Det har ikkje vore mogleg å gjennomføre fysisk uttakskommisjon til Libya som følgje av tryggingssituasjonen i landet.

¹¹ Jf. Rundskriv G-15/2020: Retningslinjer for arbeidet med overføringsflyktingar jf. utlendingsloven § 35.

grunnleggjande innsikt i norsk kultur og daglegliv, skape eit realistisk bilete av Noreg og gi kunnskap om rettar og plikter. Siktemålet er å avstemme forventningar og førebu dei på kulturforskjellar ved busettinga.

I 2022 blei det gjennomført 16 kulturorienteringsprogram. 10 av dei blei gjennomførte i land der overføringsflyktningane oppheldt seg, mens 6 blei gitt som fjernundervisning. 87 prosent av overføringsflyktningane som blei busette i 2022 og var i målgruppa for kulturorienteringsprogram, hadde delteke på eit kulturorienteringsprogram før busettinga.¹² 7 prosent mottok alternative informasjonstiltak før inkomsten til Noreg,¹³ mens 6 prosent ikkje fekk nokon informasjon i regi av IMDi før busettinga. Dette var som regel på grunn av snarleg inkomst til Noreg, utfordringar knytte til logistikk eller lese- og språkutfordringar.

Rask busetting

Det er eit mål at busettinga skal skje så raskt som råd etter at vedtak om opphald eller innreiseløyve er gitt. Busettinga var svært rask i 2022 samanlikna med føregående år, trass i høge inkomsttal.

Den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak om opphald til busetting for alle flyktningar sett under eitt var per 31. desember 2022 2,3 månader. Til samanlikning var den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak til busetting 6,3 månader i 2021. For personar med kollektivt beskyttelse (fordrivne frå Ukraina) var den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak om opphald til busetting 1,8 månader per 31. desember 2022. Til samanlikning var ventetida for andre flyktningar 4,1 månad i snitt, ikkje medrekna overføringsflyktningar.¹⁴ For overføringsflyktningar var ventetida i snitt 5,4 månader frå vedtak til busetting.

IMDi har sett kontinuerleg søkjelys på at busettinga skal skje så raskt som råd. Forenklingar og tilpassingar i system og utvikling av nye tekniske løysingar har vore viktige grep for å oppnå dette. Eit nødvendig grep for å leggje til rette for rask busetting var dei forenklingane og tilpassingane som blei gjorde i kartlegginga av personar som fekk innvilga kollektivt beskyttelse, og endringane som kom i mellombels lov (integreringslova kap. 6A) i juli, der denne gruppa får unntak frå kompetansekartlegging før busetting. Kartlegginga er nærmare omtalt under *Treffsikker busetting*.

Ein klar føresetnad for den raske busettinga i 2022 var at kommunane gjorde vedtak om busetting i tråd med behovet, og at busettingsplassane i kommunane blei stilte til disposisjon. Mange kommunar klarte å mobilisere raskt og var klare til å busette flyktningar på svært kort tid. Andre kommunar, særleg dei som ikkje hadde busett nokon på nokre år,

¹² Både ordinært kulturorienteringsprogram og kulturorientering som fjernundervisning.

¹³ Anten i form av skriftleg materiale eller som digitalt kurs.

¹⁴ Denne gruppa utgjorde 1 052 personar.

3.1 Busettinga er rask og treffsikker

hadde større behov for oppfølging for å byggje opp ei tilstrekkeleg teneste for å kunne busetje flyktningar.

Det store busettingsbehovet medførte mellombelse kapasitetsutfordringar i ein del kommunar, særleg mot slutten av året. Dette kom i hovudsak av avgrensingar i tilgangen på bustader i sentrumsnære område i kommunen og press på sentrale kommunale tenester. I snitt brukte kommunane 1,2 månader på å førebu busettinga, frå IMDi og kommunen gjorde avtale om busetting til flyktningen blei busett i kommunen.

Tabell 3-1-5. Mottaksbebuarar. Gjennomsnittleg ventetid frå opphaldsvedtak til busetting. Månader. 2018–2022

År	2018	2019	2020	2021	2022
Totalt	4,9	3,8	4,6	3,9	2,2
Einslege mindreårige	3,6	3	4,4	1,9	2,9
Barnefamiliar	5,2	3,7	5,6	5	2,1
Andre vaksne	4,8	4	3,8	3,6	2,2

Tabell 3-1-6. Personar utanfor mottakssystemet. Gjennomsnittleg ventetid frå opphaldsvedtak til busetting. Månader. 2018–2022

År	2018	2019	2020	2021	2022
Totalt	6,0	6,6	6,3	4,9	1,5
Einslege mindreårige	5,6	2,5	5,3	3,4	1,3
Barnefamiliar	5,6	9,2	8,9	6,3	1,4
Andre vaksne	6,5	4,8	4,4	4,5	1,7

Tabell 3-1-7. Overføringsflyktningar. Gjennomsnittleg ventetid frå innreiseløyve til busetting. Månader. 2018–2022

År	2018	2019	2020	2021	2022
Totalt	4,8	3,1	7,7	6,7	5,4
Einslege mindreårige	4,8	3,1	5,2	5,3	6,3
Barnefamiliar	4,8	3,1	7,9	6,9	5,4
Andre vaksne	3,6	2,7	5,6	4,9	5,2

Busetting av personar utanfor mottak

Flyktingar som bur utanfor mottakssystemet før busettinga, har i mange tilfelle funne seg ein eigna bustad på eiga hand og mottek allereie nødvendig støtte og oppfølging av kommunen. Mange har alt ei tilknytning til kommunen dei oppheld seg i, anten gjennom venner eller ved familierelasjonar, og fleire har alt begynt på skule. Personar som oppheldt seg utanfor mottak før busettinga, venta i gjennomsnitt 1,5 månader frå innvilga vedtak om opphald til busetting. Dette var raskare enn for personar busette frå mottak.

Ved busetting av personar utanfor mottak spør IMDi som regel om busetting i den kommunen dei allereie oppheld seg i, så langt dette er mogleg. Det kan gjere det enklare for kommunen å busetje vedkommande raskt, men kan ha følgjer for arbeidet med spreidd og treffsikker busetting. Dette er nærmare omtalt under *Treffsikker busetting*.

Busetting av overføringsflyktingar

Det tok i gjennomsnitt 5,4 månader frå ein overføringsflykting blei innvilga innreiseløyve, til vedkommande kom til Noreg og blei busett i ein kommune. Dette er ein nedgang på om lag 1 måned frå 2021.

Samanlikna med dei to føregåande åra gjekk ventetida for busetting av overføringsflyktingar ned. Dette kom i hovudsak av at covid-19-pandemien ikkje lenger sette like store avgrensingar på inkomstar til Noreg. Likevel var ikkje ventetida for overføringsflyktingar tilbake på same nivå som før pandemien. Dette kom blant anna av at det først i 2022 var mogleg å busetje mange av overføringsflyktingane som blei innvilga opphald i 2020 og 2021 i 2022, noko som var med på å auke den gjennomsnittlege ventetida for denne gruppa.¹⁵

Busetting av einslege mindreårige

Det blei busett 510 einslege mindreårige i 2022, og det er 110 fleire enn det kommunane blei oppmoda om. Det kom langt fleire einslege mindreårige enn venta i 2022. Det var særleg ein auke i inkomsten av einslege mindreårige gjennom hausten, spesielt frå Syria og Afghanistan.

Den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak til busetting for einslege mindreårige samla sett var 2,5 månader. Ventetida for einslege mindreårige som blei busette frå mottak eller omsorgssenter, var 2,9 månader i snitt og 1,3 månader for privatbuande. Av dei 304 einslege mindreårige som blei busette frå mottak eller omsorgssenter, blei 59 prosent

¹⁵ Det har ikkje vore mogleg å gjennomføre utreiser frå Etiopia og Libya store delar av året som følgje av ein ustabil tryggleikssituasjon.

busette innan 3 månader, og 95 prosent blei busette innan 6 månader. Til samanlikning blei 92 prosent av dei 59 einslege mindreårige på mottak eller omsorgssenter busette innan 3 månader i 2021.

Samanlikna med tidlegare år kom fleire av dei einslege mindreårige som blei busette i 2022, saman med ein følgjeperson. Ein følgjeperson kan vere ein slektning eller ein annan vaksenperson som tek hand om barnet, men som ikkje har foreldreansvar for barnet. Feil og mangelfulle registreringar av følgjepersonar i mottaksfasen har medført at IMDi har brukt mykje tid og ressursar på å avklare om den enkelte har komme åleine eller saman med ein følgjeperson. Det har også gjort det utfordrande å kunne gi eit presist anslag over prosentdel og kor mange einslege mindreårige som blir busette med og utan følgjeperson.

IMDi buset som regel einslege mindreårige i kommunar som har gjort vedtak om å busetje einslege mindreårige. Samtidig vil dei som blir busette saman med følgjeperson, som oftast inngå som del av ein familie og dermed ikkje ha det same behovet for å bu i bu- og omsorgstiltak for einslege mindreårige som kjem åleine. Einslege mindreårige med følgjeperson blir derfor ofte busette i kommunar som ikkje nødvendigvis har vedtak om å busetje einslege mindreårige. Mens 34 kommunar blei oppmoda om og vedtok å busetje einslege mindreårige, var det 117 kommunar som busette einslege mindreårige.¹⁶ Fleire av dei einslege mindreårige med følgjeperson som blei busette i 2022, oppheldt seg utanfor mottakssystemet som privatbuande.

Busetting av personar med særlege behov

Flyktningar med særlege behov har ein helsesituasjon som tilseier at dei har eit meir omfattande tenestebehov enn det fastlegen kan tilby. Personar i denne gruppa vil venteleg krevje større helse- og omsorgstiltak i busettingskommunen. I 2022 blei 827 personar med særlege behov busette.¹⁷ Dette er ein kraftig auke frå 2021, då det blei busett 52 personar med særlege behov. Det tok i gjennomsnitt 3,5 månader frå innvilga vedtak om opphald fram til busetting. Personen med lengst ventetid blei busett etter 60 månader.

Omfanget av personar med særlege behov som skal busetjast, auka i takt med den store innkomsten av flyktningar til Noreg. Per 31. desember venta 251 personar med særlege behov på å bli busette. Personar med særlege behov er ei heterogen gruppe, og IMDi erfarer at det kan vere krevjande å finne eigna busettingsløyser for somme.

¹⁶ Talet på busette einslege mindreårige i kommunar utan vedtak om å busetje einslege mindreårige flyktningar er likevel lågt relativt sett. Desse kommunane busette i snitt 1,6 einslege mindreårige flyktningar. Tilsvarende tal for kommunar med vedtak om å busetje einslege mindreårige var 14 busette einslege mindreårige per kommune.

¹⁷ Særlege behov vil seie personar med ulike typar tilretteleggingsbehov ved busetting i ein kommune.

I 2022 forplikta Noreg seg til å gi 550 pasientar tilbod om behandling i Noreg som del av eit felles europeisk samarbeid for medisinsk evakuering av ukrainske borgarar (Medevac). 143 pasientar blei overførte til Noreg i 2022, og av desse 55 var busette ved årsslutt. Pasientane blir kartlagde på sjukehuset av sjukehusstilsette.

Busetting av personar med særlege behov er ei prioritert oppgåve, og IMDi har øyremerkt særskilte ressursar til dette arbeidet. I 2022 blei også tilskotsperioden for IMDis særskilde tilskot utvida frå inntil 5 år til inntil 10 år for personar busette i UDIs særskilde butilbod.¹⁸ Det er enno tidleg å seie noko om kva effekt utvidinga av tilskotet har hatt for busettingsviljen i kommunane.

Flyktningar som bur i mottak og ventar på busetting

Ved utgangen av året var det 3 322 flyktningar i mottak med vedtak om opphald¹⁹ som venta på å bli busette i ein kommune. Av desse var det inngått avtale med enkeltkommunar om busetting av 1 845 personar. Det var mange fleire som venta på busetting ved utgangen av 2022 samanlikna med 2021 (405). Over 90 prosent av desse var fordrivne frå Ukraina.

Treffsikker busetting

IMDi jobbar med treffsikker busetting på tre måtar: gjennom arbeidet med oppmoding om busetting, gjennom kartlegging av flyktningar og gjennom treffsikker fordeling av personar til kommunane. På overordna nivå er det særleg arbeidet med oppmoding til busettingskommunar som medverkar til å gjere busettingsarbeidet treffsikkert. På individnivå er både kartlegginga av kvar enkelt flyktning og den endelege tildelinga av busettingskommune med relevant tilbod viktig. I 2022 har forenklingar i regelverk, system og ordningar endra føresetnadene for treffsikker busetting. Endringar i samansetjinga av flyktninggruppa har òg hatt innverknad på arbeidet med treffsikker busetting.

Oppmoding om busetting

IMDis oppmoding om busetting er basert på kriterium som er fastsette av IMDis overordna departement på bakgrunn av tilrådingar frå Nasjonalt utval for mottak og busetting. Oppmodingskriteria legg føringar for kva kommunar som blir bedt om å busetje flyktningar, og kor mange flyktningar kvar enkelt kommune blir bedt om å busetje. Dette blir vurdert ut

¹⁸ Utvidinga av tilskotsperioden gjeld likevel berre for personar som oppheld seg i UDIs særskilde butilbod og omfattar ikkje personar i ordinært mottak eller akuttinnkvartering som mottek ekstraordinære tiltak (EOT, UDI 2010-187).

¹⁹ Dette handlar berre om dei mottaksbebuarane som har fått vedtak som dannar grunnlag for busetting, ikkje alle mottaksbebuarar.

frå kva kommunar som er venta å ha gode føresetnader for busetting og vidare integrering av flyktingar.

IMDi oppmoda opphavleg 212 kommunar om busetting av 5 500 flyktingar i 2022. Som følge av krigen i Ukraina sende IMDi i mars ei ny oppmoding om busetting av til saman 35 000 flyktingar til alle dei 356 kommunane i landet. For å leggje til rette for ein rask oppmodingsprosess i mars vedtok Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID) å setje oppmodingskriteria til side. IMDi sende ut ein kartleggingsførespurnad til kommunane i forkant av oppmodinga der IMDi bad kommunane vurdere busettingskapasiteten. Dei fleste av kommunane svarte og melde om ein kapasitet på totalt 22 000. Men prognosane for 2022 peikte mot eit busettingsbehov på 35 000 flyktingar. IMDi fordelte dette behovet på kommunane i dialog med KS. Alle kommunane svarte positivt på oppmodinga og gjorde vedtak om busetting av til saman over 35 000 flyktingar.

Kartlegging

Kartlegging er viktig for treffsikker busetting, både for personar som er innvilga opphald etter søknad om beskyttelse, og overføringsflyktingar. Ein viktig føresetnad for eit vellykka busettingsarbeid er at det ligg føre grunnleggjande informasjon om den enkelte som IMDi kan bruke som grunnlag for å identifisere ein eigna kommune med relevant tilbod om arbeid, utdanning og anna oppfølging.

Personar som bur i mottak, personar som bur utanfor mottak (privatbuande) og overføringsflyktingar skal gjennomgå ei kartlegging i forkant av busettinga. Det er for å få fram grunnleggjande informasjon som er relevant for busettinga (utover kompetanse), for eksempel relasjonar og tilknytning til visse kommunar og tilrettelegging av personens behov og helsetilstand som er relevant for permanent busetting i ein kommune. Privatbuande må søkje IMDi om å bli busette med offentleg hjelp og gjer ei sjølvkartlegging i søknaden til IMDi.

Personar som har rett og plikt til introduksjonsprogram, og som blir busette frå mottak, har rett og plikt til å gjennomføre ei kompetansekartlegging før busettinga (integreringslova § 6). Ansvaret for at dette blir gjennomført, ligg på vertskommunane til mottaka. IMDi skal kartlegge kompetansen til overføringsflyktingar før innreise til Noreg (integreringslova § 6). Personar som har rett og plikt til introduksjonsprogram, og som ikkje har blitt kompetansekartlagde før busettinga, har rett og plikt til kompetansekartlegging etter busettinga (integreringslova § 10). Ansvaret for kompetansekartlegginga etter busettinga ligg på busettingskommunen.

Særskilt om kartlegging av personar med kollektivt beskyttelse

På grunn av dei store inkomstane av fordrevne frå Ukraina blei det etter instruks frå overordna departement (AID og JD) frå april sett i verk forenklingar og tilpassingar i kartlegginga av denne gruppa, med ei utviding frå midten av juni. I tillegg blei mellombels

3.1 Busettinga er rask og treffsikker

lov, integreringslova kap. 6A, innført i juli, der personar med kollektivt beskyttelse får unntak frå kompetansekartlegging før busetting. Personar med kollektivt beskyttelse har rett, men ikkje plikt til å gjennomføre kompetansekartlegging etter busettinga.

Formålet med forenklingar, tilpassingar og lovendinga var å leggje til rette for rask busetting og å sikre omsynet til kapasiteten i vertskommunane for mottaka. I tillegg auka delen av busettingsklare flyktningar raskt då det blei avklart at fordrivne frå Ukraina som hovudregel skulle innvilgast kollektivt beskyttelse. Bruken av kollektivt beskyttelse medførte at tida UDI brukte frå dei mottok ein søknad om beskyttelse, til den enkelte flyktingen fekk eit løyve som dannar grunnlag for busetting, blei svært kort.

For å leggje til rette for den forenkla kartlegginga i mottak gjorde IMDi store endringar i dei digitale systema sine. Den forenkla kartlegginga frå april inneheldt tre enkle spørsmål om relasjonar, medfølgjande kjæledyr og eventuelle særskilde behov knytte til helse eller funksjonsnivå. Frå midten av juni blei spørsmål om yrke og utdanningsnivå også inkludert i kartlegginga. Det blei på kort tid utvikla ei digital løysing for mottaksbebuvarar som innebar at mottakstilsette registrerte slik informasjon i IMDinett.

Talet på og delen av privatbuande auka kraftig i samband med dei høge inkomstane av fordrivne frå Ukraina. IMDi utvikla derfor på kort tid eit eige digitalt søknadsskjema for privatbuande der den enkelte flyktingen sjølv registrerte informasjon om seg sjølv, tilsvarande spørsmåla i den forenkla kartlegginga i mottak. Det digitale søknadsskjemaet blei gjort tilgjengeleg på ukrainsk, russisk og engelsk.

Kompetansekartlegging av overføringsflyktningar

IMDi kartlegg kompetansen til alle overføringsflyktningar som blir intervjuva ved uttakskommisjon. Av dei 1 303 overføringsflyktningane i målgruppa for introduksjonsprogram hadde 95 prosent gjennomført kompetansekartlegging før innreise. Overføringsflyktningar behandla som dossier- og/eller hastesaker blir ikkje intervjuva av IMDi før innreisa til Noreg. Som regel ligg det føre svært lite kartleggingsinformasjon om desse personane. IMDi har derfor avgrensa høve til å vurdere kor treffsikker busettinga av denne gruppa er.

Kompetansekartlegging av ordinære mottaksbebuvarar

Kompetansekartlegging av mottaksbebuvarar var ei ny oppgåve for vertskommunar for asylmottak i 2021. For mottaksbebuvarar i målgruppa for kompetansekartlegging etter integreringslova § 6 blei 83 prosent kartlagde før busetting i 2022. Dette er ein nedgang på 12 prosenteningar frå 2021. Til samanlikning var delen 42 i 2020, då kompetansekartlegging av mottaksbebuvarar var ei frivillig oppgåve.

Personar som ikkje blir kompetansekartlagde før busettinga, skal etter integreringslova § 10 kartleggjast av busettingskommunen etter busettinga. Av 736 personar i målgruppa for

kompetansekartlegging etter busetting hadde 48 prosent gjennomført kartlegging ved utgangen av 2022. Fleire vertskommunar har meldt til IMDi at kompetansekartlegging før busetting har vore ei oppgåve som ikkje alltid kunne prioriterast på grunn av den krevjande arbeidssituasjonen gjennom store delar av 2022. Når det gjeld kompetansekartlegging etter busetting, er dette noko som fleire kommunar gjer i eigne fagsystem utan at dei registrerer det i IMDis fagsystem i tillegg. Dette kan vere årsak til dei relativt låge tala.

IMDi skal gjere kompetansedata tilgjengeleg og sikre flyt av kompetansedata for andre relevante etatar. Gjennom det pågåande vidareutviklingsprosjektet for IMDinett Busetting er IMDi i gang med å utvikle eit einskapleg grensesnitt for alle aktørar for registrering av kompetanseopplysningar i IMDinett basert på kartleggingsintervju. I denne prosessen vil IMDi også kartleggje kva for data som er nødvendige for kva aktørar for å levere tenester til den enkelte, og korleis dataa skal brukast. Det skal leggjast til rette for deling av data, slik at andre fagsystem kan hente data frå IMDis kompetansemodul. Dette føreset at andre interessentar har ei løysing for å ta imot data frå IMDi og nødvendig heimel for dette.

Fordeling av flyktningar til kommunar

Eit sentralt moment i IMDis arbeid med treffsikker busetting er treffsikker fordeling, det vil seie fordeling av rett person til rett type kommune. IMDi nyttar innhenta informasjon om den enkelte flyktningen for å finne ein busettingskommune med relevant profil når det gjeld arbeid, kvalifisering og utdanning. IMDi tek òg omsyn til individuelle forhold ved flyktningen, som familierelasjonar, helseutfordringar og særskilde tilretteleggingsbehov. Når det ligg fører ei tilknytning til ein bestemt kommune, vil IMDi ta omsyn til dette så langt det lèt seg gjere. Ein viktig føresetnad for treffsikker fordeling er at flyktningane har gjennomført ei kartlegging i form av ein busettingsførebuande samtale og kompetansekartlegging.

Den forenkla kartlegginga av personar med kollektivt beskyttelse har vore viktig for å sikre rask fordeling til kommunane og dermed for å sørkje for rask busetting. Forenkla kartlegging har samtidig utfordra den treffsikre fordelinga, ettersom det gir mindre informasjon om kvar enkelt flyktning. Treffsikker fordeling av flyktningar til kommunane føreset eit godt kunnskapsgrunnlag både om flyktningen sjølv og om kvar enkelt kommune som buset flyktningar. Mengda tilgjengeleg informasjon vil derfor påverke i kva grad IMDi kan vurdere kor treffsikker kvar enkelt fordeling er. Sjølv om det ikkje er ordinært høve til å klage i busettingssaker, har IMDi som følgje av mangelfull informasjon erfart ein auka risiko for feil i busettinga av den enkelte flyktningen til ein kommune og fleire førespurnader om omgjering av busettingskommune.

Samtidig har den store auken i talet på privatbuande flyktningar og flyktningar omfatta av avtale om alternativ mottaksplassering (AMOT) utfordra utsiktene til både styrt og spreidd og treffsikker fordeling. Desse gruppene oppheld seg ofte i sjølvvalde kommunar der dei allereie har familie eller anna nettverk frå før. IMDi har lagt vinn på å fordele desse personane til kommunar der dei oppheldt seg. Busettinga blei dermed i mindre grad styrt av IMDi og i større grad av flyktningen sjølv. Auken i talet på privatbuande flyktningar og

flyktningar på AMOT-avtale utfordra også jamn utnytting av ledig kapasitet i kommunane gjennom året, og medførte eit stort press på enkelte kommunar som raskt fekk fylt opp sitt vedtak om busetting. Enkelte kommunar busette utover vedtaket sitt om busetting, mens andre kommunar ikkje fekk fylt opp sitt vedtak. Mangelen på ledig kapasitet påverka også treffsikker fordeling seinare på året, då IMDi i større grad måtte styre busettinga ut frå omsyn til attverande bustadkapasitet i kommunane.

Systematisere tilbakemeldingar frå busettingskommunar

Riksrevisjonen har peikt på at det er behov for å forbetre systemet for oppfølging av tilbakemeldingar frå kommunane om det busettingsførebuande arbeidet. Gjennom oppdrag nr. 2022-12 i IMDis tildelingsbrev og oppdrag nr. 2022-04 i UDIs tildelingsbrev er IMDi og UDI bedt om å forbetre systematiseringa av korleis tilbakemeldingar frå kommunane om det busettingsførebuande arbeidet blir følgde opp. Dette gjeld kartlegging før busetting for overføringsflyktningar og kartlegging av flyktningar som er busette frå mottak og privatbuande.

IMDi og UDI har samarbeidd om å løyse oppdraget. Den løysinga som er vurdert som mest eigna til å oppfylle behova for å vere brukarvenleg, effektiv og systematisk og krava til tryggleik og personvern, er å gjere tilpassingar i IMDis eksisterande supportportal for brukarstøtte til kommunane (CRM-system). Løysinga inneber å leggje til rette for eit eige felt for registrering av tilbakemeldingar frå kommunane, med eigne skilde felt for det busettingsførebuande arbeidet i mottak og for overføringsflyktningar og privatbuande. Denne løysinga vil gjere det mogleg å skilje ut tilbakemeldingar som handlar om det busettingsførebuande arbeidet i mottak, slik at desse blir formidla vidare til ansvarlege i UDI for vidare oppfølging der dette er naturleg. UDI og IMDi vil utarbeide rutinar for handtering av både enkeltsaker og oppfølging av problemstillingar på overordna nivå.

Integreringsmottak

IMDi koordinerer den statlege innsatsen med integreringsmottak, som skil seg frå ordinære mottak ved at alle bebuarar over 18 år får tilbod om og er forplikta til å delta i eit fulltidsprogram. Tilbodet skal omfatte opplæring i norsk og samfunnskunnskap, arbeidsretta aktivitetar og kompetansekartlegging og karriererettleiing. Vertskommunen for mottaket, driftsoperatøren, karrieresenter og Nav gir ei felles tilråding om relevant busettingskommune, som IMDi legg til grunn i fordelingsarbeidet. Formålet med tilrådingsprosedyren er å sikre treffsikker busetting ved at flyktningar blir busette i kommunar med relevante tilbod om utdanning og arbeid.


Tilbodet om fulltidsprogram på integreringsmottak blir ikkje nytta for flyktningar frå Ukraina som kjem i ordninga for kollektivt beskyttelse. Asylsøkjarar frå Syria og Tyrkia utgjer framleis dei to største gruppene i fulltidsprogram på integreringsmottak. Det var 273 personar i

3.1 Busettinga er rask og treffsikker


fulltidsprogram på eitt av dei to integreringsmottaka i løpet av 2022. 98 personar blei busette frå integreringsmottak i 2022. Talet ligg dermed på omtrent same nivå som i 2021, då det blei busett 92 personar frå integreringsmottak. Flyktningane blei i all hovudsak busette i samsvar med tilrådinga.

I 2022 blei nye deltakarar til fulltidsprogrammet i integreringsmottaka i Steinkjer og Kristiansand rekrutterte frå inkomstsenteret eller direkte etter inkomst. Som følgje av høge inkomstar av fordrivne frå Ukraina var det ikkje stor nok kapasitet til å drive fullt rekrutteringsarbeid frå inkomstsenteret, og dette førte til forholdsvis få deltakarar i første halvdel av 2022. Semje mellom IMDi, UDI og dei to vertskommunane om at personar i målgruppa kunne sendast direkte til integreringsmottaka, førte til fleire deltakarar i andre halvdel av 2022. Dette kom av at vertskommunen hadde betre høve til å informere om tilbodet på integreringsmottak når personen i målgruppa allereie var fysisk til stades.

Opplæring i mottak




Deltakelse i norskopplæring i 2022 blant de som har plikt til opplæring



Deltakelse i opplæring i samfunnskunnskap i 2022 blant de som har plikt til opplæring

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Foreløpige tall for 2022



47%

av de som fikk rett og plikt til opplæring i 2022 startet innen tre måneder

65%


av de som fikk kollektiv beskyttelse i 2022 startet innen tre måneder

Introduksjonsprogram

Foreløpige tall for 2022

16 670

deltakere i løpet av 2022



48%

av de 2 948 personene som fikk rett og plikt til introduksjonsprogram i 2022 startet innen tre måneder

61%

av de som avsluttet introduksjonsprogram i 2020 var i arbeid eller utdanning ett år etter endt program

50%

71%



Kilde: SSB



Jobbsjansen

79%

av deltakerne som fullførte Jobbsjansen i 2021 gikk over i arbeid eller utdanning etter endt program

3.2 Målretta kvalifisering og inkluderande arbeidsgivarar

Det er eit hovudmål i integreringspolitikken at innvandrarar skal delta i arbeidslivet. Auka formell kompetanse og tilstrekkelege norskferdigheiter ein føresetnad for varig tilknytning til arbeidslivet. Kommunane, fylkeskommunane og andre sentrale sektorstyresmakter og aktørar må ha kompetanse om kvalifiseringsløp for flyktingar og innvandrarar med låge norskferdigheiter. Faglege tilrådingar og rettleiing om kvalifiseringsløp for nykomne flyktingar krev også vektlegging av innvandrarar med lengre butid, og IMDi driv kunnskapsbasert fagutvikling om kvalifisering og etnisk mangfald i arbeidslivet. IMDi skal vere ein pådrivar for utvikling av tilpassa kvalifiseringsløp på tvers av sektorar.

IMDi har i 2022 lagt til rette for kompetanseheving og erfaringsdeling for å sikre implementering av integreringslova som gjeld frå 1. januar 2021, og for å møte dei særlege behova for rettleiing og informasjon som følgde av situasjonen med mange fordrivne frå Ukraina.

I 2022 har svært mange fordrivne frå Ukraina søkt beskyttelse i Noreg. Stortinget vedtok våren 2022 tilpassingar i integreringslova for fordrivne frå Ukraina, med målsetjing om å gi kommunane fleksible rammer og sikre at personar med mellombels kollektivt beskyttelse kan delta i kvalifiseringstilbod som gir overgang til arbeid. Ulike lovverk og mellombelse reglar har, saman med at fleire kommunar har mange nyttilsette for å handtere volumet av nykomne, medført at behovet for rettleiing og teknisk støtte til kommunane har vore høgt i 2022.

Blant anna på bakgrunn av dei mange som har fått kollektivt beskyttelse i 2022, har IMDi lagt meir vekt på den rolla arbeidsgivarar har i kvalifiseringa av nykomne innvandrarar. IMDi har gjort dette gjennom å formidle rettleiing, informasjon og kunnskap, og ved verktøy som skal medverke til auka medvit om mangfald som ein ressurs hos arbeidsgivarar i offentleg og privat sektor, og hos partane i arbeidslivet.

Samordning, kompetanseheving og rettleiing for betre kvalifisering

Kvalifisering av nykomne innvandrarar inneber samarbeid mellom ansvarlege for introduksjonsprogram, vaksenopplæring, vidaregåande opplæring, arbeidsmarknadstiltak i regi av Nav og frivillig sektor. IMDi formidlar og legg til rette informasjon om kvalifiseringstiltak og tilskotsordningane våre og initierer forskning knytt til integrering

gjennom arbeid, kvalifisering og mangfald i arbeidslivet for å vidareutvikle dei faglege tilrådingane og rettleiinga vår.

IMDi forvaltar ei rekkje tilskotsordningar med mål om å medverke til auka sysselsetjing av innvandrarar. Tilskotsordningane *Jobbsjansen*, *Tilskot til utvikling av kommunale kvalifiserings- og integreringstiltak* og *Tilskot til etablering og gjennomføring av tilbod om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring* skal medverke til auka kvalitet på tilbodet i kommunane og fylkeskommunane.

IMDi skal medverke til at kommunane, fylkeskommunane og andre relevante aktørar jobbar kunnskapsbasert. Direktoratet gjennomfører evalueringar og FoU-prosjekt og følgjer opp prosjekt som mottok tilskot for å ta hand om behovet for rettleiing i kommunane og sikre utvikling av god praksis på tvers av kommunane i landet. Kommunane og fylkeskommunane har i 2022 fått tilbod om rettleiing og kompetansehevande tiltak gjennom blant anna prosjektsamlingar og deltaking på IMDi's fagverkstad.

Over 1 200 programrådgivarar, prosjekttilsette, leiarar, norsklærarar, Nav-rettleiarar, tilsette i fylkeskommunane og for første gong også arbeidsgivarar har delteke på til saman 17 fysiske konferansar, seminar og samlingar om kvalifisering og arbeidsliv.²⁰ *Fagressurs for introduksjonsprogrammet*, som skal sikre betre kvalitet i introduksjonsprogram, hadde i løpet av året over 27 000 unike besøkjande og meir enn 150 000 sidevisningar. Dette tyder på at IMDi's verkemiddel treffer behova i praksisfeltet.

Rettleiing, dialog og kunnskapsformidling

Kommunane har i 2022 måtta rette seg etter forskjellige regelverk for ulike målgrupper.

Integreringslova som tok til å gjelde 1. januar 2021, innførte meir obligatorisk innhald i introduksjonsprogrammet, differensiering av programtid og innføring av standardiserte element som skal medverke til høgare kvalitet i introduksjonsprogrammet.

I 2022 var det deltakarar i introduksjonsprogrammet som har vedtak med heimel i introduksjonslova og integreringslova. I begge desse gruppene er det deltakarar som også er omfatta av mellombelse reglar knytte til covid-19-pandemien.

Dei mellombelse føresegnene i integreringslova kap. 6A har som målsetjing å gi kommunane fleksible rammer og inneber blant anna at dei som er omfatta, har rett, men ikkje plikt til å

²⁰ Fagverkstad, kommunepanel, felles leiarsamling, mangfaldskonferanse, konferanse om fag- og yrkesopplæring, felles nettverkssamling for mottakarar av tilskot til utvikling av kommunale integrerings- og kvalifiseringstiltak og Jobbsjansen, i tillegg til nettverkssamling for mottakarar av tilskot til tiltak for auka etnisk mangfald i arbeidslivet.

delta i introduksjonsprogram og opplæring i norsk og verken plikt eller rett til opplæring i samfunnskunnskap.

IMDi har i 2022 gitt informasjon og rettleiing til kommunane om dei mellombelse føresegnene i integreringslova. Informasjonen er formidla gjennom brosjyrar, på IMDi nettsider, på *Fagressurs for introduksjonsprogrammet* og på IMDi webinar for kommunetilsette.²¹ IMDi har òg tilpassa informasjon direkte til dei fordrivne frå Ukraina på ukrainsk, russisk og engelsk.

Informasjonen IMDi får gjennom kommunepanelet, er eit nyttig supplement til andre meir systematiske kunnskapskjelder.²² IMDi arrangerte ei samling med kommunepanelet i juni 2022. Kommunane i panelet formidla at det er krevjande å balansere fleire lovverk samtidig, og melde om behov for avklaringar av regelverket og meir informasjon direkte til brukarar. Dei gav òg uttrykk for bekymring over at dei fleste deltakarane med mellombels kollektivt beskyttelse har kort tidsramme i introduksjonsprogrammet. Kommunane melde dessutan behov for kompetansehevande tiltak for programrådgivarar.

Implementering av integreringslova har framleis hatt høg prioritet i 2022, parallelt med rettleiing om kvalifisering og formidling til arbeid for personar med kollektivt beskyttelse. Sjå nærmare omtale av arbeidet med rettleiing under *Kvalifisering og formidling til arbeid for personar med kollektivt beskyttelse*.

Fagressurs for introduksjonsprogrammet og kompetansepakkar

Nettstaden *Fagressurs for introduksjonsprogrammet* er ein viktig kanal for å formidle kunnskap om integreringslova. Talet på unike brukarar av nettstaden har auka frå 17 966 i 2021 til 27 095 for i 2022. IMDi gjennomførte i februar 2022 ei undersøking om bruken av fagressursen eitt år etter lanseringa. Det var samla sett svært positive tilbakemeldingar, men det blei etterspurt meir rettleiing og konkrete verktøy til bruk i opplæringa.

Etterspurnaden blei følgt opp blant anna gjennom lanseringa av rettleiingsressursane for *Livsmeistring i eit nytt land* i april 2022. Rettleiaren for temaområda migrasjon, helse og

²¹ Webinar 1: *Innføring i praktisk busettingsarbeid* hadde 256 visningar, webinar 2: *Flyktingar frå Ukraina – kva treng dei frå kommunar og frivillige når dei kjem?* hadde 626 visningar, og webinar 3: *Kva inneber dei mellombelse endringane i integreringslova for kommunens arbeid med fordrivne frå Ukraina?* hadde 1 526 visningar.

²² IMDi oppretta eit kommunepanel i 2021. Formålet med kommunepanelet er at IMDi skal få høve til å følgje implementeringa av integreringslova gjennom fortløpande og uformelle tilbakemeldingar frå kommunane om tilrettelegginga for det første «kullet» av deltakarar i introduksjonsprogram etter at integreringslova tok til å gjelde. Panelet er samansett av éin kommune frå kvart fylke med ulike kjenneteikn når det gjeld for eksempel geografisk plassering, kor tettbygde dei er, og innbyggjartal.

mangfald²³ blei lansert i tett samarbeid med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), som samtidig lanserte rettleiar for temaområdet karrierekompetanse.²⁴

IMDi har i løpet av 2022 utvikla digitale kompetansepakkar som svar på oppdrag nr. 2022-08: *Kompetanseheving for programrådgivarar*. Dei digitale kompetansepakkane presenterer ulike tema i form av tekst, filmar, refleksjonsspørsmål og lenker til aktuelle nettstader. Kompetansepakkane omfattar tre tema: juridisk kompetanse, koordineringsrolla til programrådgivarar og migrasjonshelse. Juridisk kompetanse blei lansert på *Fagressurs for introduksjonsprogrammet* i desember 2022. Dei to neste blei lanserte i høvesvis januar og februar 2023.

Kompetanseheving gjennom fagverkstad

IMDi arrangerte ein fysisk fagverkstad den 28.–29. september 2022. Tema for konferansen var *Rusta for framtida! Samarbeid om kvalifisering*. Programmet tematiserte mangfald i arbeidslivet og eksempel på gode prosjekt både for deltakarar i introduksjonsprogrammet med høg kompetanse og for dei som hadde komme med lågare kompetanse, i tillegg til aktuell forskning på feltet, innblikk i korleis ein stor kommune jobbar med mangfald i arbeidslivet i praksis, og kva rolle frivillig sektor har i integreringa.

Konferansen var fullbooka med 400 fysiske og 133 digitale deltakarar. I evalueringa av konferansen svarte i underkant av 97 prosent av respondentane at programmet «i svært stor grad» eller «i ganske stor grad» var relevant for det daglege arbeidet deira.

ICDP-foreldrerettleiingskurs i introduksjonsprogrammet

I 2022 arrangerte IMDi, i samarbeid med Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) fire sertifiseringskurs i ICDP foreldrerettleiing for 66 kommunetilsette i 33 kommunar. Kompetansehevinga medverkar til at kommunane kan gi god og kompetent foreldrerettleiing til deltakarar i introduksjonsprogram. Frå og med 2021 er foreldrerettleiing obligatorisk for deltakarar som har eller ventar barn. Personar med kollektivt beskyttelse har rett til å delta i foreldrerettleiing i introduksjonsprogrammet. Formålet er å medverke til god integrering. I 2022 blei to av kursa haldne digitalt, mens to blei gjennomførte fysisk.

²³ [Veileder til temaområdet migrasjon, helse og mangfald](#)

²⁴ [Veileder for temaområdet karrierekompetanse](#)

Utvikling av effektive og gode utdannings- og opplæringstenester

IMDi har sidan 2021 samarbeidd med Arbeids- og velferdsdirektoratet og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse om å utvikle effektive og gode utdannings- og opplæringstenester for ledige, permitterte og utsette grupper på arbeidsmarknaden (oppdrag nr. 2021-28). IMDi har knytt *Forsøk med å utvikle ein nasjonal samarbeidsmodell for tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarak* (oppdrag nr. 2022-02) til dette felles oppdraget. Ei nærmare framstilling av forsøket er å finne under *Tilskot til utvikling av kommunale kvalifiserings- og integreringstiltak*.

Informasjon om studiefinansiering

IMDi har hatt dialog med Lånekassa i samband med publiseringa av informasjon om låne- og stipendordningar for fordrivne frå Ukraina i 2022. Personar med kollektivt beskyttelse har rett til flyktningstipend.

Felles leiarsamling

I mars 2022 arrangerte IMDi, Utdanningsdirektoratet, Arbeids- og velferdsdirektoratet og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse ei felles leiarsamling for fylkesutdanningssjefane, fylkesdirektørane i Nav og ansvarlege for integrering i fylkeskommunane, og representantar frå leiinga og nøkkelaktørar frå eige direktorat og KS. I 2022 var samlinga spesielt retta mot samarbeid mellom Nav, arbeidsgivarane og fylkeskommunane om tilrettelagde opplærings- og kvalifiseringsløp.

Andre samordnings- og rettleiingsaktivitetar på kvalifiseringsfeltet

Andre samordnings- og rettleiingsaktivitetar IMDi har gjennomført i 2022, omfattar

- ◆ ei felles nasjonal nettverkssamling for utvikling av kommunale kvalifiserings- og integreringstiltak og Jobbsjansen der det var erfaringsutveksling mellom prosjekta, kunnskapsdeling, samarbeid mellom prosjektet og fylkeskommunar og rettleiing om tilskot
- ◆ seks fylkesvise prosjektsamlingar for Jobbsjansen, med prosjektkommunar og representantar frå fylkeskommunane
- ◆ konferanse med alle fylkeskommunar om fag- og yrkesopplæring for vaksne
- ◆ bilaterale rettleiingsmøte med kommunar som mottek midlar gjennom IMDis søknadsbaserte tilskotsordningar

Brukarmedverknad for deltakarar i opplæring i norsk, samfunnskunnskap og introduksjonsprogram

I 2022 gjennomførte IMDi den tredje nasjonale brukarundersøkinga for deltakarar i introduksjonsprogram. I 2022 var personar som berre deltek i opplæring i norsk og samfunnskunnskap og ikkje i introduksjonsprogram, også i målgruppa.

Formålet med brukarundersøkinga er å identifisere korleis opplæringa kan forbe­trast nasjonalt og lokalt. 170 kommunar²⁵ la til rette for at deltakarar kunne svare på undersøkinga, og 6 723²⁶ deltakarar svarte. Ein rapport vil bli publisert våren 2023.

Kvalifisering og formidling til arbeid for personar med kollektivt beskyttelse

Kort programtid for mange flyktingar i 2022

Innføringa av integreringslova og differensiert programtid inneber at personar som har utdanning på vidaregåande nivå og høgare, har rett til introduksjonsprogram som varer inntil seks månader, med høve til seks månaders forlenging (kort programtid). Av 7 434 personar med kollektivt beskyttelse²⁷ som starta introduksjonsprogram i 2022, har ca. 5 prosent grunnskule eller ikkje fullført utdanning på vidaregåande nivå, mens ca. 14 prosent har fullført utdanning på vidaregåande nivå og 78 prosent har høgare utdanning. Dette inneber at ca. 91 prosent av dei som har kollektivt beskyttelse, har kort programtid.

For deltakarar med kort programtid er det spesielt aktuelt å delta i (fleksibelt) hurtigspor og førebuande kurs for høgare utdanning. I tillegg har deltakarar i introduksjonsprogram høve til å delta i høgare utdanning som komplementerer den høgare utdanninga dei har frå utlandet. For å kunne tilby deltaking i hurtigspor er det nødvendig at kommunane samarbeider tett med Nav, arbeidsgivarar og eventuelt arbeidsgivarnettverk.

Hurtigarbeidande arbeidsgruppe med Nav og partane i arbeidslivet

IMDi har delteke i ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe med partane i arbeidslivet og Arbeidstilsynet sidan mars 2022. Arbeidsgruppa har vore leidd av Arbeids- og

²⁵ 187 kommunar deltok i 2021.

²⁶ 2 242 deltakarar svarte på undersøkinga i 2021.

²⁷ Dette gjeld personar med kollektivt beskyttelse som har rett til og kan få tilbod om introduksjonsprogram.

velferdsdirektoratet. Dette har vore ein viktig arena for å formidle informasjon til partane, og for dialog om arbeidet med busetting, kvalifisering og formidling til arbeid for fordrevne frå Ukraina. Våren 2022 var det særleg behov for å informere partane i arbeidslivet om mottaks- og busettingsrutinar, gjeldande regelverk, status og utfordringar i mottaket og busettinga av fordrevne frå Ukraina.

Arbeidsgruppa har vore eit nyttig forum i arbeidet med å utvikle rettleiingsmateriell om samarbeidsmodellen *fleksibelt hurtigspor* og rettleiing frå Nav om korleis personar som har fått innvilga kollektivt beskyttelse, kan gå direkte i arbeid utan deltaking i introduksjonsprogram. Gjennom arbeidsgruppa har IMDi og Arbeids- og velferdsdirektoratet fått viktige innspel til innhald, utforming og formidling av rettleiingsmaterialet frå partane i arbeidslivet.

Rettleiing om fleksibelt hurtigspor

IMDi og Arbeids- og velferdsdirektoratet har på oppdrag frå departementet utvikla rettleiing til arbeidsgivarar, kommunar og Nav-kontor om formidling til arbeid og bruk av eit fleksibelt hurtigspor tilpassa personar med mellombels kollektivt beskyttelse. Målet er at kommunen, Nav-kontor og arbeidsgivarar skal samarbeide om tilpassa arbeidstretta løp for deltakarar i introduksjonsprogrammet som har kompetanse og erfaring som norsk arbeidsliv treng.

IMDi har avgrensa informasjon om erfaringane med fleksibelt hurtigspor, men kommunane vil rapportere på deltaking i fleksibelt hurtigspor frå 2023. Informasjon frå kommunane tyder på at erfaringane er varierte.

I Statsforvaltarens fellestenesters (STAF) *Kartlegging til statsforvalteren og nasjonale myndigheter av kommunens situasjonsbilde*, gjennomført i første del av januar 2023, svarte 60 av 219 kommunar at dei har deltakarar i fleksibelt hurtigspor. Ved oppfølging av svara frå enkelte kommunar, og gjennom tilbakemeldingar frå kommunepanelet, kjem det fram at det rår ei viss forvirring rundt omgrepet fleksibelt hurtigspor og kven som skal reknast som deltakarar. Kommunane fortel om tett samarbeid med Nav og/eller arbeidsgivarar om deltakarar som har mål om å komme raskt i arbeid, utan at dei nødvendigvis nyttar nemninga fleksibelt hurtigspor. Andre kommunar viser til «variantar av hurtigspor» der ein i varierende grad følgjer eller søkjer å følgje tilrådingane for fleksibelt hurtigspor. Eksempel på verkemiddel som har vore nemnde, er bruk av jobbspesialistar tilsette i Nav, oppgåvegledning i kommunale stillingar og bruk av integreringstilskotet for å finansiere kommunale kvalifiseringstiltak.

Nokre kommunar har meldt om manglande tiltaksmidlar i Nav, noko som medfører at få eller ingen deltakarar i introduksjonsprogram har fått tilbod om deltaking i fleksibelt hurtigspor i 2022. IMDi vil følgje opp dette i 2023, sidan arbeidsmarknadstiltak finansierte av Nav ikkje er ein føresetnad for deltaking i hurtigspor.

Ekstra studieplassar til fordrivne frå Ukraina

For studieåret 2022/2023 oppretta Kunnskapsdepartementet 1 000 ekstra studieplassar til fordrivne frå Ukraina.²⁸ Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har hatt ansvar for å samordne tiltaket, og IMDi har komme med innspel og kunnskap i arbeidet. Studieplassane skal medverke til at flyktningar med behov for å komplementere den utanlandske utdanninga si skal få relevante tilbod, slik at dei kan nytte kompetansen sin i Noreg.

Opplæring for asylsøkjjarar i mottak

Integreringslova legg til rette for at asylsøkjjarar får tidleg kjennskap til norsk språk og samfunnsliv. Vertskommunar for mottak har ansvar for å tilby asylsøkjjarar 175 timar opplæring i norsk og 25 timar samfunnskunnskap. Asylsøkjjarar i mottak har plikt til å delta i opplæringa.²⁹ Målet med norskopplæringa er å gi asylsøkjjarar eit ferdigheitsnivå i norsk som set dei i stand til å bruke eller byggje vidare på kompetansen sin i utdanning, arbeid og samfunnsliv. Målet med opplæringa i samfunnskunnskap er å gi asylsøkjjarar ein tidleg introduksjon til norske lover, verdiar og kultur.

I 2022 hadde 2 153 asylsøkjjarar plikt til å delta i norskopplæring i mottak, ein auke på nesten 400 prosent frå 2021. Av desse deltok 1 086 i opplæring i 2022. Delen som deltok i opplæring, var 50 prosent, ein nedgang på 18 prosenteningar frå 2021.

Tal for 2022 viser at 451 asylsøkjjarar deltok i opplæring i samfunnskunnskap i mottak (av 2 150 asylsøkjjarar med plikt til å delta i opplæring). Dette tilsvarer ein deltakingsdel på 21 prosent, ein nedgang på 23 prosenteningar frå 2021.

Blant asylsøkjjarane med plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap finn vi òg 136 ukrainske statsborgarar som seinare fekk innvilga kollektivt beskyttelse. Desse har stort sett søkt om asyl før dei mellombelse reglane i integreringslova for personar med opphaldsløyve etter utlendingslova § 34 blei innført. Asylsøkjjarar som er i målgruppa for ordninga med kollektivt beskyttelse, har etter mellombelse reglar ikkje plikt til å delta i opplæring mens dei bur i mottak. Ukraina-situasjonen kan likevel ha påverka måloppnåinga for opplæring av andre asylsøkjjarar, sidan vertskommunar for mottak også er busettingskommunar. Rektorar for vaksenopplæringane har meldt om utfordringar med å byggje opp kapasiteten i tråd med det auka busettingsbehovet. Dette kan ha påverka opplæringstilbodet til asylsøkjjarar i mottak.

²⁸ Utdanningsinstitusjonane har rapportert til Kunnskapsdepartementet at 540 av 1 000 studieplassar er nytta. Kjelde: HK-dir.

²⁹ Asylsøkjjarar i målgruppa for kollektivt beskyttelse har unntak frå plikt til å delta i opplæring i mottak etter integreringslova § 37 a.

Vertskommunane melder om at det er meir krevjande å tilby opplæring i samfunnskunnskap enn å tilby opplæring i norsk. Opplæringa i samfunnskunnskap skal vere tilpassa deltakargruppa og på eit språk som dei forstår. Dette medfører utfordringar med å samle tilstrekkeleg store homogene grupper.

Delen asylsøkjjarar som deltek i opplæring, blir også påverka av UDIs behandlingstid for ordinære asylsøkjjarar. Dersom UDI gjer vedtak raskt, vil opphaldstida i mottak vere kort, og det gjer det utfordrande for vertskommunane å tilby opplæring tidsnok. Tal frå 2022 viser at 51 prosent av målgruppa hadde under 12 veker til å starte og gjennomføre opplæringa før dei fekk innvilga vedtak om opphald. Berre 7 prosent starta opplæring innan 2 veker etter innkomst til mottaket.

For å auke deltakinga og kvaliteten på opplæringa har IMDi i 2022 arbeidd vidare med eit nettverk for vertskommunar for asylmottak som blei oppretta i 2020. I 2022 har hovudvekta vore lagd på rask oppstart, kvalitet og omfang av tilbodet. Nettverket er ein arena for samarbeid, erfaringsutveksling og kompetanseutvikling. I 2022 har IMDi arrangert ei digital fellessamling, fleire digitale arbeidsmøte og to fysiske nettverkssamlingar i høvesvis Ringsaker og Kinn kommune.

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for nykomne innvandrarak

Eit av dei viktigaste tiltaka for at nykomne innvandrarak skal bli kvalifiserte for deltaking i arbeids- og samfunnslivet, er opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Førebelse tal for 2022 viser at 28 782 personar deltok i opplæring i norsk (22 384 deltakarak i 2021) og samfunnskunnskap i løpet av året. Om lag 5 av 10 deltakarak i norskopplæringa var også deltakarak i introduksjonsprogrammet (6 av 10 i 2021).

Tabell 3-2-1. Deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap, etter grunnlag for retten. Tal på personar. 2015–2022

År	2017	2018	2019	2020	2021	2022*
Deltakarar med rett og plikt	42 227	38 479	31 672	24 009	20 230	17 254
Deltakarar med plikt	1 836	1 766	2 060	2 163	2 106	2 120
Deltakarar med rett etter introduksjonslova**	488	370	296	81	48	26
Deltakarar med kollektivt beskyttelse med rett til norskopplæring***	-	-	-	-	-	9 382
Totalt	44 551	40 615	34 028	26 253	22 384	28 782

* Førebelse tal.

** Deltakarar etter introduksjonslova i alderen 55–67 år.

*** Personar med kollektivt beskyttelse har rett til å delta i norskopplæring, men verken rett eller plikt til å delta i samfunnskunnskap. Kor mange som deltek i samfunnskunnskap, kjem ikkje fram i tabellen. Deltakarar etter mellombelse reglar i integreringslova § 37 d.

Kjelde: NIR

Rask oppstart i norskopplæring

Kommunane har plikt til å gi norskopplæring til personar med kollektivt beskyttelse og opplæring til personar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Tilbodet skal dei gi så snart som råd og seinast innan 3 månader etter folkeregistrering i kommunen.

Førebelse tal for personar som fekk rett og plikt eller berre rett til norskopplæring i perioden 1.1.2022–30.9.2022, viser ein noko lågare prosentdel med oppstart innan 3 månader enn tidlegare år. Tala viser at av personar med rett og plikt starta 47 prosent opplæring innan 3 månader, mens av deltakarane med rett (personar med kollektivt beskyttelse) starta 65 prosent³⁰ norskopplæring innan 3 månader. Vi reknar med at forskjellen mellom deltakarar med rett og plikt og deltakarar med rett kjem av ulik målemetode³¹ og ikkje faktiske forskjellar.

Blant dei 5 620 personane som fekk rett og plikt til opplæring i 2021, starta 49 prosent i norskopplæringa innan 3 månader, mens tilsvarande del var 48 prosent i 2020. Kommunar

³⁰ Personar som fekk innvilga kollektivt beskyttelse før innføringa av mellombelse føresegner i integreringslova 6A våren 2022, fekk kategorien «rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap», før dette blei endra til «rett til norskopplæring». Desse er her viste i «rett»-gruppa. Oppstart norskopplæring for personar med kollektivt beskyttelse som først fekk rett og plikt til norsk og deretter rett til norsk, er rekna frå datoen personen fekk rett og plikt.

³¹ Målinga av oppstart for dei med rett og plikt til norskopplæring er gjord på bakgrunn av første norsktime, mens målinga av oppstart for personar med rett til norskopplæring er gjord på bakgrunn av startdato i vedtak om norskopplæring.

melde både i 2020 og 2021 at det i periodar var utfordrande med kartlegging og igangsetjing av norskopplæring for nye deltakarar på grunn av smittebeskyttelsesrestriksjonar. I «normalåret» 2019 starta 52 prosent av deltakarane i norskopplæring innan 3 månader. På lik linje med tidlegare år startar også deltakarar i introduksjonsprogram noko raskare i norskopplæring enn resten av målgruppa i 2022.³²

Tabell 3-2-2. Personar som fekk rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og som startar i opplæring innan 3 og 6 månader. Tal og prosentdel. 2017–2022

Kohort	Personar som fekk rett og plikt	Prosentdel som starta i opplæring innan 3 månader	Prosentdel som starta i opplæring innan 6 månader**
2017	11 721	48 %	70 %
2018	8 453	50 %	67 %
2019	7 282	52 %	71 %
2020	4 942	48 %	70 %
2021	5 620	49 %	68 %
2022 *	4 165	47 %	65 %

* Førebelse tal. Inkluderer ikkje deltakarar med berre rett til norskopplæring (under dette personar med kollektivt beskyttelse). Gjeld perioden 1.1.–30.9.2022. Oppstart i norskopplæring er rekna ut frå tida som har gått frå personen kom inn i målgruppa for norskopplæring, til første registrerte norsktime.

** Inkluderer personar som starta innan 3 månader.

Kjelde: NIR

Tabell 3-2-3. Personar som fekk rett til opplæring i norsk (personar med kollektivt beskyttelse), og som starta i opplæring innan 3 og 6 månader i perioden 1.1.–30.9.2022. Tal og prosentdel

Kohort	Personar som fekk rett	Prosentdel som starta i opplæring innan 3 månader	Prosentdel som starta i opplæring innan 6 månader**
2022*	10 774	65 %	79 %

* Førebelse tal. Oppstart norskopplæring er rekna ut frå tida som har gått frå personen fekk rett til norsk, til startdatoen i vedtaket om norskopplæring. Personar med kollektivt beskyttelse som først fekk kategorien «rett og plikt til norskopplæring» for deretter å bli endra til «rett til norskopplæring» (som følgje av mellombelse føresegnar i integreringslova kap. 6A), er her viste i «rett»-gruppa. Oppstart i norskopplæring er rekna frå datoen personen fekk rett og plikt til norskopplæring.

** Inkluderer personar som starta innan 3 månader.

Kjelde: NIR

³² Førebelse tal viser at 53 prosent av personane med rett og plikt til introduksjonsprogram starta i norskopplæring innan 3 månader i 2022 (periode 1.1.–30.9.22).

Førebelse tal for 2022 viser dermed noko seinare oppstart i norskopplæring samanlikna med tidlegare år. Det er likevel stor variasjon mellom kommunane når det gjeld kor mange månader det tek før deltakarane begynner i norskopplæring. Ein noko seinare oppstart i norskopplæring i 2022 enn tidlegare år har fleire forklaringar. Det kan blant anna komme av at kommunane ikkje er à jour med registreringar i NIR, og/eller manglande overføring av data frå kommunale fagsystem til NIR. IMDi legg til grunn at kapasitetsutfordringar i kommunen også har medført forseinka oppstart i norskopplæringa.

Ny ordning i samfunnskunnskap med verknad frå 1. januar 2022

Den nye samfunnskunnskapsordninga gjeld for personar som får innvilga opphaldsløyve som gir rett og/eller plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, og ordninga tok til å gjelde 1.1.2022.³³ Deltakarane skal frå 2022 gjennomføre 75 timar opplæring i samfunnskunnskap. Opplæringa skal gjennomførast på eit språk deltakarane forstår, og innan eitt år etter at retten og plikta tok til å gjelde.

Førebelse tal for 2022 viser at det er 5 769 personar med rett og plikt til 75 timar samfunnskunnskap, og 803 personar (14 prosent av målgruppa) har begynt opplæringa.³⁴ Ei mogleg årsak til at ein låg prosentdel har delteke i samfunnskunnskap i 2022, er at kommunane ikkje er à jour med registreringar i NIR, og at det kan vere utfordringar knytte til overføring av registreringar frå fagsystema i kommunane til NIR. I tillegg erfarer IMDi at nokre kommunar ikkje klarer å tilby opplæring på eit språk deltakarane forstår, før fristen er ute. Vi vil sjå nærmare på kor mange dette gjeld.

Deltakarane har plikt til å gå opp til avsluttande prøve i samfunnskunnskap innan eitt år etter at retten/plikten tok til å gjelde. IMDi reknar med at personar som ikkje har fått opplæringstilbod frå kommunen innan fristen på eitt år, truleg unntaksvis avlegg prøve i samfunnskunnskap innan fristen. Resultat frå samfunnskunnskapsprøver avlagde i 2022 vil liggje føre våren 2023.

Karriererettleiing i kommunane

Etter busetting, men før oppstart i introduksjonsprogrammet, skal personar i målgruppa for introduksjonsprogrammet delta i karriererettleiing i regi av karrieresentera i

³³ Personar med kollektivt beskyttelse har verken rett eller plikt til å delta i samfunnskunnskap, men kommunane kan velje å tilby opplæring i samfunnskunnskap.

³⁴ I tillegg fekk 14 deltakarar vedtak om fritak frå samfunnskunnskap.

fylkeskommunane. Dette skal danne grunnlag for innhald og målsetjingar til den enkelte deltakaren i introduksjonsprogrammet.³⁵

Karriererettleiing etter integreringslova § 11

Frå 2021 fekk fylkeskommunane ei lovpålagd oppgåve med å gi karriererettleiing til personar i målgruppa for introduksjonsprogrammet (jf. integreringslova § 11). Karriererettleiinga skal byggje på den gjennomførte kompetansekartlegginga. Målet er at karriererettleiinga skal medverke til at den enkelte kan ta reflekterte val om kvalifisering, utdanning og arbeid, og at introduksjonsprogrammet blir tilpassa behova til kvar enkelt. Formålet er også at introduksjonsprogrammet skal bli meir målretta og dermed medverke til meir varig tilknytning til arbeidslivet for den enkelte.

Karriererettleiaren kan skrive eit notat i IMDinett med tilråding for slutt mål og programinnhald i introduksjonsprogrammet. Notatet blir synleg for den busettingskommunen som skal gjere vedtak om introduksjonsprogrammet.

Av dei som tok til i introduksjonsprogrammet i løpet av 2022, er 24 prosent registrerte med eit fullført notat frå karriererettleiaren i IMDinett (79 prosent i 2021). For personar utan kollektivt beskyttelse ligg det tilsvarande talet på 74 prosent.

Kompetansekartlegging og karriererettleiing var ei ny oppgåve for høvesvis kommunar og fylkeskommunar i 2021, og IMDi brukte eit breitt verkemiddelapparat for å støtte aktørane med oppgåvene i 2021. I 2022 har IMDi fått få førespurnader frå fylkeskommunane om at dei treng systemstøtte, eller innmeldingar om systemfeil når dei skal nytte IMDinett for å registrere karriererettleiinga.

IMDi har jamlege møte med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), som har ansvar for den faglege oppfølginga av karriererettleiarane. IMDi har også delteke på fleire nettverkssamlingar for karriererettleiarar i regi av HK-dir. IMDi har inntrykk av at samarbeidet mellom fylkeskommunane og kommunane går smidig, men opplever at fleire av aktørane melder inn ønske om betre systemstøtte og informasjonsdeling. IMDi jobbar med å utvikle ei forbetra løysing for notat frå karriererettleiarar i vidareutviklingsprosjektet for IMDinett Busetting.

³⁵ Personar med kollektivt beskyttelse har rett, men ikkje plikt til å gjennomføre karriererettleiing etter integreringslova § 37 b.

Karriererettleiing for personar med kollektivt beskyttelse

Etter mellombelse reglar i integreringslova kapittel 6A har personar med kollektivt beskyttelse rett, men ikkje plikt til å gjennomføre karriererettleiing.

697 busette personar med kollektivt beskyttelse fekk karriererettleiing registrert i IMDinett i 2022. Ei undersøking frå HK-dir sommaren 2022 viser at berre kvart tredje karrieresenter opplyser at dei bruker notat i IMDinett som registreringsverktøy. IMDi har berre oversikt over individuelle karriererettleiingar som er registrerte i IMDinett, og har derfor ikkje oversikt over alle individuelle karriererettleiingar som er gjennomførte. Mange kommunar opplyser òg at dei vil gjennomføre karriererettleiing i grupper, som ikkje blir registrert i IMDinett.

Fylkeskommunane har gitt tilbakemelding om at det har vore ressursmessig krevjande å gi tilbod om karriererettleiing til personar med kollektivt beskyttelse. Dette kan ha påverka arbeidet med karriererettleiing for andre grupper med rett og plikt.

Introduksjonsprogrammet

Mange fordrivne frå Ukraina medførte press på kapasiteten i kommunane til å oppfylle krava i introduksjonslova og integreringslova i 2022. Kapasitetsutfordringane og kompleksiteten i lovverka, med ulike reglar for ulike grupper av nykomne, har særleg medført utfordringar knytte til rask oppstart i introduksjonsprogram. Dette vil også kunne komme til å påverke i kva grad kommunane differensierer og gir individuell tilpassing av introduksjonsprogrammet.

Informasjon frå kommunane og registreringar i NIR viser at kommunane i ulik grad har lykkast med å tilby både rask oppstart og individuelt tilpassa opplæring i 2022. Manglande kompetanse og erfaring blant nokre av dei nye busettingskommunane kan òg føre til at introduksjonsprogram har fått lågare kvalitet enn ønskeleg.

Deltaking i introduksjonsprogram

Førebelse tal viser at det var totalt³⁶ 16 670 personar som deltok i introduksjonsprogram i 2022. Av desse var 9 997³⁷ nye deltakarar.

³⁶ Inkluderer personar med rett og plikt til introduksjonsprogram, personar med rett til dette og personar som kan få tilbod om program.

³⁷ Inkluderer personar med rett og plikt til introduksjonsprogram, personar med rett til dette og personar kommunen kan velje å tilby program.

Delen kvinnelege deltakarar i introduksjonsprogram i 2022 har auka frå tidlegare år. Kvinnedelen var i 2022 på 67 prosent, mens kvinner utgjorde 60 prosent i 2021 og 56 prosent i 2020.

Tabell 3-2-4. Deltakarar i introduksjonsprogram, nye deltakarar og deltakarar som har avslutta program. Tal på personar. 2017–2022.

År	2017	2018	2019	2020	2021	2022*
Deltakarar i alt	28 944	27 141	20 968	13 942	10 595	16 670
Deltakarar med rett og plikt	28 811	27 067	19 262	12 727	9 716	8 623
Deltakarar som kan få tilbod om program	133	74	1 706	1 215	879	613
Deltakarar med kollektivt beskyttelse og rett	-	-	-	-	-	7 047
Deltakarar med kollektivt beskyttelse som kan få tilbod om program	-	-	-	-	-	387
Nye deltakarar						
Nye deltakarar	9 672	4 419	3 072	2 227	2 246	9 997
Deltakarar som avslutta						
Deltakarar som avslutta	6 391	8 310	8 207	4 820	3 292	2 151

* Førebelse tal.

Kjelde: SSB og NIR

Rask oppstart i introduksjonsprogram

Av dei 2 948³⁸ personane som fekk rett og plikt til introduksjonsprogram i 2022,³⁹ starta 48 prosent i programmet innan 3 månader (førebelse tal). Dette er ein noko lågare prosentdel enn i 2021,⁴⁰ då 55 prosent starta innan 3 månader.⁴¹ Av personane med rett til introduksjonsprogram (personar med kollektivt beskyttelse) starta 52 prosent innan 3 månader. IMDi har førebels ikkje ei god forklaring på forskjellane i tala for dei ulike gruppene, og det er uklart om forskjellane er reelle og signifikante.

Det har i 2022 vore lang saksbehandlingstid ved Folkeregisteret (6–12 veker), og folkeregistrert adresse i kommunen er ein føresetnad for at kommunen skal kunne registrere

³⁸ Inkluderer personar med rett og plikt til introduksjonsprogram.

³⁹ Gjeld perioden 1.10.2021–30.9.2022.

⁴⁰ Gjeld perioden 1.10.2020–30.9.2021.

⁴¹ I 2021 hadde 80 prosent starta introduksjonsprogram innan 6 månader.

oppstart i introduksjonsprogram.⁴² Dette vil kunne gi utslag på statistikken, som då ikkje speglar faktisk tid frå busetting til oppstart. Det kan også ha ført til at personar har måtta vente lenger på oppstart av introduksjonsprogram. Moglege årsaker til at ein noko lågare prosentdel av deltakarane i 2022 har rask oppstart i introduksjonsprogram, kan òg vere kapasitetsutfordringar i kommunane som følgje av at det kom mange fordrivne frå Ukraina. IMDi bad kommunane om å vente med oppstart for personar med kollektivt beskyttelse til dei mellombelse føresegnene i integreringslova tok til å gjelde (15. juni 2022). Dette kan ha medført at nokre måtte vente lenger på oppstart enn normalt.

Frå desember 2022 har IMDi stilt spørsmål til kommunane gjennom Statsforvaltarens fellestenesters (STAF) *Kartlegging til statsforvalteren og nasjonale myndigheter av kommunens situasjonsbilde*. IMDi har stilt spørsmål blant anna om korleis kommunane vurderer tida frå busetting til oppstart i introduksjonsprogram for personar med kollektivt beskyttelse, samanlikna med ein meir ordinær situasjon.

Dei fleste kommunane (58 prosent) som svarte på dette spørsmålet⁴³ i starten av januar 2023, svarte at det gjennomsnittleg har teke like lang tid, mens 21 prosent svarte at det har teke lengre eller mykje lengre tid, og 19 prosent svarte at det har teke kortare eller mykje kortare tid.

I andre halvdel av 2022 melde nokre kommunar at enkelte personar som blei busette i løpet av sommaren, starta introduksjonsprogrammet først til hausten. Grunngivinga var blant anna den korte programtida som dei fleste deltakarar med kollektivt beskyttelse har til rådvelde, og at ein meinte det ville blir utfordrande å tilby eit godt innhald i programmet om sommaren.

Andre kommunar viste til at Nav lokalt ikkje hadde tilgjengelege tiltaksmidlar hausten 2022, og at dette i kombinasjon med kort programtid var ei utfordring med tanke på rask oppstart. Det var eit medvite val å utsetje oppstarten og heller sørgje for livsopphald til dei nyleg busette gjennom sosialstøtte. Men IMDi har òg vore i kontakt med kommunar som har meldt at gjennomsnittleg tid for oppstart var på same nivå eller raskare enn vanleg. Kommunane har då gitt som grunn at det har vore færre formelle krav å ta omsyn til når det gjeld personar med kollektivt beskyttelse, og at det har gått raskare å få D-nummer og bankkonto. Samtidig melde fleire av desse kommunane at dei i løpet av andre halvår av 2022 hadde nådd eit punkt der kommunen ikkje hadde tilstrekkeleg kapasitet for eksempel når det gjeld lærarressursar, og at oppstarten på slutten av året derfor ikkje gjekk like raskt som tidlegare i 2022.

⁴² Flyttedatoen vil bli tilbakedatert i NIR når ein person som har måtta vente på å bli registrert i Folkeregisteret, først blir det. Det er likevel uvisst kva kommunane har gjort slike situasjonar. For eksempel om personen har fått starte i introduksjonsprogrammet før vedkommande er registrert med riktig informasjon i NIR, om kommunen vil tilbakedatere vedtak, og så vidare. Truleg har praksisen vore noko ulik frå kommune til kommune.

⁴³ N = 222.

Tiltak i introduksjonsprogrammet

Førebelse tal viser at ein relativt høg prosentdel av deltakarane ikkje har registrerte tiltak i introduksjonsprogrammet i 2022.

På bakgrunn av at om lag 2 av 5 deltakarar står utan registrert tiltak i løpet av 2022, vil IMDi vente med å gjennomføre analyse og vurderingar av tiltak i introduksjonsprogrammet til endelege data for 2022 ligg føre.⁴⁴ Førebelse tal tyder likevel på ein lågare tiltaksaktivitet samanlikna med tidlegare år.

I tråd med mellombelse føresegner i integreringslova vil personar med kollektivt beskyttelse kunne starte introduksjonsprogram utan først å ha gjennomført karriererettleiing. Dette kan ha medført at tiltak i introduksjonsprogrammet er mindre individuelt tilpassa, og at delen med både arbeidsretta og utdanningsretta tiltak truleg er lågare enn behovet.

Delen som deltek i arbeidsretta tiltak i 2022, er truleg redusert samanlikna med 2021. For deltakarar med kort programtid og mål om rask overgang til arbeid, er arbeidsretta tiltak mest relevant, eventuelt kombinert med godkjenning/vurdering av gjennomført utanlandsk utdanning.

Deltaking i tiltak som gir formelle kvalifikasjonar innanfor introduksjonsprogrammet, skal medverke til å gjere høg yrkesdeltaking mogleg og er særleg viktig blant deltakarar med lite eller inga utdanning. Førebelse tal for 2022 viser at delen med programinnhald som gir formelle kvalifikasjonar, er lågare samanlikna med tidlegare år.

Det kan vere verdt å merke seg at deltaking i utdanningsretta tiltak vanlegvis kjem *etter* ein oppstartperiode i introduksjonsprogrammet, der norskopplæring er det mest sentrale elementet. I 2022 starta dei fleste nye deltakarar i introduksjonsprogram i løpet av andre halvår. For mange deltakarar var det derfor ikkje praktisk mogleg å starte utdanningsretta tiltak allereie i 2022.

Førebelse tal viser at blant deltakarar med rett til introduksjonsprogram (personar med kollektivt beskyttelse) er delen som har utdanningsretta tiltak i programmet, lågare enn blant andre deltakarar.⁴⁵ Dette er ein naturleg konsekvens av at fordrivne frå Ukraina har eit høgt utdanningsnivå og dermed mindre behov for utdanningsretta tiltak på grunnskulenivå og vidaregåande nivå samanlikna med andre grupper. Derimot vil ukrainske fordrivne med høgare utdanning kunne ha behov for å komplementere den utanlandske utdanninga si ved norske universitet og høgskular for å kunne bruke utdanninga på den norske arbeidsmarknaden. Undersøkingar viser at innvandrarar med heile eller delar av utdanninga

⁴⁴ Kommunane har 2 månaders etterregistreringstilgang. Data vil liggje føre etter 28.2.2023.

⁴⁵ Førebelse tal viser at blant deltakarar med kollektivt beskyttelse har 2 prosent utdanningsretta tiltak i programmet i 2022, mens det tilsvarande talet blant andre grupper er 28 prosent.

gjennomført ved norske utdanningsinstitusjonar i større grad får brukt kompetansen sin enn dei med utdanning berre frå utanlandske utdanningsinstitusjonar.⁴⁶

Grunnskule som tiltak i introduksjonsprogrammet

Førebelse tal for 2022 viser at 10 prosent⁴⁷ (1 684 deltakarar) deltok i grunnskuleopplæring i introduksjonsprogrammet,⁴⁸ og det er ein sterk nedgang frå 25 prosent i 2021.

Behovet for grunnskuleopplæring var lågare i 2022 enn tidlegare år som følgje av at ein stor del av deltakarane i 2022 er fordrivne frå Ukraina som har høgare utdanningsnivå enn andre flyktninggrupper. Blant personar med kollektivt beskyttelse har berre 5 prosent i aldersgruppa 18–54 år grunnskule eller lågare som høgaste registrerte utdanningsnivå, mens 95 prosent har utdanning på vidaregåande nivå eller høgare utdanning (kjelde: IMDi-nett). IMDi ser det likevel slik at delen som deltok i grunnskuleopplæring i introduksjonsprogrammet, er for låg blant personar med rett og plikt, det vil seie andre flyktninggrupper enn personar med kollektivt beskyttelse, som starta introduksjonsprogram i 2022. Blant desse har 46 prosent inga utdanning eller grunnskule som høgaste utdanningsnivå.

Vidaregåande opplæring som tiltak i introduksjonsprogrammet

Førebels tal for 2022 viser at 5 prosent (841 deltakarar) deltok i vidaregåande opplæring i introduksjonsprogrammet,⁴⁹ og det er ein nedgang frå 11 prosent i 2021.

Delen som deltek i vidaregåande opplæring i introduksjonsprogrammet, er, til liks med 2021, ikkje tilstrekkeleg, sett opp mot måla i integreringspolitikken og behova til deltakarane. Gitt utdanningsnivået til deltakarane og krava i norsk arbeidsliv burde ein høgare prosentdel delta i vidaregåande opplæring innanfor rammene av introduksjonsprogrammet.

Det kan vere krevjande å oppfylle intensjonane i integreringslova om vidaregåande opplæring som del av introduksjonsprogrammet, dersom det ikkje er tilgjengelege tilbod tilpassa behova i målgruppa. IMDi er kjent med at alle fylka i landet tilbyr tilrettelagd fag- og yrkesopplæring, men i ulikt omfang og innanfor ulike fagretningar. Klassene er prosjektbaserte⁵⁰ og blir derfor tilbodne i avgrensa omfang. I praksis vil derfor ikkje alle kommunar som buset flyktningar, ha tilgang til tilrettelagd fag- og yrkesopplæring. IMDi

⁴⁶ SSB Analyse 2021/06.

⁴⁷ Førebelse tal viser at 18 prosent av deltakarar med rett og plikt og 5 promille av deltakarar med rett (personar med kollektivt beskyttelse) deltok i grunnskuleopplæring. (Blant deltakarar som kan få tilbod om program, 987 deltakarar, deltok 12 prosent i grunnskuleopplæring.)

⁴⁸ Førebelse tal viser at 24 prosent av deltakarar etter introduksjonslova deltok i grunnskuleopplæring, mens tilsvarande del berre var 3 prosent blant deltakarar etter integreringslova.

⁴⁹ Førebelse tal viser at 9 prosent av deltakarane med rett og plikt og 3 promille av deltakarane med rett deltok i vidaregåande opplæring (personar med kollektivt beskyttelse).

⁵⁰ Prosjektfinansiering skjer gjennom ulike typar tilskotsordningar og ikkje berre via IMDi ordningar.

tilskot til etablering og gjennomføring av tilrettelagd fag- og yrkesopplæring og forsøk for å utvikle ein nasjonal samarbeidsmodell for tilrettelagd fag- og yrkesopplæring, er tiltak som på lengre sikt skal medverke til å få betre samarbeid om fleire gode fylkeskommunale tilbod tilpassa behova til målgruppa.

Slutt mål for deltakarar under 25 år utan utdanning på vidaregåande nivå

Det er ei målsetjing i integreringslova at deltakarar under 25 år utan tidlegare utdanning på vidaregåande nivå primært skal fullføre vidaregåande opplæring. Tabellen under viser at slutt mål for ein høg prosentdel av målgruppa er på eit lågare ambisjonsnivå: berre 38 prosent hadde slutt mål om å fullføre vidaregåande opplæring i 2022 (førebelse tal).

IMDi hadde opphavleg planar om å sjå nærmare på korleis kommunane arbeidde med denne målgruppa i 2022, men har måtta prioritere arbeid knytt til inkomsten av mange fordrivne frå Ukraina.

I tillegg til dei 38 prosentane av deltakarar under 25 år som hadde som slutt mål å fullføre vidaregåande opplæring i 2022, hadde 23 prosent som slutt mål å fullføre *delar* av vidaregåande opplæring. Dette inneber at omtrent halvparten av deltakarane under 25 år hadde som slutt mål å fullføre anten heile eller delar av vidaregåande opplæring i 2022. Delen som har som slutt mål å fullføre vidaregåande opplæring blant dei under 25 år, er omtrent uendra frå 2021. I 2021 hadde 36 prosent som slutt mål å fullføre vidaregåande opplæring, og 24 prosent hadde som slutt mål å fullføre delar av vidaregåande opplæring.

Tabell 3-2-5. Slutt mål for deltakarar under 25 år som har rett og plikt til introduksjonsprogram, og som ikkje har fullført utdanning på vidaregåande nivå ved oppstart i introduksjonsprogram i 2021 og 2022

Slutt mål	2021		2022*	
	Deltakara r	Prosentde l	Deltakara r	Prosentde l*
Arbeid – har ikkje utdanning på vidaregåande nivå frå før	5	4 %	21	4 %
Fullføre delar av grunnskulen	15	11 %	68	13 %
Fullføre grunnskulen	37	26 %	118	22 %
Fullføre vidaregåande opplæring – under 25 år	51	36 %	206	38 %
Fullføre delar av vidaregåande opplæring	34	24 %	123	23 %
Totalt	142	100 %	536	100 %

* Førebelse tal.

Kjelde: NIR


Deltakarar som har avslutta introduksjonsprogram

Sysselsett eller i utdanning direkte etter avslutta program i 2022

Det var færre deltakarar som avslutta introduksjonsprogrammet i 2022 enn i 2021. Førebelse tal viser at 2 151 deltakarar avslutta programmet i 2022, mens 3 295 deltakarar avslutta i 2021.

Førebelse tal viser at om lag 54 prosent har gått direkte over i arbeid og/eller utdanning etter avslutta program i 2022. Resultatet i 2022 er noko høgare samanlikna med 2021, då 49 prosent gjekk direkte over i arbeid og/eller utdanning etter avslutta program.

Figur 3-2-1. Delen deltakarar med direkte overgang til arbeid og utdanning etter avslutta introduksjonsprogram. Prosent. 2016–2022 (førebelse tal for 2022)



Førebelse tal for 2022 viser at 30 prosent av deltakarane gjekk direkte over i vidaregåande opplæring og høgare utdanning etter avslutta program, mens 24 prosent gjekk over i arbeid. Blant dei som avslutta program i 2021, gjekk 31 prosent til utdanning og 19 prosent til arbeid. Delen med overgang til arbeid er dermed noko høgare i 2022 enn i 2021. Blant deltakarar med rett til introduksjonsprogram (personar med kollektivt beskyttelse) er delen med direkte overgang til arbeid og/eller utdanning etter avslutta program 59 prosent. Desse deltakarane⁵¹ utgjer derimot ein liten del (3 prosent) av alle som avslutta program i 2022.

⁵¹ Blant desse utgjer kvinner 66 prosent av dei som avslutta program.

Hovudårsaka til at det var ein høgare prosentdel som gjekk direkte over i arbeid i 2022 enn i 2021, var truleg lågare arbeidsløyse gjennom heile 2022 samanlikna med 2021.⁵²

Delen kvinner som avslutta program, er høg også i 2022.⁵³ Det har vist seg at kvinner har om lag 20 prosenteningar⁵⁴ lågare måloppnåing enn menn direkte etter avslutta program.

Resultat for deltakarar som har avslutta introduksjonsprogram i 2020 – målt eitt år etter avslutta program

Tal frå SSB viser at 61 prosent av dei som avslutta introduksjonsprogram i 2020, var sysselsette og/eller i utdanning eitt år etter avslutta program (status per november 2021).

Samanlikna med deltakarane som avslutta programmet i 2019, har det vore ein auke på 4 prosenteningar blant kvinner og 2 prosenteningar blant menn som var i arbeid eller utdanning eitt år etter å ha avslutta programmet i 2020. Derimot er det samla resultatet 1 prosentening lågare enn året før. Dette heng saman med at kvinner utgjer ein større prosentdel av deltakarane som avslutta introduksjonsprogrammet i 2020 enn i 2019. Kvinner har lågare overgang til arbeid og utdanning enn menn.

Blant kvinner som avslutta program i 2020, var 50 prosent i arbeid og/eller utdanning eitt år etter, mens blant menn var denne delen 71 prosent. Tilsvarande måling for deltakarar som avslutta program i 2019, viste 46 prosent for kvinner og 69 prosent for menn (kjelde: SSB).

Tal frå SSB viser dermed at blant dei som avslutta programmet i 2020, var delen som var i arbeid eller utdanning eitt år etter, altså per november 2021, noko høgare enn blant dei som avslutta program i 2019.

IMDi rekna med at resultatet for 2020-kohorten ville vere betre enn for 2019-kohorten, sidan arbeidsmarknaden var betre for 2020-kohorten.⁵⁵ Tala frå SSB viser at eit betre arbeidsmarknad ikkje åleine har medført høgare overgang til sysselsetjing. Tala viser at både blant kvinner og blant menn er det fleire som vel å kombinere sysselsetjing med utdanning.

⁵² [Hovedtall om arbeidsmarkedet – nav.no](https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/statistikk/arbeidssokere-og-stillinger-statistikk/hovedtall-om-arbeidsmarkedet)

⁵³ Blant deltakarar som avslutta program i 2022 (førebelse tal), utgjorde kvinner 57 prosent. I 2021 utgjorde kvinner 58 prosent av dei som avslutta.

⁵⁴ Førebelse tal viser at kvinner hadde ei måloppnåing på 47 prosent i 2022, mens menn hadde 64 prosent.

⁵⁵ IMDi rekna med eit betre resultat for 2020-kohorten, sjølv om 2019-kohorten hadde betre resultat enn 2020-kohorten direkte etter avslutta introduksjonsprogram (kjelde: NIR). Denne prognosen blei gjord på bakgrunn av at 2019 kohorten møtte ein vanskelegare arbeidsmarknad eitt år etter, altså i 2020, enn 2020-kohorten gjorde i 2021. Kjelde til situasjonen på arbeidsmarknaden er Nav: <https://www.nav.no/no/nav-og-samfunn/statistikk/arbeidssokere-og-stillinger-statistikk/hovedtall-om-arbeidsmarkedet>

Nasjonalt introduksjonsregister (NIR)

Kommunane bruker Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) til å registrere enkeltpersonar som deltek i introduksjonsprogram, opplæring i norsk og samfunnskunnskap og opplæring for bebuarar på mottak. Data frå NIR blir brukte til rapportering til departementet og til publisering av statistikk og til analysar i SSB og IMDi, og dei er grunnlag for forskning og politikktutvikling på integreringsfeltet.

IMDi har i 2022 tilpassa NIR til mellombels regelverk for personar som har fått opphaldsløyve etter utlendingslova 34 (kollektivt beskyttelse), det vil seie nytt kapittel 6A i integreringslova som gjaldt frå 15. juni 2022. Tilpassingane blei gjorde i to steg i perioden juni–august 2022. IMDi har også tilpassa NIR til ny ordning for samfunnskunnskap som gjaldt frå 1. januar 2022, som følgje av ny læreplan i samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak. Endringane kom på plass rett etter at dei tok til å gjelde, altså i midten av januar 2022.

IMDis brukarstøtte mottek og svarer på førespurnader frå kommunane, blant anna knytt til enkeltpersonars rettar og plikter etter introduksjonslova og integreringslova, regelverk, norsktilskot, pålogging, tekniske feil og registreringar i NIR. IMDi mottok og svarte på rundt 4 100 skriftlege førespurnader og 5 200 telefonførespurnader i 2022. Det inneber ein samla auke i talet på førespurnader på 14 prosent frå 2021.

Jobbsjanseregister

IMDi er i ferd med å etablere eit register for Jobbsjansen. Registeret skal etter planen vere ferdig utvikla og sett i drift i første kvartal 2023, og IMDi planlegg no ulike aktivitetar for innføring og gevinstrealisering av registeret.

Utvikling av digital teneste for mangfald i arbeidslivet

I samband med oppdrag nr. 2022-03: *Utvikling av ei digital teneste for mangfald i arbeidslivet* fekk IMDi utført ei konseptutgreiing ved hjelp av ein ekstern leverandør. Utgreiinga gav innsikt i behova målgruppene har for ei digital teneste om mangfald i arbeidslivet, forslag til kva tenesta kan innehalde, tekniske avhengnader og innspel til korleis ei digital teneste kan utviklast for å svare til behova. IMDi har vurdert konseptutgreiinga opp mot ei vidare forståing av behova til målgruppa. Sterkare vektlegging av den rolla arbeidsgivarar har i integreringsarbeidet, er aktualisert ved dei rekordhøge inkomstane av fordrivne frå Ukraina. På bakgrunn av dette har IMDi valt å gå vidare med utvikling av ei digital teneste for målgruppa arbeidsgivarar som omfattar etnisk mangfald i arbeidslivet.

Andre ordningar og verkemiddel for auka deltaking i arbeidslivet

Tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak

Formålet med tilskotsordninga er å auke kvaliteten og betre resultatene i kvalifiserings- og integreringsarbeidet i kommunane. Tilskotsordninga skal medverke til kunnskaps- og metodeutvikling av nasjonal interesse, med overføringsverdi til andre kommunar på tvers av landet. I 2022 utvikla 52 prosjekt tiltak, metodar og modellar innanfor område 1–6 av tilskotsordninga.

Tilskotsramma for område 1–6 var på 50,4 mill. kroner. Søknadsbeløpet var på 60,6 mill. kroner. IMDi fekk inn 69 søknader. 52 av desse blei innvilga, og 17 fekk avslag. Totalt innvilga tilskot var på 44,5 mill. kroner.

Område 1–6 hadde etter søknadsbehandling i 2022 eit mindreforbruk på 6,47 mill. kroner. Etter to år med pandemi hadde ein stor del av prosjekta ubrukte midlar og søkte derfor om lågare tilskotsbeløp enn tidlegare år. Vidare tilfredsstilte 17 av prosjektsøknadene ikkje krava for å få innvilga tilskot.

Nasjonal samarbeidsmodell for tilrettelagd fag- og yrkesopplæring (2022–2026)

Område 7 i tilskotsordninga disponerte 5 mill. kroner for å opprette eit forsøk med tilrettelagd fag- og yrkesopplæring i tre fylke der samarbeid står sentralt. Dei tre fylkeskommunane som deltek i forsøket, søkte om og fekk utbetalt 4,4 mill. kroner i 2022. Mindreforbruket kom hovudsakleg av at prosjekta kom seint i gang, og at forsøket dermed ikkje har hatt heilårsverknad. Klassene i dei tre forsøksfylka blei etablerte ved oppstart av skuleåret 2022/2023, og IMDi følgjer opp prosjekta gjennom månadlege digitale møte og halvårlege samlingar.

Prosjekta har med nokre få unntak hatt god framdrift. Nokre av prosjekta har hatt utfordringar med oppstart, i tillegg til nokre avvik og forseinkingar frå opphavlege planar fordi kapasitet på heile tenesteapparatet har vore pressa på grunn av høge innkomstar av fordrevne frå Ukraina. IMDi har gitt rettleiing og bedt prosjekta om å halde fram arbeidet i samsvar med planane trass i utfordringane.

Målet er at forsøket også skal føre til generell kunnskapsutvikling om samarbeid om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarak. Ideas2evidence har derfor på oppdrag frå IMDi utarbeidd ei kunnskapsoppsummering som systematiserer dokumentasjon, forskning og erfaringar frå samarbeid om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne, med

særleg vekt på samarbeid om tilrettelagde tilbod for vaksne innvandrarak. ⁵⁶ IMDi planlegg òg ei følgjeevaluering av forsøket.

Tilskot til tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarak

Målgruppa for *Tilskot til etablering og gjennomføring av tilbod om tilrettelagd fag- og yrkesopplæring* er vaksne innvandrarak som har rett til vidaregåande opplæring, men som har for låge norskferdigheiter til å følgje ordinær opplæring utan tilrettelegging. Ramma for tilskotsordninga i 2022 var 15 mill. kroner og søknadssummen var 17,4 mill. kroner. 9 fylkeskommunar søkte om og fekk tildelt midlar.

I 2021 deltok 750 vaksne innvandrarak i tilbod finansierte gjennom ordninga. Av desse var om lag 20 prosent deltakarar eller tidlegare deltakarar i introduksjonsprogram. Tal for 2022 vil liggje føre i ei samla tilskotsrapportering i juni 2023.

Prosjekt som mottok tilskot, omfattar alt frå eigne klasser til språkstøtte, kurs og oppfølging på læreplassen. Prosjekta tek i bruk ulike tiltak og metodar og set i stor grad i verk tiltak utanfor klasseromma. Nokre eksempel er:

- ◆ planmessig internt samarbeid om integrert fag- og yrkeslæring på lærestadene
- ◆ ulike tilbod om språkstøtte
- ◆ samarbeid med formidlarar og opplæringskontor lokalt på opplæringsstadene
- ◆ utarbeiding av rutinar med introduksjonsprogramma
- ◆ karriererettleiarar og innsøking til vidaregåande opplæring
- ◆ nettbaserte kurs i studieteknikk
- ◆ tett oppfølging av inntektssikring for deltakarane
- ◆ etablering av nettskule som tilbyr fjernundervisning
- ◆ forkurs i grunnleggjande digitale ferdigheiter
- ◆ brei marknadsføringsstrategi for å sikre rekruttering
- ◆ pedagogstøtte til lærestadene

Alle tilskotsmottakarar har tilbod innanfor *helse- og oppvekstfag*, mens fem av fylka har tilbod innanfor *bygg- og anleggsteknikk* og fem innanfor *restaurant- og matfag*. Tre av fylka har tilbod innanfor *teknologi- og industrifag*. Eitt fylke har tilbod om studieprogramma *informasjonsteknologi og medieproduksjon; sal, service og reiseliv, naturbruk og handverk, design og produktutvikling*.

⁵⁶ Rapport blei publisert i januar 2023: [Tilrettelagt fag- og yrkesopplæring – erfaringer fra grep og samarbeid. En kunnskapsoppsummering. | IMDi](#)

Konferanse om fag- og yrkesopplæring

IMDi arrangerte ein fagkonferanse om fag- og yrkesopplæring for vaksne hausten 2022. Her deltok alle fylkeskommunar, også dei som ikkje fekk støtte frå IMDi's tilskotsordningar knytte til fag- og yrkesopplæring. Konferansen tok for seg fullføringsreforma og ny opplæringslov, realkompetansevurdering med tolk, språkstøtte til lærebedrifter, samarbeid og generell erfaringsutveksling. Gjennom ei uformell spørjeundersøking på konferansen kom det fram at fylkeskommunane har utfordringar med rekruttering av deltakarar, og dei viser til at uvisse knytt til livsopphald gjennom heile kvalifiseringsløpet, inkludert eventuelle konsekvensar for opphaldsløyve, er ein viktig barriere. Bruk av realkompetansevurdering, spesielt med tolk, ser òg ut til å vere utfordrande på grunn av avgrensa erfaring og finansiering.

Tilskot til norskopplæringsordninga

Tilskot til norskopplæringsordninga skal gi eit målretta og fleksibelt norskopplæringstilbod frå godkjende private tilbydarar som eit supplement til den lovfesta norskopplæringa. Ordninga skal òg medverke til innovasjon i metodar for norskopplæring der frivillige organisasjonar, offentlege og private aktørar samarbeider. Målgruppa for ordninga er vaksne innvandrarakar med avgrensa norskferdigheiter, med behov for å lære meir norsk, uavhengig av butid i Noreg og innvandringsårsak. Deltakarane i norskopplæringstilbodet får tilbod om 80–100 timar norskundervisning etter læreplanen i norsk for vaksne innvandrarakar, og det skal føre til at deltakarane på sikt når språknivå B1 eller høgare.

IMDi fordelte 30 mill. kroner over norskopplæringsordninga, og det tilsvarer opplæringstilbod til nær 3 000 deltakarar. Midlane blei tildelte 16 unike tilbydarar, under dette private tilbydarar, ideelle organisasjonar og mindre tilbydarar og frivillige organisasjonar. Tilboda er fleksible og varierer frå rein nettbasert undervisning til klasseromsundervisning og ein kombinasjon av desse. Det har vore god pågang av deltakarar til opplæringstilboda. Tilbydarar av norskkurs rapporterer om at fleire deltakarar tek norskprøve etter gjennomført kurs, og at norskopplæringa også kan vere til hjelp for å gjennomføre vidareutdanning og andre opplæringsløp og medverkar til å byggje nettverk og styrkje samfunns- og arbeidslivskompetansen til deltakarane. Rapportane viser òg til individuelle forskjellar, som inneber at nokre deltakarar treng fleire kurs for å kunne meistre norsk på ønskeleg nivå.

Følgjeevalueringa av norskopplæringsordninga utført av Ideas2evidence stadfestar at mange av deltakarane har stort fagleg utbytte av å delta på kursa, og at opplæringstilbodet er eit viktig steg på vegen mot vidare kvalifisering og arbeid, i tillegg til å medverke til kvardagsintegrering.⁵⁷ Funn viser at ordninga verkar attraktiv blant for tilbydarar og for deltakarar, og når ut til fleire ulike tilbydarar og eit mangfald av deltakargrupper. Følgjeevalueringa dannar saman med tilbakemeldingar frå tilbydarar grunnlag for

⁵⁷ [Delrapport 1: Følgjeevaluering av Tilskudd til ordning med norskopplæring | IMDi](#)

kontinuerleg justering av prøveordninga. Andre delrapport frå evalueringa blei levert i september 2022, og sluttrapporten vil liggje føre i oktober 2023.

Som følgje av krigen i Ukraina blei det løyvd ytterlegare 50 mill. kroner til norskopplæringsordninga. IMDi lyste ut midlane i juni og gav støtte til norskopplæring både til private tilbydarar av norskopplæring og til offentlege tilbydarar ved eksempelvis kommunale vaksenopplæringsssenter. Formålet med tilleggsutlysinga var å gi eit målretta og fleksibelt tilbod om tidleg norskopplæring til flyktningar frå Ukraina, ved at desse får tilgang til 50 timar lærarstyrt norskopplæring. Målet er at deltakarane oppnår nivå A2, og at dei også skal få ein viss grad av opplæring i tryggleikskultur og den norske arbeidslivsmodellen. Midlane blei fordelte på 44 prosjekt i alle fylka i landet. Kommunale tilbydarar står for 26 opplæringstilbod.

Dei tildelte tilskotsmidlane vil venteleg nå nærmare 10 000 deltakarar i tilskotsperioden, og av desse vil ca. 8 200 få nettbasert undervisning. Tilbydarane rapporterte at totalt 7 200 deltakarar per oktober er eller har vore i aktivitet på det ekstraordinære tilbodet om gratis norskopplæring. Av desse var ca. 5 400 i gang med norskundervisning, mens nær 1 800 hadde gjennomført undervisning på 50 timar. Sluttrapportane for opplæringstilboda ligg føre i 2023. Også ekstrautlysinga på norskopplæringsordninga blir evaluert av Ideas2evidence og sluttrapport vil liggje føre i juli 2023.

Jobbsjansen

Formålet med Jobbsjansen er å auke sysselsetjinga blant innvandrar kvinner som står langt frå arbeidsmarknaden, og som treng kvalifisering. Det er eit uttalt mål i integreringspolitikken at særleg fleire kvinner kjem i jobb eller utdanning. IMDi gir tilskot til kommunane til gjennomføring av prosjekt.

I statsbudsjettet for 2022 blei det sett av 101,2 mill. kroner til Jobbsjansen. Av desse var 91,5 mill. kroner til ordinær ordning og 9,7 mill. kroner til forsøket med per capita-finansiering.

Dei fleste søknadene i 2022 gjaldt vidareføring frå 2021. Nokre av prosjekta hadde i 2021 fått tilsegn om fleirårig støtte med atterhald om at Stortingets løyvde midlar i 2022. Fleire av prosjekta tilbyr langsiktige kvalifiseringsløp som dekkjer behova deltakarane har for auka formell kompetanse. Dei prosjekta som er innvilga støtte, har ein gjennomsnittleg eigenfinansiering på ca. 29 prosent.

IMDi fekk totalt 41 søknader på til saman 173,9 mill. kroner, mens den disponible tilskotsramma for 2022 (med flytting av midlar frå per capita-forsøket) var på 93,2 mill. kroner. Det blei innvilga tilskot til 40 prosjekt på i alt 93,2 mill. kroner.

Dei fleste store og veletablerte prosjekta er i Oslo og Viken. Hovudvekta av prosjekta er organiserte i Nav og har eit godt etablert samarbeid med interne og eksterne

samarbeidspartnarar. Individrapporteringa for 2021 viser at prosjekta tilbyr individuelt tilpassa programinnhald, med stor variasjon i kva som blir tilbydd, og kva for tiltak dei enkelte deltakarane gjennomfører. Programinnhaldet er i tillegg svært arbeidsretta: 90 prosent av deltakarane gjennomfører minst eitt arbeidsretta tiltak. Oppstarten av tiltak på ordinær arbeidsplass skjer også raskt. 74 prosent av deltakarane som hadde arbeidspraksis, var i gang med dette mindre enn tre månader etter oppstart i Jobbsjansen.

Til saman har prosjekta sett seg som mål å ha ca. 1 200 deltakarar i 2022. Informasjon om faktisk deltakartal og resultat vil liggje føre i mai 2023 i samband med gjennomføringa av individrapportering. Blant dei som avslutta deltaking i Jobbsjansen-prosjekt i løpet av 2021, gjekk 79 prosent over i arbeid og/eller utdanning.

IMDi oppfølging og rettleiing av prosjekta

IMDi følgjer opp og rettleier tilskotsmottakarane for å sikre god og effektiv forvaltning av midlane og innhentar kunnskap på tvers av prosjekta for å vidareutvikle ordninga. I 2022 arrangerte IMDi ei felles nasjonal nettverkssamling for Jobbsjansen-prosjekta saman med prosjekt som mottok tilskot til utvikling av kommunale kvalifiserings- og integreringstiltak. I tillegg blei det arrangert seks fylkesvise oppfølgingsmøte med Jobbsjansen-prosjekta og bilateral oppfølging av prosjekta.

Tilbakemeldingane frå kommunane viser at det er behov for kortare kvalifiseringstiltak og tettare samarbeid med arbeidsgivarar. Prosjekta etterlyser i tillegg ei meir føreseieleg tildelingsramme og at denne bør dekkje drift av prosjekta i minst tre år.

Kunnskapsutvikling

Jobbsjansen har over fleire år kunna vise til betre resultat enn introduksjonsprogrammet i form av direkte overgang til arbeid eller utdanning, sjølv om delar av innhaldet og verkemidla i ordningane er samanfallande. På bakgrunn av dette ønskte IMDi å få meir kunnskap om kva faktorar som forklarar resultatforskjellane mellom dei to ordningane, utover individuelle eigenskapar ved deltakarane. Ideas2evidence har på oppdrag frå IMDi derfor sett resultatane frå Jobbsjansen og introduksjonsprogrammet i systematisk samanheng ved å nytte data frå fleire ulike kjelder.⁵⁸

Ideas2evidence har på oppdrag frå IMDi også gjennomført ein analyse av individ- og prosjektrapporteringar i Jobbsjansen 2021,⁵⁹ og dette har vore gjennomført for kvar Jobbsjansen-kohort sidan 2005 til bruk i IMDi strategiske og løpande arbeid. IMDi vil vidare ta omsyn til funn i rapportane i samband med vidareutvikling og forvaltning av både introduksjonsprogrammet og Jobbsjansen.

⁵⁸ [Resultatforskjell mellom Jobbsjansen og introduksjonsprogrammet | IMDi](#)

⁵⁹ [Individrapportering Jobbsjansen 2021 | IMDi](#)

Forsøk med per capita-modell

IMDi har sett i gang pilotering av per capita-basert Jobbsjansen, som inneber at kommunane får tilskot etter faste satsar og på grunnlag kor mange som faktisk deltek i Jobbsjansen. I 2022 er det seks kommunar⁶⁰ som har fått tilskotsmidlar etter per capita-modellen for å tilby til saman 97 deltakarar Jobbsjansen-program. Deltakarrapporteringa viser at 85 deltakarar faktisk deltok i program i 2022. Det er 12 færre enn målalet og inneber eit mindreforbruk av tildelte midlar på ca. 1,4 mill. kroner.

Forsøket blir følgjeevaluert for å kaste lys over fordelar og ulemper samanlikna med dagens innretting av Jobbsjansen. Målet er å få innspel som skal medverke til ei meir treffsikker og effektiv tilskotsordning.

Hovudfunna frå oppstartsfasen viser at faste satsar gjer det meir føreseieleg i den forstand at kommunane veit kor mykje midlar dei får per deltakar når dei søker. Nokre kommunar opplevde likevel at dei tildelte midlane ikkje dekte dei faktiske utgiftene når rekrutteringa av deltakarar tek lengre tid enn planlagt. Vidare har erfaringa vore at faste satsar og automatisert utbetaling inneber lågare ressursbruk på saksbehandling og utrekning av tilskot.

Kommunane opplever at per capita-finansieringsmodellen førebels er lite attraktiv, fordi satsane ikkje i tilstrekkeleg grad dekkjer utgiftene deira. Dette gjeld særleg utgifter for deltakarar som skal få 1G i stønad frå kommunen. Dette er blant anna knytt til at deltakarar i Jobbsjansen etter regelverket ikkje skal få tiltakspengar frå Nav ved deltaking i arbeidsmarknadstiltak.

Risiko knytt til finansieringa av Jobbsjansen

Talet på deltakarar i Jobbsjansen blei redusert frå 1 646 i 2021 til om lag 1 200 i 2022, sidan tilskotsramma gjekk ned frå 135,3 mill. kroner i 2021 til 101,2 mill. kroner i 2022. Bakgrunnen for dette var bortfall av ekstramidlane på 50 mill. kroner som blei løyvde i 2020–2021 i samband med integreringspakke I og II, som skulle motverke konsekvensane av covid-19-pandemien. Den totale søknadssummen i 2022 var derimot på 173,8 mill. kroner.

Deltakarar i Jobbsjansen mottok stønad frå kommunar tilsvarande grunnbeløpet i folketrygda (1G) kvart år, dersom dei ikkje mottok overgangsstønad. Jobbsjansen-stønaden har over fleire år blitt finansiert dels av tilskotet frå IMDi og dels ved at mange deltakarar som ein del av programmet har delteke i arbeidsmarknadstiltak og fått tiltakspengar frå Nav. I juni 2022 gjorde Nav presiseringar i rundskriv til arbeidsmarknadslova § 13. Presiseringa viser til at deltakarar i Jobbsjansen ikkje har rett til tiltakspengar når dei deltek i arbeidsmarknadstiltak, sjølv om det mange stader har vore etablert praksis å innvilge dette. I praksis fører

⁶⁰ Grimstad, Færder, Ullensaker, Sandefjord, Namsos og Drammen.

presiseringa til ein monaleg auke i kostnad per deltakar. Dette vil medføre ein merkbar nedgang i talet på deltakarar og prosjekt. Det er ein risiko for at dette kan svekke interessa for å søkje på ordninga i kommunane. Samtidig er det eit stort potensial når det gjeld auke av deltakartalet i Jobbsjansen, og mange kommunar opererer med ventelister for nye deltakarar.

Mangfald i arbeidslivet

IMDi initierer og formidlar kunnskap, utviklar og tilbyr verktøy og deler erfaringar om korleis verksemdar kan auke det etniske mangfaldet gjennom rekruttering. IMDi formidlar òg kunnskap om korleis mangfaldsleiing kan medverke til meirverdi for verksemdar.

Målgruppa er arbeidsgivarar i offentleg og privat sektor og partane i arbeidslivet. IMDi innsats skal medverke til å auke rekrutteringa og sikre berekraftig tilknytning til arbeidslivet for innvandrarakar, god bruk av kompetansen til innvandrarakar i arbeidslivet og auka medvit hos arbeidsgivarar om etnisk mangfald som ein ressurs. Formålet er å medverke til eit meir inkluderande, rettferdig og berekraftig arbeidsliv utan diskriminering.

IMDi s tiltak og verkemiddel på mangfaldsfeltet er samansett av Mangfaldsprisen, tilskotsordning for auka etnisk mangfald i arbeidslivet, rettleiingsteneste for arbeidsgivarar og kunnskapsutvikling om mangfald i arbeidslivet.

Mangfaldsprisen

I 2022 blei Mangfaldsprisen gjeninnført som ein del av regjeringas integreringsstrategi, for å stimulere arbeidsgivarar til auka medvit om etnisk mangfald som ressurs. Formålet med prisen er å fremje etnisk mangfald og betre bruk av kompetansen til innvandrarakar, og å auke rekrutteringa av innvandrarakar i arbeidslivet gjennom å løfte fram dei gode eksempla på etnisk mangfald i arbeidslivet som kan inspirere andre. I 2022 blei talet på regionale juryar redusert frå 6 til 3, og talet på regionale prisar blei redusert frå 22 til 6.

Dei regionale juryane var samansette av representantar frå fylkeskommunane, Nav, partane i arbeidslivet og regionale og lokale næringsforeiningar. Det blei kåra to vinnarakar per region, éin frå kvar av dei to verksemdskategoriene til prisen, som er delt i *små verksemdar* (inntil 19 årsverk) og *mellomstore og store verksemdar*. Dei regionale prisane blei delte ut i løpet av hausten 2022 med oppmøte hos vinnarverksemdene. IMDi og juryleiarane var til stades ved alle prisutdelingane. Dei regionale vinnarane kjempa deretter om å vinne nasjonale prisar for kvar av dei to kategoriene. I tillegg blei prisen for *årets mangfaldsverksemd* delt ut til éin av dei to vinnarane.

Alt i alt blei ca. 220 verksemdar frå heile landet føreslått som kandidatarkar til regionale prisar. Dei seks regionale vinnarane gjekk vidare til å konkurrere om dei nasjonale prisane. Kriteria for å få prisen var god bruk av kompetansen til innvandrarakar, etnisk mangfald på ulike nivå

og i ulike kategoriar i verksemda, og strategisk arbeid for å auke det etniske mangfaldet i verksemda.

I kategorien *små verksemdar* var den nasjonale vinnaren Avdeling Blåveis v/Andebu bu- og behandlingssenter i Sandefjord kommune (Vestfold og Telemark). I kategorien *mellomstore og store verksemdar* var den nasjonale vinnaren Natre Vinduer avdeling Hemnes (Nordland), som også blei kåra til årets mangfaldsverksemd.

Prisen og vinnarar har vore breitt omtalte i lokale og regionale medium (radio og aviser) og på heimesider til næringsforeningar, kommunar, arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonar og bransjeorganisasjonar. I tillegg til tradisjonelle medium har prisens eiga nettside⁶¹ og kommunikasjon via sosiale medium som LinkedIn, Facebook og Instagram medverka ytterlegare til merksemda og informasjon om etnisk mangfald som ein ressurs i arbeidslivet.

Mangfaldskonferansen 2022 – Ut av komfortsona og inn i framtida

Den 1. desember 2022 arrangerte IMDi for første gong *Mangfaldskonferansen – Ut av komfortsonen og inn i framtida*, for å skape en møtestad for IMDi og private og offentlege verksemdar. Konferansen la vekt på å gi tips og kunnskap om korleis ein bør gå fram for å lykkast med inkluderande rekruttering og å vise at inkluderingstiltak heng saman med berekraft og kan gi verksemdar langsiktige fortrinn. Konferansen var òg arenaen for utdeling av Mangfaldsprisen. Målgruppa for konferansen var HR-medarbeidarar, personalleiarar, mellom- og toppleiarar i offentlege og private verksemdar og andre interesserte i temaet mangfald i arbeidslivet. Arrangementet var fullbooka med om lag 230 deltakarar. Omtrent 2/3 av dei frammøtte var leiarar innan private og offentlege verksemdar.

Tilskot til tiltak for auka etnisk mangfald i arbeidslivet og rettleiingsteneste

Tilskot til tiltak for auka etnisk mangfald i arbeidslivet blei innvilga til 16 av 32 søkjarverksemdar i 2022. Tilskotet blei fordelt på 13 store og 3 mellomstore verksemdar, høvesvis 10 private, 4 kommunale og 2 ideelle verksemdar. Mangel på små verksemdar som oppfyller tilskotskriteria, kan komme av at små verksemdar har mindre høve til å omfordele ressursar internt til andre formål enn teneste- og vareproduksjon. Førebelse funn i ein kommande rapport frå FAFO om kva haldningar arbeidsgivarar har til etnisk mangfald, gir

⁶¹ [Mangfaldsprisen.](#)

støtte til dette.⁶² IMDi vil ta dette opp med arbeidsgivarorganisasjonane i 2023 for å diskutere strategiar for å foreslå og formidle realistiske tiltak for små verksemdar.

IMDi arrangerte ei nettverkssamling for tilskotsmottakarane hausten 2022. Samlinga gav tilskotsmottakarane eit høve til å ta opp og dele konkrete erfaringar og løysingar, og gav verksemdene eit høve til å drøfte reelle verknader av tiltaka. IMDi vil halde fram med å invitere til nettverkssamlingar i 2023.

Rettleiingstenesta for arbeidsgivarar har i tillegg til oppfølging og rettleiing overfor tilskotsmottakarar hatt fagsider om mangfald i arbeidslivet på imdi.no. Funn i følgjeevalueringa av IMDis tiltak for auka etnisk mangfald i arbeidslivet viser at nettsidene er lite kjende og lite brukte.

IMDi ønskjer i 2023 i større grad å formidle dei gode eksempla frå tilskotsmottakarane og produsere fleire artiklar og innlegg om beste praksis. Opprettinga av ei ny digital teneste for arbeidsgivarar kan medverke i dette arbeidet (sjå nærmare omtale under *Utvikling av digital teneste for mangfald i arbeidslivet*). Det er framleis behov for å gjere IMDis tiltak og verkemiddel kjende for fleire i målgruppa.

Kunnskapsutvikling (FoU) om etnisk mangfald i arbeidslivet

Rapporten frå FoU-prosjektet *Samanhengar mellom etnisk mangfald og lønnsømd i norske verksemdar* blei lansert 29. mars 2022.⁶³ Rapporten er på bakgrunn av omfang, grundig kunnskapsoppsumming og empiri sett på som banebrytande forskning i norsk samanheng.

IMDi publiserte i samarbeid med det statlege mangfaldsnettverket rapporten *Mangfald i statlig sektor* den 14. september.⁶⁴ Rapporten viser at staten har komme eit stykke på veg, men at det er eit godt stykke igjen å gå før politiske mål om mangfald er innfridde. Rapporten gir oss eit nytt og viktig kunnskapsgrunnlag for å styrkje mangfaldsarbeidet i statleg sektor.

I 2021 blei det i tillegg sett i verk ei følgjeevaluering av IMDis tiltak og verkemiddel for auka etnisk mangfald i arbeidslivet.⁶⁵ IMDi mottok delrapport 1 i desember. Rapporten viser blant anna ei svak forbetring i kjennskapen til Mangfaldsprisen og ein liten auke i kjennskap til rettleiingstenesta og tilskotsordninga. Rapporten medverkar med konstruktive oppsummeringar og nyttig innsikt i praktisk mangfaldsarbeid i norske verksemdar.

⁶² [Arbeidsgivere er positive til etnisk mangfald, men skeptisk til å endre egen praksis | IMDi](#)

⁶³ [Sammenhenger mellom etnisk mangfald og lønnsomhet | IMDi](#)

⁶⁴ [Mangfald i statlig sektor | IMDi](#)

⁶⁵ Oppdraget blir utført av NTNU Samfunnsforskning i samarbeid med Oxford Research AS og varer til 2024.

Tilskudd til frivillige organisasjoner 2022

IMDi forvalter tilskudd som skal styrke frivillige organisasjoners rolle i arbeid med inkludering og integrering



128 mill. kr

Tilskudd til
integreringsarbeid

i regi av frivillige organisasjoner, forvaltet av IMDi og 40 kommuner med høy innvanderandel



38 mill. kr

Tilskudd til
drift av 14 nasjonale ressursmiljø

på integreringsområdet



45 mill. kr

Ekstraordinært tilskudd til
integreringstiltak rettet mot fordrevne fra Ukraina

Arbeid mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vold 2022



IMDi har
59 minoritetsrådgivere
som jobber i videregående skoler (o.a.)



Minoritetsrådgiverne har gitt råd og veiledning i
950 saker



IMDis fagteam for forebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vold har gjennomført
69 kompetansehevingsoppdrag



4 integreringsrådgivere
som dekker **8 land**
har gitt råd og veiledning i
235 saker

3.3 Innvandrarak har høg deltaking i samfunnslivet

Eit hovudmål i integreringspolitikken er at innvandrarak har høg deltaking i samfunnslivet og lever eit fritt liv. Sivilsamfunnet og særleg frivillige organisasjonar er viktige og nødvendige bidragsytarak for å oppfylle målet om eit inkluderande samfunn for alle. Strategien *Hverdagsintegrering – Strategi for å styrke sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet* (2021–2024) har i 2022 gitt retning for mykje av IMDi arbeid på feltet.

Frivillig sektor speler viktige roller som brubyggjarar og informasjonsformidlarar og som tilretteleggjarar for inkluderande møteplassar. Mange aktivitetar og møteplassar i regi av frivillige organisasjonar blir realiserte gjennom ulike tilskotsordningar retta mot frivillige organisasjonar, lokale lag og foreiningar. Som forvaltar av desse ordningane har IMDi bilateral kontakt med alle tilskotsmottakarar. IMDi har i 2022 arbeidd for auka kvalitet i tilskotsordningane gjennom grundigare dokumentasjon og standardisering. IMDi legg særleg vekt på godt samarbeid med dei 40 kommunane som forvaltar tilskot til lokale tiltak, og med dei ti landsdekkjande organisasjonane vi har intensjonsavtale med. Frå 2022 har vi òg prioritert å arbeide særskilt overfor ni små og nystarta organisasjonar som vi søker å løfte fram som aktørar på integreringsfeltet.

IMDi har ansvar for oppfølging, samordning og vidareutvikling av dei særlege hjelpetenestene i arbeidet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. IMDi minoritetsrådgivarar, fagleg oppfølging av integreringsrådgivarar på utvalde ambassadar, kompetanseheving og samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, sektorstyresmakter, frivillige organisasjonar og andre skal medverke til at innvandrarak lever eit fritt liv. IMDi arbeid i 2022 har knytt seg til råd og rettleiing til utsette barn og unge, slik at dei kan få nødvendig hjelp, og til kompetanseheving av skular og hjelpeapparat.

Styrkje sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet

IMDi har sett i verk og gjennomført fleire tiltak i strategien regjeringa har lagt fram i *Hverdagsintegrering – Strategi for å styrke sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet* (2021–2024). Tiltaka i strategien har som mål å medverke til å auke deltakinga i sivilsamfunnet blant barn, unge og vaksne med innvandrarakbakgrunn, å løfte og støtte sivilsamfunnets innsats for integrering og å utvikle betre samarbeid og rammevilkår. To år inn i strategiperioden har dei kraftig auka rammene til frivillig innsats på integreringsfeltet fått verknad i form av auka frivillig aktivitet, kunnskapsutvikling og erfaringsdeling. Strategien har òg medverka til fleire og sterkare kommunale og frivillige aktørar på feltet og nye regionale arenaer der sivilsamfunn og styresmakter møtest.

3.3 Innvandrarak har høg deltaking i samfunnslivet

Sett i lys av det auka behovet for frivillig innsats på feltet, først under covid-19-pandemien og deretter ved flyktningstraumen som følgje av krigen i Ukraina, er IMDi erfaring at strategien har medverka til å realisere uvurderlege ressursar i sivilsamfunnet.

Strategien har lagt til rette for stor kunnskapsproduksjon, auka kunnskapsformidling og læring om kjenneteikn ved sivilsamfunnet og kva rolle det spelar på feltet. Dette arbeidet vil halde fram i 2023. Gjennom strategien har IMDi for første gong oppretta eit panel som skal sikre langsiktig medverknad frå unge innan sivilsamfunnets rolle på integreringsfeltet og for å motverke negativ sosial kontroll.

IMDi lanserte i 2021 ein idébank, *Lær frå andre*,⁶⁶ for formidling av god praksis frå blant anna sivilsamfunn og kommunar i integreringsarbeid. Utviklingsoppdraget *Kampanje og filmar* gav ein serie filmar som løftar fram sivilsamfunnets rolle i integreringsarbeidet. Filmene framhevar verdien av frivillige organisasjonar og at kommunane legg til rette for samarbeid med sivilsamfunnet. Filmene blei i 2022 sette av 4 000 personar. Som del av oppdraget utvikla IMDi nettsida *Hverdagsintegrering i praksis*,⁶⁷ med tips, råd og informasjon til kommunar og frivillige organisasjonar for auka samarbeid. IMDi har òg lagt til fleire eksempel i idébanken og gjort han meir brukarvennleg. Film når eit breiare publikum enn nettartiklar, så på oppdrag frå IMDi laga Fieldwork ti filmar om vellykka integreringsprosjekt i regi av frivillige organisasjonar. Desse vil bli publiserte på idébanken i første kvartal i 2023.

På oppdrag frå IMDi leverte Agenda Kaupang og Ideas2Evidence rapporten *Frivillige organisasjonar og integrering. Utredning av kompetansesenter for frivillig innsats*. Formålet var å greie ut behov for kompetansesenter og kompetansemiljø som støttar opp om aktørar i sivilsamfunnet på integreringsfeltet. Utgreiinga vurderer korleis ulike former for kompetansesenter og kompetansemiljø kan dekkje behova sivilsamfunnet har på dei ulike forvaltningsnivåa. Utgreiinga viser at frivillige organisasjonar treng meir støtte i form av rettleiing, kompetansebygging, erfaringsdeling og kunnskap på integreringsfeltet for at dei skal kunne styrkje rolla si og supplere det kommunale integreringsarbeidet. Hovudtilrådinga i rapporten er å nytte og vidareutvikle samarbeid mellom eksisterande aktørar på feltet. IMDi blir tilrådd å styrkje si rolle som nasjonalt kompetansesenter for frivillig innsats på integreringsfeltet, då som koordinerande og samordnande aktør. IMDi vil arbeide vidare med tilrådingane i 2023.

På oppdrag frå IMDi har NORCE i samarbeid med NIBR forska på innvandrarakars deltaking i sivilsamfunnet. Rapporten *Innvandrerperspektiv på sivilsamfunnsdeltakelse. Ulike innvandrergrupper sine opplevelse av barrierer og suksessfaktorer for deltaking* viser at tidlegare erfaringar med sivilsamfunn og frivillig sektor har stor innverknad på korleis ulike

⁶⁶ [Lær fra andre](#)

⁶⁷ [Hverdagsintegrering i praksis | IMDi](#)

innvandrargrupper forstår frivillig arbeid i Noreg og verdien av frivillig engasjement.⁶⁸ Arbeid kan både fremje og hemme deltaking i frivillig sektor, og innstramningar i regelverket for opphaldsløyve har hatt stor innverknad på sivilsamfunnsdeltakinga blant innvandrarak. Manglande språkkunnskap blir framheva som ein viktig barriere. Eksempel på suksessfaktorar for deltaking er svært ulike og samtidig konkrete. NORCEs forskning stadfestar at pandemien både avgrensa aktivitetsnivået i frivillig sektor og førte til eit tap av integreringsarenaer, samtidig som fleire organisasjonar med hell prøvde seg på nye digitale plattformer og elles blei engasjerte i informasjonsarbeidet som styresmaktene dreiv under pandemien. IMDi har nytta funn frå forskinga i arbeidet med ny rettleiar til offentlege verksemdar om tilpassa og tilgjengeleg informasjon til personar med innvandrarakgrunn. Den blir lansert i 2023. Rapporten frå NORCE blir lansert og følgd opp vidare i 2023.

Ungdomspanel

Ungdomspanelet er etablert som ledd i sivilsamfunnsstrategien for å leggje til rette for at ungdom kan medverke i avgjerdsprosessar, delta som reelle aktørar i evalueringa av strategiarbeidet og gi innspel til integreringsarbeidet som styresmaktene driv. Panelet er samansett av 13 unge mellom 15 og 23 år som speglar ungdomspopulasjonen i Noreg med omsyn til mangfald og geografisk tilhøyrse. Panelet blei konstituert og hadde første samling i desember, der ungdommane fekk opplæring i rolla som paneldeltakarar og gav innspel til ny handlingsplan mot rasisme og diskriminering omtalt i Hurdalsplattforma.

Regionale integreringskonferansar

IMDi arrangerte tre regionale integreringskonferansar med formål om å skape møteplassar mellom lokale og regionale frivillige organisasjonar og styresmakter. Konferansane blei haldne i Trøndelag, Nordland og Agder med bidrag frå kommunar, fylkeskommunar og frivillige organisasjonar, mellom anna innvandrarakorganisasjonar. Gjennomgåande tema for konferansane var korleis innvandrarak opplever tillit, deltaking og diskriminering, innvandrarakorganisasjonar som viktige integreringsaktørar, barrierar for deltaking i frivillige organisasjonar og arbeid mot rasisme og diskriminering. Evalueringa viser at konferansane blei verdsette av deltakarane og fungerte som arena for lokal og regional nettverksbygging. Konferansane er eit tiltak i sivilsamfunnsstrategien og vil bli arrangerte årleg ut strategiperioden (2024).

Intensjonsavtalar med landsdekkjande frivillige organisasjonar

Intensjonsavtalane understøttar samarbeidet mellom IMDi og organisasjonane gjennom å medverke til integrering av vaksne, barn og unge med innvandrarakgrunn og få fleire

⁶⁸ [Innvandrerperspektiv på sivilsamfunnsdeltakelse. Ulike innvandrarakgruppers opplevelse av barrierer og suksessfaktorar for deltakelse | IMDi](#)

vaksne, barn og unge med innvandrarakbakgrunn til å delta i frivillig organisasjonsliv lokalt og sentralt.

IMDi har fornya intensjonsavtale med ni landsdekkjande frivillige organisasjonar for perioden 2022–2024.⁶⁹ I tillegg har IMDi inngått intensjonsavtale med Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) for same periode. Avtalane legg vekt på auka mangfald i organisasjonane og auka mangfaldig rekruttering av frivillige inn i organisasjonane.

IMDi ønskjer tettare dialog med organisasjonane, både bilateralt og i fellessamlingar. Hovudtema i årets dialog var rekruttering av personar med innvandrarakbakgrunn og bidrag ved innkost av flyktningar. Organisasjonane ønskjer tydeleg kontaktinformasjon i kommunane om samarbeid rundt mottak, busetting og integrering av flyktningar. Organisasjonane melder om svært stor aktivitet i samband med frivilligåret.

Integreringskonferansen

Den nasjonale integreringskonferansen er ein viktig del av arbeidet regjeringa gjer på integreringsfeltet. Formålet med konferansen er å gi innvandrarakorganisasjonar, innvandrarråd og andre som jobbar med integrering av innvandrarak, høve til å fremje synspunkt og gi innspel til regjeringa. IMDi støttar Arbeids- og inkluderingsdepartementet med praktisk tilrettelegging og samlar inn relevante innspel i forkant.

Integreringskonferansen til regjeringa blei arrangert i oktober med tema arbeidsinkludering og utvikling av sterkare fellesskapar. Konferansen blei planlagd under den pågåande krigen i Ukraina, som prega integreringsfeltet sterkt. Konferansen sette derfor søkjelys på integrering av flyktningar frå Ukraina og andre land og på etterverknadene av covid-19-pandemien på innvandrarakars deltaking i arbeidslivet. Det var 164 deltakarar på konferansen frå innvandrarakorganisasjonar, innvandrarråd, andre frivillige organisasjonar, tilsette i offentlege verksemdar, stortingsrepresentantar og næringsliv. Over 500 følgde strøyminga eller såg opptaket i ettertid, i tillegg til at opptaket hadde rundt 1 000 visningar på sosiale medium.

Tilskotsordningar til frivillige organisasjonar

Frivillige organisasjonar, lokale lag og foreiningar tilbyr til saman eit mangfald av ulike integreringstiltak som er eit viktig supplement til integreringsarbeidet i kommunane. Frivillige organisasjonar kan søkje IMDi om tilskot til ulikt integreringsarbeid. Nokre av ordningane kan ein søkje på, mens andre blir tildelte til organisasjonar over statsbudsjettet.

⁶⁹ [Oversikt over organisasjonar med intensjonsavtale.](#)

IMDi vurdering av måloppnåinga for tilskotsordningane er basert på dialog og tilbakemeldingar frå tilskotsmottakarar gjennom 2022 og sluttrapporteringar frå 2021. Ytterlegere beskriving av tiltak, med vurderingar av resultat- og måloppnåing for ordningane, vil bli oversend i rapport om bruk av tilskotsmidlar på post 71 og post 73 sommaren 2023.⁷⁰

Tabell 3-3-1. Tilskotsordningar og enkelttilskot til frivillig verksemd (kap. 670, post 71 og post 73). Støttebeløp 2020–2022 i mill. kroner

Tilskotsordningar og enkelttilskot til frivillig verksemd	Innvilga beløp i 2020	Innvilga beløp i 2021	Innvilga beløp i 2022
Post 71 – Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar (forvalta av IMDi og 40 utvalde kommunar)	83,3	106,2	127,6
Post 71 – Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar, ekstraordinær tilleggsutlysing – fordrivne frå Ukraina, av dette 30 mill. kroner til lokale tiltak og 15 mill. kroner til språktrening			45,0
Post 71 – Tilskot til informasjonstiltak for innvandarbefolkninga i regi av frivillige organisasjonar i samband med koronapandemien	19,6	40,0	20,0
Post 71 – Tilskot til drift av nasjonale ressursmiljø (øyremerkt tilskot i statsbudsjettet til namngitte organisasjonar)	42,1	37,5	37,5
Post 73 – Øyremerkt enkelttilskot til namngitte organisasjonar i statsbudsjettet	11,76	12,8	11,8
Sum	156,8	197,1	241,9

Nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

Driftsstøtta på 37,5 mill. kroner blei fordelt på 14 nasjonale ressursmiljø.⁷¹ Det er Stortinget som vedtek kva for organisasjonar som mottek tilskotet.⁷² Formålet er å medverke til betre kunnskap om integrering i befolkninga. Dette omfattar kunnskap om moglegheiter og utfordringar ved integreringsprosessen, auka tillit og tilhøyrslø til det norske samfunnet blant

⁷⁰ Sluttrapportar for tilskotsmottakarar i rapporteringsåret 2022 ligg først føre våren 2023.

⁷¹ Organisasjonar som fekk støtte, er: Selvhjelp for innvandrere og flyktningar (SEIF), Antirasistisk Senter (ARS), Minotenk – Minoritetspolitisk tenketank, MiRA – Ressurscenter for innvandrere- og flyktningkvinner, Norsk Organisasjon for Asylsøkere (NOAS), Organisasjonen Mot Offentlig Diskriminering (OMOD), Caritas Norge, LIM – Likestilling, integrering, mangfald, Stiftelsen Fargespill, Samora, Utrop, Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA), Bydelsmødre og Multikulturelt Initiativ- og Ressursnettverk.

⁷² Ei oversikt over vedtekne beløp til nasjonale ressursmiljø i 2022 finn ein i: [Tilskudd til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet | IMDi](#)

innvandrarak og barna deira og auka deltaking og representasjon på ulike samfunnsarenaer blant innvandrarak og barna deira.

Nasjonale ressursmiljø tilbyr råd og rettleiing som supplerer det offentlege tenestetilbodet. Eksempel her er rettshjelp, språkkurs og arbeidskvalifiserande tiltak som medverkar til å byggje ned barrierar for at brukarane kan delta i arbeids- og samfunnslivet. Enkelte ressursmiljø tilbyr også krise- og konflikthandtering. Dette er retta mot enkeltindivid og grupper som er utsette for diskriminering, utanforskap og vald i nære relasjonar.

I tillegg til det ordinære aktivitetstilbodet organisasjonane har, etablerte fleire ressursmiljø tilbod til ukrainske flyktningar. Eksempel er Caritas Norges nasjonale rettleiingsteneste for ukrainarar, som var operativ like etter krigsutbrotet, og NOAS' informasjons- og rettleiingsteneste, som hjelte ukrainarar med juridiske og praktiske spørsmål om plikter og rettar.

Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar

Gjennom tilskotsordninga *Integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar* kan frivillige organisasjonar, ideelle aksjeselskap og sosiale entreprenørar få støtte til prosjekt, enkelttiltak, aktivitetar og drift. Formålet med tilskotsordninga er å auke arbeids- og samfunnslivsdeltakinga blant innvandrarak og barna deira.

IMDi gav om lag 30 prosent av tilskotet til nasjonale prosjekt⁷³ og søkte å sikre variasjon i mottakarar, slik at organisasjonane som mottok støtte, både er landsdekkjande frivillige organisasjonar, innvandrarakorganisasjonar og organisasjonar som ønskjer å skalere opp verksemda si til nye stader i landet.

For å sikre auka frivillig aktivitet i fleire kommunar og område gjennom lokale integreringsprosjekt blei talet på kommunar med høg innvandrardel som forvaltar tilskot, dobla frå 20 i 2021 til 40 i 2022. IMDi tildelte om lag 70 prosent av midlane til dei utvalde kommunane, ein auke frå om lag 60 prosent i 2021. IMDi rettleier kommunane som forvaltar tilskotsordninga, og legg til rette for erfaringsdeling mellom stat, kommune og frivillig sektor. IMDi erfarer at samarbeidet medverkar til å styrkje frivillig sektor lokalt og til auka kompetanse og erfaringsdeling mellom kommunane og IMDi.

IMDi erfarer at det tek tid for nye kommunar å byggje opp eit godt samarbeid med frivillige organisasjonar og forvalte tilskotsmidlane. Riksrevisjonen har gjennomført stikkprøvekontroll

⁷³ Med nasjonale prosjekt meiner ein prosjekt i regi av sentralledet i landsdekkjande frivillige organisasjonar, prosjekt som skal utvikle metodar, samarbeidsformer og erfaringsdeling som har overføringsverdi til andre geografiske område og organisasjonar, og tiltak som skal nå breitt ut til målgrupper over heile landet.

3.3 Innvandrere har høg deltaking i samfunnslivet

av tilskot retta mot frivillige organisasjonar frå tre direktorat, blant dei IMDi.⁷⁴ Riksrevisjonen finn at når tilskotsforvaltninga er delegert til kommunane, som i dette tilfellet, er det krevjande å få til lik forvaltningspraksis og rapportering. IMDi følgjer opp Riksrevisjonens tilrådingar også i 2023.

Tabell 3-3-2. Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar. Støtte frå IMDi til prosjekt etter delmål for ordninga. Støttebeløp og prosentdel av løyving 2020–2022

Delmål for ordninga	2020		2021		2022	
	Tildelt (i mill. kroner)	Prosentdel	Tildelt (i mill. kroner)	Prosentdel	Tildelt (i mill. kroner)	Prosentdel
Del A: Stimulere til fellesskap, tillit og tilhøyrse i lokalsamfunn	7,9	29 %	11,6	26 %	13,1	36,5 %
Del B: Auke kunnskapen om det norske samfunnet og styrkje kvalifiseringa for arbeid eller utdanning	9,5	36 %	21,9	49 %	13,1	36,5 %
Del C: Førebyggje negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting	9,2	35 %	11,3	25 %	9,9	27 %
Totalt	26,8	100 %	44,9	100 %	36,3	100 %

IMDi har i tillegg fordelt midlar til 40 utvalde kommunar for vidaretildeling til lokale prosjekt, 89 mill. kroner i 2022. I tillegg har IMDi tildelt 0,5 mill. kroner i driftsstøtte til regionale innvandrorganisasjonar og 0,9 mill. kroner til små og nystarta organisasjonar og sett av 0,9 mill. kroner til klagebehandling.

Midlane blir i hovudsak fordelte til prosjekt under dei tre delmåla for ordninga. I tillegg blir det gitt driftsstøtte til lokale og regionale innvandrorganisasjonar. Driftsstøtta medverkar til auka inkludering og representasjon for innvandrarbefolkninga, og IMDi vurderer støtta som eit positivt tiltak for å styrkje innvandrorganisasjonane og deira rolle på feltet.

Deltakinga i frivillige organisasjonar og sivilsamfunnet er låg blant nokre grupper av innvandrere. Auka kontakt mellom mindre organisasjonar og etablerte større organisasjonar kan styrkje kompetansen til organisasjonane og potensialet for integrering, betre kontakten med lokalmiljø og utvide nettverksbygginga. IMDi sette derfor i verk ei prøveordning for små

⁷⁴ Riksrevisjonen (2022). *Revisjonsrapport for 2022 om tilskudd til organisasjonar*. [Rapportert i Dokument 1 \(2022–2023\) \(riksrevisjonen.no\)](#).

3.3 Innvandrere har høg deltaking i samfunnslivet

og nystarta organisasjonar på integreringsfeltet med tildeling av treårig støtte til ni utvalde organisasjonar og mentorane deira. Prøveordninga vil bli følgjevaluert av NTNU.

Utover prøveordninga med støtte frå IMDi til ni små og nystarta organisasjonar på integreringsfeltet fekk 147 lokale innvandrorganisasjonar driftsstøtte frå kommunane.

Under delmål A *Stimulere til fellesskap, tillit og tilhøyrse i lokalsamfunn for innvandrere og befolkninga elles, under dette arbeid mot rasisme og diskriminering og for mangfald i lokalsamfunn* fekk 33 nasjonale prosjekt støtte av IMDi, mens 477 lokale prosjekt fekk støtte frå kommunane. Støtta skaper felles møteplassar mellom innvandrere og befolkninga elles. Eksempel på prosjekt som fekk støtte, er *Hverdagsintegrering med Norges Frivillighetssentra* som medverkar til auka deltaking blant innvandrere i frivillig sektor og samfunnslivet elles, og Redd Barnas *Integrering og frivillighet – rett til lek og fritid*, som medverkar til fellesskap ved å skape ein inkluderande fritidsarena for barn og vaksne med asyl- og flyktningsbakgrunn.

Ni prosjekt mot rasisme og diskriminering fekk støtte. Eit eksempel er Røde Kors' *Flyktningsguide*, der organisasjonen arbeider mot rasisme og diskriminering med haldningsskapande arbeid. IMDi erfarer at fleire organisasjonar ønskjer å jobbe med tematikken, men at fleire som søker om støtte, ikkje arbeider direkte retta mot målgruppa og dermed ikkje kvalifiserer for støtte.

IMDi tildeler òg støtte til aktivitetar på asylmottak utanfor dei 40 kommunane som forvaltar tilskotsmidlar.

Under delmål B *Auke kunnskapen om det norske samfunnet og styrkje kvalifisering for arbeid eller utdanning blant innvandrere* fekk 34 nasjonale prosjekt støtte frå IMDi, mens 219 lokale prosjekt fekk støtte frå kommunane. Prosjekta som har fått støtte, blir vurderte til å medverke til auka arbeids- og samfunnsdeltaking ved å styrkje målgruppa sine føresetnader for å delta gjennom auka kunnskap om norske samfunnsforhold og norsk arbeidsliv, direkte praktisk erfaring og betre språkferdigheiter. Fleire prosjekt har òg konkrete målsetjingar om å medverke til at deltakarar kjem ut i arbeid, og ved å rekruttere fleire prosjektdeltakarar som frivillige i organisasjonane.

IMDi gav støtte til 16 nasjonale prosjekt som omfattar arbeidsretta tiltak. Eit eksempel er prosjektet *Krysskulturelt mangfald i arbeidslivet*, der organisasjonen NewUse jobbar med å kartleggje, lære opp og undervise innvandrarmenn og -ungdom i handverksarbeid.

IMDi gav støtte til 26 nasjonale prosjekt som medverkar til auka kunnskap om det norske samfunnet. Eksempel er rettleiingssenter, nettstader, podkastar og liknande som gir informasjon om rettar og plikter, offentlege tenester og tilbod og lokalt frivillig organisasjonsliv.

IMDi gav støtte til 11 nasjonale prosjekt som tilbyr frivillig norsktrening. Treninga blir ofte kombinert med andre aktivitetar, og det er i hovudsak større organisasjonar som har fått

støtte. Sjå også omtalen av norsk- og engelsktreningsprosjekt som fekk tildelt støtte under den ekstraordinære utlysinga av midlar til frivillige organisasjonar retta mot fordrevne frå Ukraina. Tilbod om norsktraining i regi av frivillige organisasjonar kan sjåast i samanheng med tilbod gitt under *Tilskot til norskopplæringsordninga* i kap. 3.2.

Fire frivillige organisasjonar har på oppdrag frå IMDi gitt opplæring til frivillige norsktrenarar og gjort sida til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) om norsktraining betre kjend.⁷⁵ Organisasjonane har gjennomført fire webinar med ulike tema med det formål å skape ein arena der frivillige kan ta imot pedagogisk rettleiing og reflektere over arbeidsmåtar innanfor norsktraining. Webinarane har vore godt marknadsførte på sosiale medium, på nettsidene til organisasjonane og i interne kanalar. Fleire av organisasjonane har supplert webinarane med fysiske samlingar og dermed løfta fram arbeidet med norsktraining internt. Organisasjonane rapporterer at webinarane er avspelte 1 935 gonger, og at om lag 140 har delteke på fysiske samlingar om norsktraining. Tilbakemeldingar tyder på at deltakarane opplevde webinarane som nyttige, noko som blir understreka ved at webinarane er blitt gjenbrukte ved fleire høve. Alle organisasjonane meiner at samarbeidet om webinarane har vore nyttig, særleg det å dele erfaringar om organisering og gjennomføring av norsktraining. Fleire organisasjonar ønskjer å vidareføre eit samarbeid om norsktraining.

Under delmål C *Førebyggje negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting og styrkje likestilling mellom kjønna* inngår også mentortilbod til utsette personar med innvandrarakgrunn som har måtta bryte med familie og nettverk. 22 nasjonale prosjekt blei støtta av IMDi, mens 96 lokale prosjekt fekk støtte frå kommunane. Det blei også gitt støtte til tiltak for likestilling og likeverd mellom kjønna. Minoritetsrådgivarar har delteke og/eller initiert møte med fleire av organisasjonane som fekk tilskotsmidlar frå IMDi på skular dei høyrer til.

Fleire prosjekt blei vidareførte frå 2021 og omfatta blant anna utvikling og utprøving av materiell. Utvalde eksempel er *Beatus Cras*, som har utvikla og gjennomført kurs og samtalegrupper for polske kvinner, betre integrering med majoritetsbefolkninga, styrkt nettverk og deltaking i arbeids- og samfunnsliv. Eit anna eksempel er *Clap Along*, som førebyggjer og kjempar mot kultur rehabilitering for somaliske barn og ungdom i Noreg.

Som i 2021 er det eit fåtal mindre organisasjonar, inkludert innvandrorganisasjonar, som har søkt om prosjektmidlar frå IMDi. Dette gjeld spesielt for delmål C. Det kan forklarast med at små organisasjonar kan mangle erfaring, kompetanse eller ressursar for å gjennomføre metodeutviklingsprosjekt med overføringsverdi nasjonalt.

Ekstraordinær tilleggsutlysing – fordrevne frå Ukraina

Ordninga blei styrkt med 45 mill. kroner til integreringstiltak retta mot fordrevne frå Ukraina. Gjennom ei ekstraordinær utlysing gav IMDi støtte til 151 nasjonale og lokale prosjekt.

⁷⁵ [Norsktraining – Kompetanse Noreg](#)

Støtta resulterte i ei rekkje møteplassar mellom fordrivne frå Ukraina og befolkninga elles, i tillegg til norsk- og engelsktreningsaktivitetar. Ekstrautlysinga førte til rekord i talet på søknader til IMDi frå frivillige organisasjonar. Fleire søkte om å oppskalere etablerte tilbod, mens mindre, lokale organisasjonar ønskte primært å tilby nye aktivitetar.

IMDi erfarer at ukrainske organisasjonar styrkte arbeidet sitt retta mot fordrivne frå Ukraina gjennom ekstraløyvinga. IMDi vurderer det som positivt at lokale organisasjonar kunne søkje om ekstra midlar frå IMDi, noko som medverka til å sikre geografisk spreiding i aktivitetstilbodet. Tilbakemeldingar frå dei frivillige organisasjonane var tydelege på at avgrensinga av målgruppa til ukrainarar var uheldig, sidan organiseringa av aktivitetstilbod i frivillig sektor ofte er, og bør vere, meir generelt innretta.

Nokre organisasjonar hadde allereie etablert tiltak for målgruppa, spesielt dei store landsdekkjande organisasjonane. Delmål A i ordninga blei styrkt med 30 mill. kroner, og IMDi gav støtte til 118 prosjekt for å motverke utanforskap og styrkje samhald og tilhørslse i lokalsamfunn for fordrivne frå Ukraina. Eksempel på tiltak og aktivitetar som har fått støtte, er idrettsaktivitetar, sosiale aktivitetar for familiar, turar i nærmiljø, songkor og leirskular.

Delmål B i ordninga blei styrkt med 15 mill. kroner til norsk- og engelsktrening for asylsøkjjarar og flyktingar frå Ukraina. IMDi gav støtte til 33 prosjekt for å medverke til at fordrivne frå Ukraina fekk tilbod om norsk- og engelsktrening. IMDi erfarer at organisasjonane har vore mindre førebudde på å kunne tilby engelsktrening, og støtta gjekk primært til norsktrening. Det er likevel mange prosjekt som kombinerer norsk- og engelsktrening. Språktreningstilboda har i hovudsak vore fysiske tilbod som språkkafé, «walk and talk»-tilbod og samtalegrupper. Fleire språktreningstilbod er gitt i kombinasjon med andre aktivitetar, for eksempel å gi informasjon om norsk samfunnsliv eller sosiale aktivitetar.

Som følgje av ekstraløyvinga utvida IMDi i 2022 «Snakke meir»-kampanjen frå 2021, på enkel norsk, ukrainsk og russisk. Kampanjen har som mål at aktuelle deltakarar får auka kjennskap til informasjon om ulike norsktreningstilbod. Årets kampanje var samansett av ein kort film og annonsar med budskapet «eg vil snakke meir fordi eg vil lære meir», som blei delt i sosiale medium. Kampanjen blei gjennomført frå september og ut året. Totalt hadde årets kampanje 133 375 visningar på Facebook og over 77 000 visningar av annonsane på Google. Kampanjen nådde ut til både menn og kvinner.

Arbeid mot negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting

Arbeidet med å førebyggje negativ sosial kontroll og æresrelatert vald har vore eit prioritert område for IMDi også i 2022. Innsatsen i 2022 knyter seg til arbeidet med å gi råd og

retteleiing til utsette barn og unge, slik at dei kan få nødvendig hjelp, og til kompetanseheving av skular og hjelpeapparat. Dette har medverka til auka bruk av og kjennskap til IMDis tenester for å førebyggje negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

IMDis minoritetsrådgivarar

IMDis minoritetsrådgivarar er ei sentral teneste i arbeidet styresmaktene gjer for å førebyggje og kjempe mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Minoritetsrådgivarane skal medverke til at fleire barn og unge som står i fare for eller blir utsette for negativ sosial kontroll eller æresrelatert vald, får råd, retteleiing og oppfølging i tråd med dei behova og rettane dei har. Dette skjer både gjennom oppfølging av utsette barn, unge og vaksne og ved kompetanseheving av tenesteapparatet.

IMDis 59 minoritetsrådgivarar er utplasserte ved vidaregåande skular, ungdomsskular og vaksenopplæringskontor i alle fylka i landet. Minoritetsrådgivarane har i 2022 gitt råd og retteleiing i 950 saker. Dette er ein mindre nedgang samanlikna med 2021 og kan sjåast i samanheng med stillingar som står ledige. Sakene som IMDis minoritetsrådgivarar er involverte i, spenner frå ulike gradar av press og kontroll til alvorlege valdssaker. Dei fleste sakene i 2022 handla om negativ sosial kontroll. Til liks med tidlegare år er det flest jenter som får bistand, og sakene har i størst grad involvert personar med bakgrunn frå Irak, Somalia, Afghanistan, Pakistan og Syria.

IMDis arbeid med kompetanseheving

IMDi har i 2022 gjennomført ei rekkje kompetansehevingstiltak for tilsette i tenesteapparat over heile Noreg. For å sikre at utsette personar får nødvendig bistand i saker som handlar om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, er det viktig at tilsette i tenestene har nødvendig kompetanse og kan tilby ei koordinert tenesterekkje.

Kompetanseheving er ein sentral del av mandatet til IMDis minoritetsrådgivarar, IMDis fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald og integreringsrådgivarane. Formålet med kompetansehevinga er å auke kunnskapen og kompetansen om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald blant tilsette i tenesteapparatet, slik at dei er medvitne om rettane til dei som er utsette, og kjenner til moglege handlingsalternativ og relevante hjelpetenester for personar i ein sårbar og vanskeleg livssituasjon.

Konferansen *Bak lukka dører* blei gjennomført i mai. Over 300 personar deltok på konferansen, som blant anna tematiserte samanhengen mellom menneskehandel, barneekteskap, tvangsekteskap og korleis vi skal forstå æresrelatert vald. Konferansen fekk svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane og synleggjorde IMDis rolle som det sentrale fagdirektorat på feltet.

Kompetansehevingsoppdraget og den utoverretta verksemda til minoritetsrådgivarane

Ifølgje mandatet til minoritetsrådgivarordninga skal minoritetsrådgivarar bruke cirka 40 prosent av arbeidstida på kompetanseheving av tilsette i skule og hjelpetenester. I 2022 har minoritetsrådgivarane gjennomført ei rekkje kompetansehevingsoppdrag over heile landet for tilsette i ulike tenester, og dei har i utstrekkt grad gjennomført aktivitetar knytte til anna utoverretta verksemd og førebyggingsarbeid. Aktivitetar som kan nemnast, er deltaking på stand, intervju i podkast, svar på ung.no og arrangementing av dialogkonferanse, i tillegg til at dei har halde innlegg/foredrag og stilt opp i media. Målgruppa har vore tilsette i ulike tenester og allmenta generelt, ungdommar og vaksne. Minoritetsrådgivarane har samarbeidd med kommune, fylkeskommune, IMDis fagteam og/eller andre aktuelle tenester i gjennomføringa av dei ulike arrangementa. Til saman har minoritetsrådgivarane gjennomført i overkant av 100 ulike kompetansehevingsoppdrag.

Erfaringa er at den utoverretta verksemda og kompetansehevingsoppdraget til minoritetsrådgivarane fører til fleire førespurnader frå tilsette i aktuelle tenester, at fleire utsette får nødvendig rettleiing og oppfølging, og at dei blir medvitne rettane og handlingsalternativa sine.

IMDis fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

IMDis fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald skal medverke til betre kompetanse i tenesteapparatet, slik at barn, unge og vaksne som står i fare for eller er utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting, får råd, rettleiing og oppfølging i tråd med behova og rettane sine.

Innsatsen til IMDis fagteam rettar seg hovudsakleg mot tilsette på skular som ikkje har minoritetsrådgivarar, og tilsette i vaksenopplæringscenter og flyktingtenester. I tillegg til å gi kompetanseheving til desse målgruppene om korleis dei skal førebyggje, avdekkje og følgje opp utsette personar, medverkar fagteamet også til å gjere dei andre tenestene på feltet betre kjende.

IMDis fagteam gjennomførte 69 kompetansehevingsoppdrag i 2022. 52 av dei var fysiske, mens 17 var digitale. Det blei gjennomført kompetansehevingsoppdrag i alle fylka i landet. I tillegg til å heve kompetansen til tilsette på skular, i flyktingtenester og ved vaksenopplæringscenter har fagteamet også hatt kompetanseheving for andre grupper, som verjer, frivillige organisasjonar og studentar ved universitet og høgskular. Fagteamet har også gjennomført tverrfagleg kompetanseheving gjennom større fagdagar der fleire ulike tenester som RVTS og Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll har delteke. Formålet med fagdagan har vore å auke den tverrfaglege kompetansen på feltet lokalt, gjennom å setje søkjelys på felles tverrfagleg samhandling.

Tenester som har motteke kompetansehevingstiltak frå IMDi fagteam, har gitt tilbakemeldingar om at kompetansehevinga har vore nyttig, og at ho har medverka til auka medvit rundt tematikken negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Nokre av kompetansehevingsoppdraga til fagteamet har også generert nye bestillingar frå andre grupper og profesjonar i same kommune, noko som stadfestar at behovet for kompetanseheving framleis er stort. Auka medvitsgjering og betre fenomenforståing vil kunne medverke til å identifisere fleire personar som er utsette for negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, og betre kjennskap til dei særskilde tenestene på feltet vil gjere det enklare for tilsette i tenesteapparatet å vite kvar dei skal vende seg for råd og rettleiing i enkeltsaker.

Integreringsrådgivarar (spesialutsendingar for utlendingssaker)

IMDi er i samarbeid med Utanriksdepartementet fagstyresmakt for fire integreringsrådgivarar som er utstasjonerte ved ambassadane i Amman, Ankara, Islamabad og Nairobi. Integreringsrådgivarane yter konsulær bistand til personar som er utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Integreringsrådgivarane medverkar til kompetanseheving av tenesteapparatet i Noreg gjennom råd og rettleiing i enkeltsaker og gjennom kompetansehevingstiltak. Integreringsrådgivarane har også medverka med kompetanseheving gjennom fagnotat og anna rapportering om trendar og utvikling som er viktig for det førebyggjande arbeidet i Noreg.

I 2022 har kompetansehevinga skjedd i samarbeid med IMDi fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald, minoritetsrådgivarar og Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll. Søkelyset har vore retta mot konkret handtering av sakskompleks og problemstillingar knytte til arbeidet i Noreg. Integreringsrådgivarane har halde fram det transnasjonale perspektivet i dette arbeidet. Målgruppa for arbeidet har vore førstelinjetenestene. Integreringsrådgivarane har òg delteke i mindre forum med utvalde tenester og ressurspersonar der formålet har vore erfaringsutveksling om arbeidet og samarbeid for å avdekkje eventuelle hòl og blindsoner, for eksempel mogleg kopling til arbeidet mot menneskehandel.

Saker integreringsrådgivarane har arbeidd med i 2022

IMDi integreringsrådgivarar har i 2022 gitt råd og rettleiing i 235 saker. Dei fleste sakene i 2022 handlar om ufrivillig opphald i utlandet. Til liks med tidlegare år er det flest jenter som får bistand, og sakene har i størst grad involvert personar med bakgrunn frå Irak, Somalia, Afghanistan, Pakistan og Syria.

Kunnskapsutvikling

Det er behov for betre styringsinformasjon for å førebyggje og arbeide målretta mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Derfor har dette vore eit prioritert område for IMDi arbeid med kunnskapsutvikling i 2022.

På oppdrag frå IMDi har NIBR gitt ut rapporten *Vil gjerne vite mer: Kompetansebehov om negativ sosial kontroll og æresrelatert vold blant ansatte i opplærings- og integreringstjenestene*.⁷⁶ Prosjektet er forankra i tiltak 1 i regjeringa sin handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. Rapporten konkluderer med at det er stort behovet for meir kompetanse i opplærings- og integreringstjenestene, på tvers av geografi.

Tilskotsmidlar til RVTS

IMDi har tildelt 1 mill. kroner til dei regionale ressursentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS), og desse midlane skal brukast til kompetansehevande arbeid knytt til negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Midlane har gått til regionale nettverkssamlingar, både digitale og fysiske. Nettverka knytte til RVTS har samarbeidd med IMDi fagteam og minoritetsrådgivarar, der det blant anna er produsert rettleiarar og arrangert kurs og møte knytte til tematikken.

Handlingsplan mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Regjeringa lanserte i 2021 handlingsplanen *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold (2021–2024)*. Handlingsplanen er eit sentralt verkemiddel i IMDi sin innsats mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald. IMDi har ansvar for koordinering og drift av desse nettverka i tilknytning til handlingsplanen:

- ◆ Nasjonalt nettverk for kunnskapsutvikling og kompetanseheving er samansett av direktorat med ansvar for tiltak i handlingsplanen, i tillegg til dei regionale ressursentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS) og Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS). IMDi fagteam for førebygging av negativ sosial kontroll og æresrelatert vald og Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll deltek òg i nettverket.
- ◆ Nordisk praktikarnettverk samansett av aktørar frå hjelpeapparatet i kvart land. Nettverket skal drive erfaringsutveksling og kunnskapsdeling mellom aktørar i hjelpeapparatet i dei nordiske landa.

⁷⁶ [Kompetansebehov om negativ sosial kontroll og æresrelatert vold blant ansatte i opplærings- og integreringstjenestene | IMDi](#)

- ◆ Referansegruppa, samansett av frivillige organisasjonar og ressurspersonar, skal medverke til at styresmaktene får tilbakemeldingar om utviklingstrekk på dei ulike temaa i aktuelle miljø. Nettverket skal òg medverke til at arbeid mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald blir kjent i aktuelle miljø.

IMDi digitale innsats mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting

Sosiale medium er ein svært viktig arena for IMDi innsats mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Under og etter koronapandemien har IMDi styrkt nærværet sitt på sosiale medium, nettportalen *Nora* og ung.no.

Minoritetsrådgivarar i sosiale medium

I 2022 har minoritetsrådgivarane nytta Instagram, Facebook og Snapchat for å synleggjere mandatet til ordninga og hjelpetilboda til utsette ungdommar. I tillegg har dei vore med på å spreie informasjon om IMDi nettportal *Nora* og nettsidene til andre aktuelle hjelpetenester. Erfaringa er at sosiale medium kan vere eit viktig verkemiddel for å nå ut til utsette ungdommar med informasjon og kunnskap.

Nettportalen Nora

IMDi driv nettportalen *Nora*. Den primære målgruppa for nettportalen er utsett ungdom, dernest kjem skule og hjelpeapparat.

Som ledd i arbeidet med å gjere *Nora* meir kjend for målgruppene har IMDi formidla informasjon om arbeidet sitt med kompetanseheving og oppfølging av ungdom. IMDi har òg sørgd for at det er lenkjer til *Nora* frå relevante artiklar på ung.no. I 2022 har hovudvekta vore lagd på å vidareutvikle innhaldet og å nå nye målgrupper – som ungdom og unge vaksne med kort butid og flyktningsbakgrunn – med tematikken på nettportalen. Det er blitt produsert meir informasjon om tema som krysskulturell identitet, informasjon om ufrivillige reiser og negativ sosial kontroll på nett på nettportalen.

Nora fekk hausten 2022 ein tilhøyrande Instagram-kanal, slik at målgruppa ungdom og unge vaksne lettare kan finne innhaldet på dei sosiale medieplattformene dei er på.

Som eit verkemiddel for å gjere IMDi tenester meir kjende er det blitt laga informasjonsfilmar, både om nettportalen *Nora* til bruk på sosiale medium og for å heve kompetansen om temaet.

Ungdomsskuleelevar er ei nyare målgruppe for *Nora* og for minoritetsrådgivarordninga. Målgruppa blir følgd opp på *Nora* gjennom filmarbeid, vidareutvikling av eit undervisningsopplegg og informasjon på nettportalen.

3.3 Innvandrarak har høg deltaking i samfunnslivet


Sommaren 2022 blei det laga ein sommarferiekampanje retta mot ungdom for å førebyggje ufrivillige reiser og for å vise til aktuell informasjon om hjelpeapparatet på nettportalen *Nora*. Kampanjen blei lagd ut på fleire aktuelle sosiale medium, som Tiktok, Instagram og Snapchat. Kampanjen har over 5 millionar visningar og trefte spesielt godt i målgruppa 13–17 år. I 2022 var det 24 690 sidevisningar på *Nora*, ein auke på 8 prosent samanlikna med året før.

IMDi på ung.no

IMDi har svart på spørsmål om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald på ung.no sidan 2014. I 2022 gav IMDi svar til 148 ungdommar på spørsmåla deira. IMDi har vidareført samarbeidet med ung.no om kvalitetssikring av artiklar og informasjon på nettstaden om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.


3.3 Innvandrere har høg deltaking i samfunnslivet

Bruk av tolk i offentlig sektor i 2021




Nasjonalt tolkeregister

Per 31.12.2022



Gjennomføring av tolkeoppdrag i 2021



3.4 Tolking i offentlig sektor

I 2022 fekk Noreg ei eiga tolkelov. Tolkelova § 6 slår fast at offentlege organ skal bruke tolk når det er nødvendig for å sikre rettstryggleiken og yte forsvarleg hjelp og teneste, mens § 7 stiller krav om at tolken skal vere kvalifisert.

IMDi er fagstyresmakt for tolking i offentlig sektor og skal gi rettleiing og drive målretta kunnskapsutvikling og -formidling på tolkefeltet. Rettleiing og informasjonsarbeid retta mot offentlege organ er ei kjerneoppgåve. Det same er forskingsprosjekt som kan avdekkje kva språk ein skal kvalifisere nye tolkar på, og eit tett samspel med utdanningsinstitusjonane for å sikre eit treffsikkert utdanningstilbod som gir offentlig sektor tilgang på kvalifiserte tolkar i dei språka samfunnet har bruk for. IMDi eig og driftar Nasjonalt tolkeregister.

IMDi har i 2022 prioritert implementering av tolkelova høgt og arbeider systematisk med å rettleie og leggje til rette for ei opptrapping av bruken av kvalifiserte tolkar i offentlig sektor.

Dei mange fordrivne frå Ukraina medførte i 2022 eit ekstraordinært behov for å kvalifisere fleire ukrainsktalande tolkar og tiltak for å sikre offentlege organ tilgang på kvalifiserte tolkar. IMDi har samarbeidd tett med OsloMet for å handtere det auka tolkebehovet.

Rettleiing av offentlege organ

Som nasjonal fagstyresmakt for tolking i offentlig sektor skal IMDi informere og rettleie offentlege organ, tolkebrukarar og tolkar om forhold som gjeld tolkefeltet. I 2022 har tolkelova medverka til ein kraftig auke i talet på tolkerelaterte førespurnader samanlikna med tidlegare år. IMDi har halde ei rekkje informasjons- og dialogmøte med blant andre Politiet, Nav, Utlendingsdirektoratet (UDI), Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), statsforvaltarar, Språkrådet, utdanningsinstitusjonar, sjukehus og helseføretak, Domstoladministrasjonen, kommunar og fylkeskommunar. IMDi har òg vurdert det som viktig å produsere digitalt informasjons- og rettleiingsmateriell som offentlege organ sjølv kan nytte, og som kan distribuerast breitt.

I årets første månader publiserte IMDi ein informasjonsfilm og tilhøyrande informasjonskampanje om tolkelova. Filmen forklarar tolkelova på ein lett og underhaldande måte. Han er blitt brukt aktivt av samarbeidspartnarar og andre aktørar over heile landet og har vore ei viktig brikke i implementeringa av tolkelova. Visningstala frå Facebook og Instagram frå januar 2022 viste nærmare 5,2 millionar visningar, noko som er langt over det opphavlege estimatet på 3,5 millionar. IMDis nettsider om tolking har gjennomgått ei omfattande omstrukturering, revidering og utviding. Sidene har fått ny informasjon om

tolkelova, retningslinjer for bestilling og bruk av tolk og utdjupande informasjon om skjermtolking.

Tolkefeltet har eit stort behov for gode møteplassar og arenaer for kunnskapsdeling. Tolkekonferansen, som markerte eitt år med tolkelova, hadde som formål å samle tolkefeltet, tydeleggjere IMDi's rolle opp mot tolkelova og tilby ein arena for fagleg kunnskapsdeling og nettverksbygging. Målgruppa for konferansen var brei, og dei i underkant av 300 deltakarane inkluderte både fagpersonar, tilsynsorgan, utdanningsinstitusjonar, talespråktolkar og teiknspråktolkar. Konferansen vekte stort engasjement blant deltakarane, og IMDi fekk svært positive tilbakemeldingar i etterkant. I løpet av to dagar med tett pakka innhald fekk deltakarane presentasjonar frå nasjonale og internasjonale innleiarar. I tillegg var det sett opp ei rekkje læringsverkstader, med høve til å komme tett på tolkelova og aktuelle faglege problemstillingar.

IMDi har i 2022 fått eit nytt ansvarsområde som rådgivande organ for tilsynsstyresmakter som fører tilsyn med offentlege organs implementering og etterleving av tolkelova. I den samanheng har direktoratet hatt dialog med forskjellige tilsynsstyresmakter (Politiet, statsforvaltarar, Barneombodet, Nav, Statens helsetilsyn).

Kunnskapsbasert arbeid

Eit godt kunnskapsgrunnlag er avgjerande for at IMDi's tiltak på tolkefeltet skal vere treffsikre, for å avdekkje behov for justeringar, ytterlegare arbeid på gitte temaområde eller avvikling av feilslåtte tiltak. Tolkelova byggjer på eit kontinuerleg kunnskapsbasert arbeid, og IMDi har sett i gang fleire forskings- og utviklingsprosjekt som vil medverke til å undersøkje i kva grad offentlig sektor etterlever krava i lova, og gi direktoratet gode indikatorar på korleis lova påverkar tolkefeltet og medverkar til opptrappinga av bruken av kvalifiserte tolkar i offentlig sektor.

Stort behov for betre organisatoriske løysingar

Proba samfunnsanalyse har på oppdrag frå IMDi gjennomført ei utgreiing av forholdet mellom arbeidsforholda til tolkar og organisatoriske løysingar på tolkefeltet,⁷⁷ og i kva grad offentlege organ lykkast med å dekkje behovet for kvalifiserte tolkar i kontakt med minoritetsspråklege innbyggjarar. Proba finn at offentlege organ ofte mislykkast i å dekkje behovet for tolking med kvalifiserte tolkar, og at dette ofte kjem av problem med organisering og ikkje av knapp tilgang på kvalifiserte tolkar. Dårlege lønns- og arbeidsvilkår avgrensar også tilgangen på kvalifiserte tolkar.

⁷⁷ [Tolkers arbeidsforhold og markedet for tolketjenester | IMDi](#)

Proba konkluderer med at for å oppnå måla med tolkelova vil det vere viktig å sikre eit godt kvalifiseringstilbod for tolkar, motverke fråfall frå tolkeyrket og jobbe for betre utnytting av kapasiteten til tolkane. Ambisjonane om at tolkelova skal medverke til ei kvalitetsreform på tolkefeltet, kan vanskeleg oppfyllast utan forsterka økonomisk innsats særleg knytt til organisatoriske løysingar hos offentlege organ, og forsterka økonomisk innsats knytt til treffsikre kvalifiseringstilbod i tolking.

Årleg måling av samfunnets tolkebehov og korleis offentlege organ etterlever tolkelova

IMDi har i 2022 etablert ei årleg indikatormåling av effekten av tolkelova og tolkebehova til offentlege organ. Undersøkinga *Tolkemonitor*⁷⁸ viser i kva grad lovføresegnene i tolkelova blir implementerte og etterlevde av offentlege organ, og kor stort behov offentlege organ har for tolking på ulike språk. *Tolkemonitor* blir gjennomført av Agenda Kaupang og skal medverke til eit betre vurderingsgrunnlag for utveljinga av kva språk det skal kvalifiserast tolk i, og for eit eventuelt behov for forlenging av overgangsperioden for innføring av kravet om å bruke kvalifisert tolk.

I undersøkinga av i kva grad offentlege organ etterlever ansvaret for å bruke tolk (tolkelova § 6), viser *Tolkemonitor* ein positiv samanheng mellom talet på innvandrarak og talet på tolkeoppdrag i kommunane, det vil seie at tolkebruken aukar proporsjonalt med behovet.

Offentlege organ kan ikkje bruke kven som helst som tolk, men har ansvar for å bruke kvalifisert tolk (tolkelova § 7). Delen av tolkeoppdrag som blir gjennomførte av kvalifisert tolk, er stigande. 60 prosent av tolkeoppdraga i 2021 blei gjennomførte av tolkar med tolkefaglege kvalifikasjonar, mot 48 prosent i 2020. 15 prosent av oppdraga i 2021 blei gjennomførte av dei høgast kvalifiserte tolkane, dei med statsautorisasjon og/eller bachelorgrad i tolking (nivå A–C), mot 9 prosent i 2020. Samtidig viser rapporten at særleg mindre aktørar (private eller offentlege føretak som utfører oppdrag på vegner av det offentlege, f.eks. fastlegar, tannlegar, private asylmottak, skular og barnehagar) som ofte nyttar private tolkeformidlarar, har utfordringar med å få dekt tolkeoppdrag med kvalifiserte tolkar.

Tolkeoppdrag i offentlig sektor i 2021

Den årlege oversikta over tolkeoppdrag i offentlig sektor blir utarbeidd av Oslo Economics og baserer seg på tal som er innhenta året etter at oppdraga blei gjennomførte. I 2021 blei det gjennomført 780 000 oppdrag på talespråk og 64 000 oppdrag for døve, høyrselshemma og døvblinde. Offentleg sektor brukte totalt 814 mill. kroner på tolketenester. Tolking på arabisk utgjorde 33 prosent av det totale tolkebehovet. Arabisk blir etterfølgt av tigrinja,

⁷⁸ [Tolkemonitor LOV 2021](#), [Tolkemonitor SPRÅK: Offentlege organers behov for tolketjenester i 2021](#)

polisk, norsk teiknspråk og somali som dei fem største tolkespråka. Det er på desse språka det er størst behov for kvalifisering av tolkar, med unntak av norsk teiknspråk. Dei 20 språka det blei gjennomført flest tolkeoppdrag på i 2021, utgjorde til saman 90 prosent av alle gjennomførte oppdrag. Dette inneber at det er ein ganske føreseieleg situasjon for offentlege etatar som skal planleggje tolkeoppdrag. Helse- og omsorgssektoren stod for flest oppdrag, etterfølgt av sosialtenester og barnebeskyttelse. Det har vist seg utfordrande å få innhenta data frå offentlege organ og andre om tolkebehovet på samiske språk. IMDi har gitt Sámi allaskuvla i oppdrag å kartleggje behovet for tolking på samiske språk.

Fram til den 31. desember 2026 er det i tolkelova gitt dispensasjon frå kravet om å bruke kvalifisert tolk. Behovet for denne overgangsperioden heng blant anna saman med at det trengst betre dekning av kvalifiserte tolkar i språk som i dag har relativt stor underdekning. I første halvår 2022 hadde offentlege organ behov for tolking på 16 språk som det ikkje finst kvalifiserte tolkar for i Nasjonalt tolkeregister, mot 24 språk i 2021. Desse språka utgjør samla ein svært liten del av det totale tolkebehovet, og tolkeoppdrag på desse språka kan komme inn under høvet til å fråvike kravet etter § 7 andre ledd i tolkelova.

På språk som det finst kvalifiserte tolkar for, viser utrekningane frå første halvår 2022 at 23 språk har underdekning av tolkar i Nasjonalt tolkeregister. Av desse er det berre 14 språk der det er behov for fleire enn 10 nye kvalifiserte tolkar for å dekkje behovet for tolking hos offentlege organ. Behovet for eit dispensasjonshøve er dermed framleis til stades, dersom ikkje dette òg skal komme inn under høvet til å fråvike kravet etter § 7 andre ledd.

Det er utrekna behov for kvalifisering av i overkant av 1 000 nye tolkar til Nasjonalt tolkeregister for å dekkje behovet for tolking på alle aktuelle språk hos offentlege organ. Ein stor del av dette behovet gjeld arabisk (behov for 625 nye tolkar) og tigrinja (behov for 187 nye tolkar). På tvers av alle kvalifikasjonskategoriar har arabisk størst underdekning, etterfølgt av tigrinja, dari, russisk, somali og ukrainsk. På 49 språk er det rekna ut at det er tilstrekkeleg mange kvalifiserte tolkar i Nasjonalt tolkeregister.

IMDis kunnskapsgrunnlag om behovet for framtidig kvalifisering av tolkar blir nytta av utdanningsinstitusjonane for å utarbeide langsiktige studieplanar for kva språk som skal prioriterast ved tolkeutdanningane, og utarbeide god informasjon til interessentar om kvalifiseringstilboda for tolkar.

Ekstraordinære tiltak for fordrivne frå Ukraina

Russlands invasjon av Ukraina i februar utløyste ei stor bølge av flyktningar til Noreg. I første halvdel av 2022 var det stor uvisse knytt til i kva grad ukrainske flyktningar ville kunne kommunisere forsvarleg ved hjelp av russisktalende tolk, og i kva grad dei ville kunne akseptere russisk som tolkespråk. Det har vist seg at langt dei fleste flyktningane meistrar begge språka godt. Til forskjell frå russisk, der det offentlege i lang tid har hatt stabil og god tilgang på kvalifiserte tolkar, var ukrainsk før den store innkomsten av ukrainske flyktningar til Noreg eit språk der behovet for tolketenester var lågt, og eit språk med få kvalifiserte

tolkar i Nasjonalt tolkeregister. Det var derfor nødvendig å respondere raskt og styrkje tilgangen på ukrainsktalende tolkar.

Under førre flyktningbølge i 2015 og 2016 blei det etablert gode rutinar for å handtere eit brått auka tolkebehov i krisesituasjonar. Med tilgang på gode data gjennom Nasjonalt tolkeregister og eit fleksibelt system for kvalifisering av tolkar kunne direktoratet også denne gongen raskt danne seg eit bilete av behovet for tolkar i ukrainsk, og setje i gang kvalifiseringstiltak. Etter førespurnad frå IMDi svarte både OsloMet og Høgskulen på Vestlandet raskt med ein plan og kostnader for ei omprioritering av kvalifiseringstilbod som kunne sørgje for kvalifisering av fleire ukrainsktalende tolkar på kort tid. Deltakarane fekk først kurs i tolkens ansvarsområde (TAO-kurset) og gjekk så gjennom grunnemne i tolkeutdanninga. I februar 2022 var det 14 kvalifiserte ukrainsktolkar, i juli var det 146 og ved utgangen av året var det 149. Siste halvår gjennomførte 30 av desse tolkeutdanninga med ukrainsk som tolkespråk og fekk dermed heva kompetansen og kvalifikasjonsgraden sin i tolkeregisteret.

Det raskt veksande talet på nye ukrainske tolkar med låge kvalifikasjonar og kort erfaring tydeleggjorde også utfordringar knytte til den psykiske helsa til tolkar, blant anna sekundærtraumatisering. I oktober arrangerte derfor IMDi, i samarbeid med UDI, eit seminar for tolkar om tolking i sårbare og belastande situasjonar.

IMDi har gjennom året kartlagt behovet for tolketenester på ukrainsk og russisk og meiner at offentlege organ ved årsskiftet 2022/2023 har tilstrekkeleg tilgang på kvalifiserte tolkar for samtalar med fordrivne frå Ukraina. IMDi's undersøkingar⁷⁹ viser likevel eit misforhold mellom dei utfordringane offentlege organ har med å skaffe tolkar, og den faktisk unytta kapasiteten hos tolkane. Hovudårsaka til at offentlege organ som har behov for tolk, ikkje finn fram til kvalifiserte tolkar, ser ut til å vere organisatoriske forhold.

Ved kriser eller spesielt krevjande situasjonar er det viktig å formidle relevant informasjon om bruk av tolk til offentlege aktørar, frivillige organisasjonar og befolkninga generelt. Gjennom IMDi's nyhendebrev, imdi.no, i aviskronikkar og på forskjellige samarbeidsflater sørgde IMDi for å leggje fram oppdatert og nøyaktig informasjon om tilgangen på ukrainsk- og russisktolkar, utfordringar knytte til tilgangen på kvalifiserte tolketenester på ukrainsk og utfordringar knytte til å bruke tolk i ein krigssituasjon.

Kvalifisering av tolkar

IMDi skal medverke til at offentlig sektor har tilgang på kvalifiserte tolkar. Målet med IMDi's innsats for å kvalifisere tolkar og auke talet på tolkar i Nasjonalt tolkeregister er å leggje til rette for at offentlege organ skal kunne lykkast med å etterleve tolkelova § 6 om å bruke tolk når det er nødvendig for å sikre forsvarleg hjelp og teneste, og tolkelova § 7 om at

⁷⁹ [Tolkers kapasitet og tilgjengelighet i en tid med ekstraordinære behov | IMDi](#)

tolken skal vere kvalifisert. Oppføring i Nasjonalt tolkeregister blir innvilga på bakgrunn av formelle tolkefaglege kvalifikasjonar i form av godkjenning som statsautorisert tolk og/eller tolkeutdanning frå universitet/høgskule. Personar som verken har autorisasjonsgodkjenning eller tolkeutdanning, kan kvalifisere til oppføring i registeret ved å ta ei tospråkleg prøve, tospråktesten, i tillegg til eit kort kurs om tolkens ansvarsområde (TAO-kurs).

Tilskot til kvalifisering av tolkar

IMDi gir tilskot til tolkekvalifisering ved OsloMet og Sámi allaskuvla. Formålet med tilskotet er å sikre eit føreseieleg test- og kvalifiseringstilbod på tolkespråk som er etterspurde i offentlig sektor. Midlane blir nytta til å finansiere den faglege og administrative gjennomføringa av autorisasjonsprøva for tolkar, tospråktesten og kurs i tolkens ansvarsområde (TAO). IMDi's tilskot dekkjer ikkje tolkeutdanningane. OsloMet har ansvaret for kvalifiseringstilbod i nyare minoritetsspråk, mens Sámi allaskuvla i 2022 år har overteke ansvaret for kvalifiseringstilbod på samiske språk.

Tilskota til kvalifiseringsordningane for tolkar ved OsloMet har auka dei siste fem åra, og rekordmange kandidatar er blitt testa i 2022. Totalt har 623 kandidatar fordelt på 27 språk teke tospråktesten, og 215 kandidatar har gjennomført TAO-kurset på 41 språk. I 2022 gjennomførte 149 kandidatar skriftleg og/eller munnleg prøve på autorisasjonsprøva, fordelt på 9 språk. Talet på testar har likevel ikkje auka i takt med tilskota til ordningane. OsloMet opplyser at dei har nådd eit tak for kor mange testar dei kan gjennomføre, og at det er stort behov for å effektivisere og vidareutvikle ordningane. Ekstraordinære behov som følgje av krigen i Ukraina innebar at det ordinære tilbodet måtte nedjusterast. Eit nytt digitalt administrasjonssystem er forventa å gi store gevinstar når det blir teke i bruk i 2023. Det er også viktig at arbeidet med å modernisere og effektivisere autorisasjonsordninga for tolkar blir følgd opp, slik det er skissert i rapporten *Evaluering av autorisasjonsordningen for tolkar* (Proba samfunnsanalyse, 2020).⁸⁰

Nasjonalt tolkeregister

I 2022 har totalt 6 personar fått godkjenning som statsautorisert tolk i 4 ulike språk, og 215 personar har kvalifisert seg til oppføring i Nasjonalt tolkeregister gjennom tilfredsstillande resultat på tospråktesten og gjennomført TAO-kurs. I tillegg til dette har 38 personar fullført bachelor i tolking ved OsloMet. 52 personar har fullført grunnemne i tolking ved OsloMet, og 28 personar har fullført grunnemne i tolking ved Høgskulen på Vestlandet, og det gir grunnlag for oppføring i tolkeregisteret. Fleire av desse er personar som var oppført i Nasjonalt tolkeregister i lågare kvalifikasjonskategoriar frå før, så auken i talet på unike personar i registeret er noko lågare enn summen av desse tala.

I løpet av 2022 har talet på oppføringar i Nasjonalt tolkeregister auka med 15 prosent, frå 1 948 oppføringar per 31.12.2021 til 2 245 oppføringar per 31.12.2022. Talet på unike

⁸⁰ [Evaluering av autorisasjonsordningen for tolkar \(2020\) | IMDi](#)

personar har auka frå 1 636 til 1 891. Ved årsslutt var det komme 2 nye språk inn i registeret, som no tel 79 språk totalt. Delen høgt kvalifiserte tolkar med anten bachelorgrad, statsautorisasjon eller grunnemne i tolking var 55 prosent.

Tabell 3-4-1. Oppføringer i Nasjonalt tolkeregister per 31.12., etter kvalifikasjonskategoriar. Tal. 2020–2022

Kvalifikasjonskategori	Tal på oppføringer		
	2020	2021	2022
Kategori A: Statsautorisasjon og bachelorgrad	18	26	66
Kategori B: Bachelorgrad eller statsautorisasjon og grunnemne	217	234	242
Kategori C: Statsautorisasjon	43	45	42
Kategori D: Grunnemne	745	814	879
Kategori E: Tospråktesten og kurs (TAO) eller statsautorisert translatør/fagomsetjar og kurs (TAO)	630	829	1 016
Totalt	1 653	1 948	2 245

Vidareutvikling av kvalifiseringstilbodet for tolkar

I 2022 blei kurset i tolkens ansvarsområde (TAO-kurset) ved OsloMet gjort digitalt, noko som opnar for at aspirerande tolkar over heile landet lettare kan oppnå kvalifisering for oppføring i Nasjonalt tolkeregister. Det nye heildigitale TAO-kurset har gitt ei rekkje gevinstar både i form av fleire deltakarar som har gjennomført TAO-kurset på kortare tid, og lågare utgifter til avvikling og gjennomføring av kurset. Det nye digitale kurstilbodet er både meir effektivt, meir fleksibelt og meir ressursparande enn det tidlegare tredagarskurset. Ikkje minst er organiseringa av kurset meir føreseieleg og tilgjengeleg for deltakarar frå heile landet, som ikkje lenger treng å reise til Oslo for å gjennomføre kurs. Digitaliseringa av TAO-kurset har gjort det mogleg å fornye og forbetre det pedagogiske innhaldet i kurset.

OsloMet fekk i 2022 i oppgåve frå IMDi å greie ut eitt eller fleire forslag til korleis autorisasjonsprøva i tolking mellom norsk og norsk teiknspråk kunne gjennomførast med same språklege og tolkefaglege vanskegrad som statsautorisasjonsprøva i tolking for talte språk. Autorisasjonsprøva i norsk / norsk teiknspråk vil bli pilotert hausten 2023. Teiknspråktolkar har til no ikkje vore registrerte i Nasjonalt tolkeregister, og høve til å bli registrert i dei øvste kategoriane i registeret vil vere eit viktig løft for teiknspråktolkeprofesjonen.

For første gang i 2022 fekk Sámi allaskuvla tilskot til kvalifiseringstilbod for å dekkje behova offentlege organ har for kvalifiserte tolkar i samiske språk. Tildelinga må sjåast i samanheng med det arbeidet Sámi allaskuvla gjer for å byggje opp eit eige utdanningstilbod i tolking på samiske språk. Sámi allaskuvla skal på sikt tilby eit føreseieleg kvalifiseringstilbod i tolking på

samiske språk. Dei samiske språka er urfolksspråk og norske offentlege organ er avhengige av gode kvalifiserings- og utdanningstilbod i tolking mellom norsk og dei samiske språka for å sikre at samisk og norsk er likestilte språk i kontakt mellom innbyggjarar og offentlege organ i Noreg.

Kvalifisering av tolkar i samsvar med yrkeskvalifikasjonslova

I samsvar med forskrift til tolkelova § 12 kan tolkar som har erverva eller fått dei tolkefaglege kvalifikasjonane sine godkjende i ein annan stat, få godkjenning i Noreg etter yrkeskvalifikasjonslova. Dette dannar grunnlag for oppføring i Nasjonalt tolkeregister. IMDi er nasjonal ansvarleg styresmakt for å godkjenne tolkefaglege yrkeskvalifikasjonar frå utlandet. I tillegg til at dette er eit nytt ansvarsområde for IMDi, er emnet regulert av fleire rettskjelder med forskjellig rang (tolkelova med tilhøyrande forskrift, yrkeskvalifikasjonslova med tilhøyrande forskrift, EU-yrkeskvalifikasjonsdirektivet, EØS-avtalen). Dette har medført eit behov for å utforme interne saksbehandlingsrutinar og retningslinjer for å harmonisere og tilpasse dei ulike reglane til godkjenning av tolkeprofesjonen i Noreg. Som ansvarleg styresmakt for å godkjenne tolkefaglege yrkeskvalifikasjonar frå utlandet deltek IMDi i nettverket til godkjenningsstyresmaktene, eit kompetanseforum samansett av 18 godkjenningsstyresmakter. Forumet blir samla minst to gonger i året i regi av Kunnskapsdepartementet som koordinator for yrkeskvalifikasjonsdirektivet og Nokut som assistansesenter, for å dele erfaringar og få oppdateringar frå EU på feltet.

Behandling av varsel mot tolkar

Med heimel i tolkelova § 19 kan alle varsle IMDi om tolkar som bryt krava i tolkelova om god tolkeskikk, teieplikt og habilitet. IMDi vurderer varsel som handlar om statsautoriserte tolkar og tolkar som er oppførte i Nasjonalt tolkeregister. IMDi har utarbeidd interne rutinar for mottak og behandling av varsel og publisert retningslinjer for korleis varsla vil bli handterte, på nettsidene. I samband med vurdering av varsla blir det oppretta eit partssamansett utval som rådgivande organ for IMDi. IMDi vil gjere vedtak i sakene etter råd frå utvalet. Utvalet skal møtast to–tre gonger i året, eventuelt fleire gonger om det trengst.

Skjermtolking

Offentleg sektor har ikkje uavgrensa tilgang på tolkar, og i store delar av landet er det langt til nærmaste tolk. Det kan løysast ved at tolken deltek via skjerm eller telefon. Skjermtolking gir, til liks med frammøtetolking, tolken tilgang til visuell informasjon – noko som medverkar til at tolkinga kan skje forsvarleg. Det er fordelar og ulemper ved alle dei tre tolkeformene, men skjermtolking blir samla sett rekna som ei betre løysing enn telefontolking og er derfor ei viktig brikke i arbeidet for å gjere offentlege organ over heile landet i stand til å etterleve krava i tolkelova, under dette plikta til å bruke kvalifisert tolk. Rundt årsskiftet 2021/2022 hadde IMDi fullført eit omfattande innsiktsarbeid, og i 2022 har fleire informasjonsfilmar, nye nettsider og eit eige e-læringskurs om skjermtolking sett dagens lys.

Informasjonspakke for auka og betre bruk av skjermtolking

Instruksjonsfilmane *Skjermtolkens utstyr og omgivelser* og *Skjermtolkens helse* blei publiserte på imdi.no og sosiale medium i starten av året og er retta mot tolkane. Filmane viser korleis ein tolk med enkle grep kan forbetre arbeidssituasjonen sin når han eller ho tolkar over skjerm frå heimekontor. I etterkant av lanseringa oppstod ein debatt der det blant anna blei stilt spørsmål ved sjølve ideen om at tolken kan, eller bør, tolke frå heimekontor. Innsikta herfrå har hatt innverknad på IMDi vidare arbeid på området og vore ei medverkande årsak til at direktoratet vil greie ut om det kan opprettast offentleg administrerte regionale knutepunkt for skjermtolking der tolkane kan komme og gjennomføre tolka samtalar over skjerm.

IMDi har gjennom året intensivert innsatsen overfor fagpersonar og saksbehandlarar i offentleg sektor som er moglege brukarar av skjermtolking. Det har blant anna resultert i ein instruksjonsfilm, ei ny nettside som gjer greie for tekniske rammevilkår for skjermtolking, og eit omfattande e-læringskurs. Samla utgjer desse produkta ein informasjonspakke som målgruppa kan nyttiggjere seg i ulike kontekstar. IMDi forventar at informasjonspakken både oppfyller eit uttalt behov og vil medverke til å løfte fram skjermtolking som eit godt alternativ til dei andre tolkeformene. Informasjonskampanjen som skal sikre at produkta blir tekne i bruk av målgruppa, blir lansert i første halvdel av 2023.

Arbeidet som er utført i 2022, har medverka til større forståing av moglegheiter og avgrensingar ved skjermtolking. Den overordna målsetjinga er auka og betre bruk av skjermtolking. Det er likevel som hovudregel ikkje ønskeleg at ein auke skjer på kostnad av delen frammøteoppdrag, men at skjermtolking i større grad blir vald framfor telefontolking. IMDi har no laga rettleiande retningslinjer som kan hjelpe fagpersonar å avgjere når skjermtolking er den best eigna tolkeforma. Det er framleis for tidleg å seie noko om effekten av tiltaka som er sette i verk, men kor stor del av tolkeoppdraga som er utførte over skjerm, blir målt årleg gjennom FoU-prosjektet *Tolkemonitor*, og IMDi ventar at denne delen vil auke gradvis dei neste åra.

Internasjonalt arbeid på tolkefeltet

Noreg har det siste tiåret posisjonert seg som eit føregangsland på tolkefeltet, og informasjon om den norske modellen er etterspurd av fleire land. IMDi registrerer stor internasjonal interesse for direktoratets erfaringar med å opprette eit nasjonalt tolkeregister, innføre eit offentleg kvalifiseringssystem for tolkar og arbeide for å gjere brukarar medvitne. Som styremedlem i Det europeiske nettverket for tolking og omsetjing i offentleg sektor (ENPSIT) og som Noregs representant i EU-kommisjonens kunnskapscenter for tolking har IMDi god tilgang til internasjonal kunnskapsutvikling på feltet. Til gjengjeld medverkar direktoratet med kunnskap om samanhengen mellom kvalitet på tolkinga, rettstryggleik og integrering. IMDi har i år vore vertskap for årsmøtet i ENPSIT og sponsor for den 10. kongressen i European Society for Translation Studies. IMDi har òg halde eit innlegg for det regionale byrået for integrering i Flandern og Brussel, Agentschap Integratie en Inburgering,

som har ansvar for integrering i dei to belgiske regionane, og som i 2021 har motteke over 120 000 innvandrarakar.⁸¹

Innanfor rammene av EØS-prosjektet *Capacity Building of National Asylum and Migration Management Systems* inngjekk IMDi i mars 2022 ein partnerskapsavtale med det greske departementet for migrasjon og asyl (Hellenic Ministry of Migration and Asylum – MoMA). Avtalen gjeld eit prosjekt som har som mål å medverke til etablering av eit tolkeregister innan april 2024, med tolkar i 8 språk til bruk i den greske utlendingsforvaltninga. Prosjektet er fullfinansiert gjennom EØS-midlar og skal også medverke til utvikling av eit kvalifiseringssystem for tolkar i Hellas. IMDi sin rolle er rådgivande, og direktoratet bistår med kunnskap og kompetanse knytt til oppbygginga av den norske modellen for organisering av tolkefeltet. For å medverke til å byggje opp fagkompetansen i Hellas og styrkje kunnskapsgrunnlaget i samarbeidet har IMDi involvert Det joniske universitetet og OsloMet i prosjektet. Dei to utdanningsinstitusjonane har undertekna eit Memorandum of Understanding som opnar vegen for vidare kompetanseoverføring mellom dei to institusjonane på fleire fagområde, i tillegg til tolkefeltet. IMDi har inntrykk av at norsk kunnskap og kompetanse på tolkefeltet blir verdsett av mottakarlandet og partnerane våre i Hellas. Samarbeidet er med på å understreke kor viktig likeverdige offentlege tenester og god kommunikasjon er for tilliten mellom styresmakter og innvandrarakar. Integreringsperspektivet blir løfta i eit tradisjonelt transittland som stadig fleire flyktningar vel å bli i.

På førespurnad frå Domstoladministrasjonen (DA), og som ein del av EØS-prosjektet *Strengthening the Professionalism in the Judiciary*, gjennomførte IMDi i perioden juni–november 2022 eit samarbeid med det bulgarske Supreme Judicial Council. Samarbeidet gjaldt bistand til ei utgreiing om oppretting av eit tolkeregister for domstolane i Bulgaria, under dette organisatoriske og administrative aspekt. IMDi var vertskap for eit studiebesøk frå ein delegasjon med over 20 dommarar frå det bulgarske Supreme Judicial Council, som la grunnlag for ei utgreiing om den norske modellen, viktige aspekt knytte til eit eige bulgarsk tolkeregister for domstolane og forslag til nødvendige lovendringar i Bulgaria. IMDi kommenterte utgreiinga og la fram sine innspel på ein gjensitt i Bulgaria i oktober 2022. I november leverte IMDi skriftleg tilbakemelding på ein revidert versjon av utgreiinga, med forslag til fleire tiltak for å styrkje kvaliteten på tolkinga i bulgarske domstolar. DA følgjer opp det bulgarske partnerskapet.

IMDi ser det slik at samarbeidet gjennom EØS-midlar har medverka til sterkare medvit om samanhengen mellom tolke kvalitet og rettstryggleik hos styresmaktene i Hellas og Bulgaria. Samarbeidet medverkar etter alt å dømme til at Bulgaria i tillegg etterlever EU-direktiv 2010/64/EU, som stiller krav om oppretting av eit tolkeregister i domstolane og tilgang til tolkar i straffesakskjeda. Gjennom EØS-prosjekt får IMDi utvida kunnskap om viktige prosessar i migrasjonsskjeda som påverkar forhold både i Noreg og i andre land i Europa. Samarbeidsprosjekta medverkar òg til positiv profilering av Noreg og IMDi sin arbeid med

⁸¹ <https://statbel.fgov.be/ein/themes/population/structure-population>.

3.4 Tolkning i offentlig sektor

integrering. I tillegg viser samarbeidet kor viktig det er å etablere nye relasjonar og styrkje eksisterande relasjonar med DA og UDI i Noreg, og den norske ambassaden, MoMA, moglege brukarar av tolkeregisteret og Det joniske universitetet i Hellas.




UDI



Husbanken



HelseDirektoratet



IMDi



Bufdir



Digdir



Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse



FHI



dsb


Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap



Statsforvaltere



Fylkeskommuner



Kommuner



Frivillige organisasjoner

3.5 Integreringspolitikken er heilskapleg og samordna

IMDi medverkar til heilskapen i regjeringas integreringspolitikk og skal ta initiativ til samordning av verkemiddel og tiltak. Samordnings- og pådrivaransvaret gjeld for heile IMDi portefølje, og IMDi skal også vere pådrivar for at integreringsomsyn blir sikra i porteføljen til andre fagstyresmakter.

Dei aller fleste av IMDi oppgåver krev at vi samarbeider med andre sektorar og vurderer korleis verkemiddel og tiltak kan samordnast. I dei føregåande kapitla om busetting, kvalifisering, frivillig sektor og så vidare har vi i hovudsak rapportert om IMDi bidrag til å sikre heilskapen. I dette kapitlet har vi trekt ut nokre oppgåver som er særleg knytte til IMDi pådrivar- og samordningsrolle, og som går på tvers av IMDi fagområde:

- ◆ Rammeverk for styrkt samordnings- og pådrivaransvar
- ◆ Koordineringsrolle under pandemien
- ◆ Tverretatlege strategiar og samarbeid

Rammeverk for styrkt samordnings- og pådrivaransvar

Integreringspolitikken famnar breitt på tvers av ulike sektorar. Integreringsstyresmaktene har i tillegg til eigne verkemiddel eit tydeleg samordnings- og pådrivaransvar på fleire område, for eksempel når det gjeld busetting og kvalifisering av nykomne, mangfald i arbeidslivet, negativ sosial kontroll, tolking og beredskapsarbeid.

IMDi har i 2022 samarbeidd med AID om å utvikle eit rammeverk for korleis vi skal utøve det sektorovergripande samordnings- og pådrivaransvaret til integreringsstyresmaktene. Rammeverket skal nyttast til å identifisere kva område og kva samordningsverktøy (felles oppdrag, mandat, samarbeidsforum med meir) som bør styrkjast eller utviklast.

Koordineringsrolle under pandemien

Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet (FHI) og IMDi har følgd opp tiltaka i rapportane frå to ekspertgrupper som blei leidde av IMDi direktør under pandemien. IMDi har rapportert månadleg til departementet om pågående tiltak fram til mai 2022. Møta i

koordineringsgruppa, som er samansett av fleire direktorat, KS og FHI, blei sette på vent i 2021. Dei vekefaste møta i arbeidsgruppa i regi av Helsedirektoratet blei avvikla i april 2022.

I 2022 har koordinering og innsats vore særleg knytte til utlysing av tilskotsmidlar til frivillige organisasjonar (sjå kap. 3.3), forskning og kunnskapsinnhenting, og til integrert informasjon om vaksinerings- og opplæringsprogram i samfunnskunnskap og i tilbod under norskinnvandringsaksjonen. Det gode samarbeidet med FHI og Helsedirektoratet under pandemien er blitt ført vidare blant anna i arbeidet med vaksinasjonsprogrammet.

På grunn av krigen i Ukraina har IMDi, til liks med ei rekkje andre statlege styresmakter, måtta omprioritere ressursar. Samtidig med nedgang i smittetal og gjenopning av samfunnet har IMDi sin innsats overfor innvandrarbefolkninga dreidd meir mot handtering av dei store flyktningsinnkomstane og utfordringar i mottaks- og busettingsfasen. Helsestyresmaktene har likevel sett søkjelys på vaksineringsprogrammet også under arbeidet med mottak av fordrevne frå Ukraina.

Sentralisert og offentleg kommunikasjon med innvandrarbefolkninga

Etter at Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS) overtok arbeidet med omsetjing av pressemeldingar og pressekonferansar frå 1. oktober 2021, heldt IMDi fram med å hjelpe til med distribusjon av lenkjer til omsette pressemeldingar og/eller språktolka pressekonferansar til alle kommunane, frivillige organisasjonar, ressurspersonar og minoritetsmedium via e-post. Tilbakemeldingar til IMDi frå e-postmottakarane understrekar at det hadde stor nytteverdi. Den siste dubba/omsette pressemeldinga om korona blei publisert 12. februar 2022.

Som ei oppfølging av tiltakslista i rapporten *Styrket beredskap for personer med innvandrerbakgrunn i krise*⁸² utvikla IMDi på oppdrag frå AID ein rettleiar til offentlege styresmakter om tilpassing av informasjon til personar med innvandrerbakgrunn.⁸³

Pandemien og flyktningskrisa har vist kor viktig det er med tilgjengeleg og forståeleg informasjon frå det offentlege. Rettleiaren gir klare tilrådingar og eksempel på god praksis. Den skal fungere som ein enkel påminnar i kvardagen og sikre at fleire offentlege verksemdar når ut med tenester og informasjon til alle brukarar og innbyggjarar, også dei med avgrensa norskkunnskapar og digitale ferdigheiter.

Rettleiaren er utarbeidd i samarbeid med Helsedirektoratet og FHI og med innspel frå representantar frå KS, OsloMet, Frogn og Oslo kommunar, Statsforvaltaren i Vestland, klartale.no, DSB, Nav, Bufdir og Udir, i tillegg til ressurspersonar frå utvalde

⁸² [Styrket beredskap for personer med innvandrerbakgrunn i krise | IMDi](#)

⁸³ [Hvordan nå ut med informasjon til personer med innvandrerbakgrunn | IMDi](#)

innvandrorganisasjonar: Norsom Media, Muslimsk Dialognettverk, Polsk Dialog og Brobygger i Telemark.

Med dette oppdraget (oppdrag nr. 2022-30) fekk IMDi også eit rettleiings- og pådrivaransvar på tvers av sektorar knytte til tilpassing av informasjon. Rettleiaren føreset likevel at offentleg sektor tek ansvar for å gi likeverdige tenester og sikre eit mangfaldsperspektiv i alt dei gjer.

Tilskot til informasjonstiltak til formidling av vaksinasjonsråd

Ekstraordinært *tilskot til informasjonstiltak i regi av frivillige organisasjonar* skal medverke til målretta formidling av råd frå styresmaktene for å oppnå auka vaksinasjonsgrad blant personar med innvandrarakgrunn. Formidling av annan koronarelatert informasjon frå styresmaktene kan òg vere aktuelt.

Det var sett av 20 mill. kroner til dette. Det kom inn 154 søknader, og det blei søkt om til saman 69 mill. kroner. IMDi innhenta faglege innspel frå Helsedirektoratet og FHI i samband med søknadsbehandlninga. 98 frivillige organisasjonar fekk innvilga tilskot.⁸⁴ Formålet med ordninga var auka vaksineringsgrad blant innvandrarakgrunn. Fleire frivillige organisasjonar som fekk midlar, hadde erfaring med liknande tiltak over tilskotsordninga frå 2021. Dei innvilga tiltaka i 2022 sikra breidde i ulike målgrupper, organisasjonar og tiltakstypar. Prosjekt med oppsøkjande tiltak (informasjon per telefon, på offentlege stader som kjøpesenter og moskear, heimebesøk, eigne informasjonsmøte med meir) blei prioriterte. Det blei gjennomført informasjonstiltak i alle fylka og i dei 20 kommunane med størst innvandrandel.

På oppdrag frå IMDi har Fafo forska på frivillig sektors rolle og arbeid med å nå innvandrarakgrunn med informasjon under covid-19-pandemien. Første delrapport *Informasjon til innvandrerbefolkninga i krisetid* evaluerer ekstraordinært tilskot til informasjonstiltak for innvandrarakgrunn i regi av frivillige organisasjonar i 2020 og 2021.⁸⁵ Evalueringa viser at tilskotsordninga famna mange typar organisasjonar, ikkje minst minoritetsorganisasjonar, som brukte ei rekkje formidlingskanalar og verkemiddel, og formidla informasjon på mange ulike språk. Det at minoritetsorganisasjonane har vore nær knytte til målgruppene, ser ut til å ha vore viktig for å nå ut. Ordninga medverka vidare til auka dialog mellom mindre organisasjonar og styresmaktene. Organisasjonane opplevde at dei gjennom arbeidet sitt la eit godt grunnlag for vidare samarbeid med styresmaktene, blant anna om beredskap. Tilskotsordninga framstår som eit vellykka verkemiddel for raskt å nå ut med informasjon til delar av befolkninga som var vanskeleg å nå. Samtidig reiser evalueringa ei rekkje prinsipielle spørsmål om korleis frivillig sektor som

⁸⁴ [Disse har fått tilskudd til koronainformasjon | IMDi](#)

⁸⁵ [Informasjon til innvandrerbefolkninga i krisetid | IMDi](#)

informasjonsformidlar til innvandrarbefolkninga kan og bør inngå i den heilskaplege kriseberedskapsstrategien til styresmaktene. IMDi har nytta funn frå forskinga i arbeidet med den nemnde rettleiaren til offentlege verksemdar om tilpassa og tilgjengeleg informasjon til personar med innvandrarbakgrunn.

Gjennom ekstraordinært *tilskot til informasjonstiltak i kommunar* tildelte IMDi 20 mill. kroner til dei 10 kommunane med størst innvandrandel og lågast vaksinasjonsgrad, og i samarbeid med frivillige organisasjonar og nabokommunar gjennomførte desse ei rekkje tiltak for auka vaksining blant innvandrara. Eksempel på tiltak er samarbeid på tvers av tenester og oppsøkjande verksemd (vaksinebuss og utdeling av informasjon på sentrale stader, for eksempel lufthamn). Alle kommunane hadde tiltak retta mot fordrivne frå Ukraina. Enkelte tiltak blir ferdigstilte i 2023.

IMDi har i tillegg til dette gjort ferdig to rapportar knytte til pandemien. Den eine rapporten, *Nykomne flyktnings bruk av digitale kanalar og medier*,⁸⁶ blei lansert i mars. Rapporten kastar lys over det digitale kompetansenivået til nykomne flyktingar og kartlegg kva kanalar, medieflater og digitale tenester dei nyttar. Rapporten gir òg tilrådingar om korleis digitale tenester, informasjon og kommunikasjon frå offentlege styresmakter betre kan tilpassast og nå ut til nykomne flyktingar i introduksjonsprogram.

Den andre rapporten, *Årsaker til mye covid-19-smitte i enkelte innvandrergrupper*,⁸⁷ blei publisert i oktober 2022. Rapporten har kartlagt moglege årsaker til overrepresentasjonen i innvandrarbefolkninga, i tillegg til sosioøkonomiske faktorar som inntekt, trongbudde hushald og utdanning.

Informasjon om vaksinasjonsprogrammet i opplæringa i samfunnskunnskap

Som ei oppfølging av ekspertgruppa's tilråding nr. 2021-34, «Informasjon om vaksinasjonsprogrammet gjennom opplæringa i samfunnskunnskap», fekk IMDi i oppdrag å samarbeide med Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Helsedirektoratet og FHI om å utarbeide kortfatta og brukarretta informasjon om vaksinasjonsprogrammet på nettet, til bruk for programrådgivarar og lærarar i introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. I løpet av året har FHI delt oppdatert materiell med IMDi, som har publisert det på opplæringsressursen om koronavaksinasjonsprogrammet.

⁸⁶ [Nykomne flyktnings digitale hverdag | IMDi](#)

⁸⁷ [Årsaker til mye covid-19-smitte i enkelte innvandrergrupper | IMDi](#)

Det blei gjennomført eit webinar 09.03.22, i samarbeid med FHI, HK-dir, IMDi og Oslo kommune.⁸⁸ Formålet med webinarret var å gi god rettleiing om korleis programrådgivarar og lærarar kan nytte nettressursen på best mogleg måte i arbeidet sitt.

Nasjonal brukarundersøking for deltakarar i introduksjonsprogram 2021 viste at 93 prosent svarte ja på spørsmål om dei har fått informasjon om covid-19, og om dei har fått tilbod om å ta vaksinen. Dermed ser det ut som dei aller fleste introduksjonsdeltakarane blei informerte om pandemien og vaksinen. Vidare blei deltakarane spurde om kva for kanalar dei har fått informasjon frå, både offisielle kjelder og kanalar som kommunetilsette, kommunenettsider og helsepersonell, og meir uformelle kanalar som sosiale medium og familie/venner. Kommunetilsette var den klart viktigaste informasjonskjelda om vaksinen for introduksjonsdeltakarane. Nesten halvparten opplyste i tillegg at dei fekk informasjon om covid-19 og vaksine frå sosiale og nasjonale medium.

Informasjon frå nasjonal brukarundersøking for 2022 vil liggje føre i mars 2023. Behov for informasjons-, rettleiings- og opplæringstiltak vil bli avdekte i brukarundersøkinga, og kommunane kan setje i verk opplæring ved behov.

Tverretatlege strategiar og samarbeid

Områdesatsingar i byområde med store levekårsutfordringar

IMDi medverkar i områdesatsingar i Oslo og Drammen. Målet med områdesatsingar i Oslo er å medverke til at alle område i Oslo blir opplevde som gode og trygge stader å bu og vekse opp. Ved hjelp av tre delprogram skal satsinga medverke til å auke sysselsetjinga, skape levande og inkluderande bu- og nærmiljø og sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge i dei aktuelle bydelane. IMDi er representert i programstyra til dei ulike delprogramma av områdesatsinga og medverkar med relevant kunnskap og perspektiv i utviklinga av porteføljen til områdesatsinga. Erfaringar frå områdesatsinga i Oslo er nyttige og har stor overføringsverdi for andre aktørar. IMDi jobbar med å formidle desse på nettsidene sine.⁸⁹

Områdesatsinga i Drammen har som mål å medverke til å betre levekåra i byområde med store levekårsutfordringar. Saman med Kommunal- og distriktsdepartementet deltek IMDi i dialogmøte med Drammen kommune for å følgje opp utviklinga i *Sommerjobb for ungdommer*, som er eit av prosjekta IMDi gir tilskot til gjennom satsinga.

⁸⁸ [Om nettressursen og faglig støttmateriell til lærere og programrådgivere | IMDi](#)

⁸⁹ [Lær fra andre | IMDi](#)

Kjernegruppe for utsette barn og unge

I 2021 oppretta departementa ei kjernegruppe for utsette barn og unge og familien deira. Det overordna samfunnsålet med samarbeidet er at målgruppa får nødvendig hjelp og oppfølging, uavhengig av kva teneste eller kva forvaltningsnivå som er ansvarleg.

Flere direktorat fekk i 2022 i oppdrag å støtte opp om denne kjernegruppa. Målet med samarbeidet er å betre samhandling og koordinering mellom sektorane når det gjeld både utvikling av tenester og implementering av innsatsar. Arbeidet er representert på tre nivå: i direktørgruppe, tverrgåande leiargruppe og sekretariat.

Handlingsplan mot rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion (2020–2023)

IMDi deltek i eit tverretatleg forum om etnisk diskriminering. Forumet er forankra i tiltak 48 handlingsplanen: Styrking av det tverrsektorielle samarbeidet for å sikre at tenester er likeverdige og ikkje diskriminerer etniske minoritetar. Forumet, som blir leidd av Bufdir, medverkar til erfaringsutveksling, kunnskapsutvikling og samarbeid mellom direktorata.

Forarbeid for kommande handlingsplan mot rasisme og diskriminering (2024–2027)

På vegner av Arbeids- og inkluderingsdepartementet inviterte IMDi og Bufdir frivillige organisasjonar til fysiske innspelsmøte om den nye handlingsplanen mot rasisme og diskriminering. I forkant av møta blei organisasjonane som deltok, oppfordra til å halde eit innlegg i plenum om utfordringsbiletet og moglege tiltak innanfor følgjande tema: 1) diskriminering på veg inn i og gjennom arbeidslivet og 2) rasisme og diskriminering på grunn av etnisitet og religion som rammar ungdoms deltaking på ulike samfunnsarenaer, for eksempel skule, utdanning, frivillig arbeid, fritid og sosiale medium.

Møta blei arrangerte i, og i samarbeid med, Tromsø, Bergen, Ålesund, Hamar, Trondheim og Kristiansand kommunar. Det var politisk leiing frå AID som leidde møta.

Som del av forarbeidet utarbeidde IMDi i samarbeid med Bufdir også eit kunnskapsgrunnlag innanfor dei to hovudtemaa i handlingsplanen, og gav forsøksvise innspel til tiltak.

Handlingsplan mot diskriminering av og hat mot muslimar (2020–2023)

Målet med handlingsplanen er å førebyggje og hindre rasisme og diskriminering av muslimar og personar som blir tekne for å vere muslimar. Regjeringa har laga *Handlingsplan mot*

diskriminering av og hat mot muslimer (2020–2023), der det går fram at regjeringa ønskjer auka kunnskap om samanhengar mellom oppleving av negative haldningar og diskriminering av muslimar, og muslimars deltaking på ulike samfunnsområde og opplevd tilhøyrsløse.

IMDi utlyste i 2021 eit FoU-opppdrag der formålet var å få kunnskap om korleis opplevingar av negative haldningar og diskriminering blant muslimar påverkar tilhøyrsla deira og deltakinga på ulike samfunnsområde. HL-senteret i samarbeid med Likestillingscenteret BERRE leverte rapport *Diskrimineringserfaringer blant muslimer i Norge*⁹⁰ den 15. desember 2022. Dette oppdraget er ei oppfølging av tiltak nr. 15 i handlingsplanen. Undersøkinga viser at ulike former for diskrimineringserfaringar skaper ei grunnleggjande oppleving av å bli ekskludert frå eit norsk «vi». Det er variasjonar i erfaringane når det gjeld kor omfattande og alvorleg diskrimineringa er. Nokre tilfelle dreier seg om direkte diskriminering og hets, andre om sosial ekskludering eller møte med stereotypiske førestillingar. Rapporten blei lansert i mars 2023.

Handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme

Regjeringas handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme skal gjennom kunnskap, tidleg førebygging og samarbeid mellom ulike sektorar fange opp personar i risikosona så tidleg som råd og møte dei med tiltak som verkar. Det er fem prioriteringsområde for å førebyggje radikaliserings og valdeleg ekstremisme: 1) kunnskap og kompetanse, 2) samarbeid og koordinering, 3) førebyggje tilvekst til ekstreme miljø og medverke til reintegrering, 4) førebyggje radikaliserings og rekruttering gjennom internett og 5) internasjonalt samarbeid. Samarbeid på tvers av fagområde og samfunnssektorar er ein nøkkelfaktor for å lykkast med arbeidet. Dette gjeld både på nasjonalt og på lokalt plan.

For å styrkje samarbeid og koordinering deltek IMDi i ei direktoratgruppe som følgjer utviklinga på feltet, identifiserer behov for justeringar eller nye tiltak og gir råd til departementsgruppa (tiltak 11 i handlingsplanen).

IMDi har delteke i møte og medverka med informasjon om busetting av flyktingar gjennom 2022, gitt innspel i faglege diskusjonar og orientert om aktuelt forskings- og utgreiingsarbeid. Informasjon frå gruppa er delt med relevante miljø i IMDi.

⁹⁰ [Diskrimineringserfaringer blant muslimer i Norge | IMDi](#)

Regjeringas samarbeidsstrategi for barn og ungdom i låginntektsfamiliar – Like moglegheiter i oppveksten (2020–2023)

Formålet med samarbeidsstrategien er å styrkje innsatsen retta mot barn og unge i familiar med vedvarande låginntekt. Strategien legg vekt på auka deltaking for barn, unge og foreldre i familiar med låg inntekt på arenaer som barnehage, skule, skulefritidsordning (SFO), fritidsaktivitetar og arbeidsliv. Strategien legg òg vekt på styrkt sosial mobilitet for barn og ungdom i gruppa, slik at dei kan utvikle seg og skape si eiga framtid uavhengig av bakgrunnen til foreldra. For å kunne gi heilskapleg hjelp til barna og familien deira er det ønskeleg at tenesteapparatar jobbar saman og har felles informasjonsutveksling. IMDi deltek i den tverretatlege arbeidsgruppa og medverkar med informasjonsutveksling i tråd med IMDis samordnings- og pådrivaransvar. IMDi er ansvarleg for rapportering om tiltaka i strategien. Arbeidet er koordinert av Bufdir, og rapporteringsfristen for 2022 er januar 2023. Hovudtiltaket til IMDi inngår i *Integrering gjennom kunnskap – Regjeringens integreringsstrategi 2019–2022*, med formål om å auke arbeids- og samfunnslivsdeltakinga blant innvandrarbefolkninga.

Handlingsplan for å førebyggje og kjempe mot vald i nære relasjonar: Fridom frå vald (2021–2024)

IMDi har i 2022 delteke på innspelsmøte og medverka med skriftlege innspel til ny opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn i nære relasjonar. Opptrappingsplanen er framleis under utarbeiding.

Livshendinga Ny i Noreg

Livshendinga Ny i Noreg er eit stort fleirårig program for at nykomne skal få gode offentlege tenester, og at det er god samanheng mellom tenestene. IMDi leier programmet i samarbeid med UDI, Nav, Lånekassen, Skatteetaten, Nokut, Direktoratet for e-helse, HK-dir, Digdir og KS.

Mandat for programmet er under ferdigstilling, og det ligg føre forslag til 9 satsingsområde. Av desse er heilskapleg informasjon, digitale brukarreiser og omforeint datastrategi prioritert. Heilskapleg informasjon er påbegynt i samarbeid med UDI og Nav. Personar med mellombels kollektivt beskyttelse (fordrivne frå Ukraina) er prioritert målgruppe. Den tekniske løysinga skal gjere det enkelt å samle og oppdatere heilskapleg informasjon på tvers av sektorane og er planlagd ferdigstilt i andre halvår 2023.

4. Styring og kontroll i verksemda

IMDi opplegg for styring og kontroll medverkar til måloppnåing for både løpande driftsoppgåver og utviklingsprosjekt. Risikostyring, internkontroll, tryggleik og beredskap og dokumentforvaltning er integrerte i styringa av verksemda.

Handteringa av Ukraina-situasjonen

Det store talet på fordrivne frå Ukraina som skulle busetjast, fekk konsekvensar på mange fagområde, og IMDi viste stor endringsevne når prioriteringar og planar måtte endrast. Sjå nærmare omtale under dei ulike fagområda i kapittel 3.

Styring og kontroll

Verksemdsstyringa i IMDi følgjer eit årshjul tilpassa styringsprosessane i statlege verksemdar. Planar og budsjett støttar opp under måla i tildelingsbrevet frå eigardepartementet og prioriteringar for å utvikle organisasjonen.

IMDi konkretiserer og formaliserer mål, resultatkrav og fullmakter i årlege forventningsnotat og disponeringsskriv til divisjonane. Dette er grunnlaget for intern rapportering på måloppnåing og budsjett. IMDi rapporterer til departementet på krava i tildelingsbrevet.

Gjennom risikostyringa identifiserer IMDi forhold som kan oppstå og redusere måloppnåinga. For å redusere risikoane set IMDi i verk tiltak slik at restrisikoen er på eit akseptabelt nivå. Overordna risikovurderingar blir gjennomførte halvårleg og sende til departementet i forkant av etatsstyringsmøta. I 2022 gjorde det store busettingsbehovet at IMDi i tillegg oppdaterte risikovurderingane før sommaren. Oppsummerte risikovurderingar for 2022 går fram av tabell 4-1 under.

Vidareutviklinga av datavarehuset vil styrkje grunnlaget for statistikk og analysar i rapporteringa. Sjå nærmare om datavarehuset under avsnittet om digitalisering nedanfor.

Tabell 4-1. Risikoar knytte til mål, med risikovurdering for 2022

Overordna mål	Risiko	Risikovurdering (restrisiko etter tiltak)
Fleire innvandrara deltek i arbeidslivet	Risiko for at saksbehandlingssystemet sluttar å fungere pga. teknisk feil eller dataangrep	Høg (låg etter tiltak)
	Risiko for sein utbetaling og mangelfull oppfølging av tilskotsmottakarar (norskinnsatsen) på grunn av etablering av fleire nye tilskotsordningar og auke av eksisterande ordningar på kort varsel	Høg (middels etter tiltak)
Kvalifiseringa for nykomne er målretta og har høg kvalitet	Risiko for at kommunane (og fylkeskommunane) ikkje har kapasitet og kompetanse til å levere i samsvar med krav i regelverket, og ikkje har introduksjonsprogram med god nok kvalitet	Høg (middels etter tiltak)
	Risiko for at kommunar og fylkeskommunar ikkje er tilstrekkeleg dimensjonerte til å gi tilbod om introduksjonsprogram og opplæring som har høg kvalitet, og/eller ikkje møter behov flyktningar har for å oppnå sysselsetjing anten direkte eller via utdanning og kvalifisering	Middels
	Risiko for at ein høg del kvinner blant dei fordrivne frå Ukraina fører til at ein lågare del går over i arbeid og/eller utdanning etter å ha delteke i introduksjonsprogrammet, sidan erfaring viser at kvinner har lågare måloppnåing enn menn, også om ein kontrollerer for utdanningsnivå	Middels
	Risiko for at ein for låg del deltakarar får formelle kvalifikasjonar innanfor rammene av introduksjonsprogrammet	Høg (låg etter tiltak)
Busettinga er rask og treffsikker	Risiko for at busettingsplassane i enkelte kommunar ikkje blir tilgjengelege raskt nok	Høg (middels etter tiltak)
	Risiko for at medlemmer av same familie får vedtak om beskyttelse på ulikt tidspunkt, og at enkelte søkjarar derfor må vente lenge på busetting etter positivt vedtak	Høg (middels etter tiltak)
	Risiko for at personar er søkte ut til feil kommune på grunn av krav om rask fordeling til kommunane i løpet av svært kort tid kombinert med forenkla kartlegging i mottak	Middels (låg etter tiltak)
Offentleg sektor har tilgang på og bruker kvalifiserte tolkar	Risiko for at det manglar tolkar på visse språk, og at det ikkje blir kvalifisert nok tolkar	Høg (middels etter tiltak)
Innvandrara har høg deltaking i samfunnslivet	Risiko for at færre deltakarar går over i arbeid og/eller utdanning etter å ha delteke i Jobbsjansen	Middels (låg etter tiltak)
Anna	Risiko for at estimata for å handtere auka inkomstar frå Ukraina ikkje blir gode nok, og at budsjettet ikkje går i balanse	Høg (middels etter tiltak)

4. Styring og kontroll i verksemda

	Risiko for dårleg omdømme	Høg (middels etter tiltak)
--	---------------------------	----------------------------

For å ha god styring i arbeidet mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og/eller æresrelatert vald og sikre nødvendig oppfølging av minoritetsrådgivarane, vedtok IMDi på slutten av året å endre organisasjonskartet. Den tidlegare Avdeling MR og førebygging skal gjerast om til ein ny divisjon med fire avdelingar. Endringa blir gjennomført i første halvår 2023.

Risikostyring er blitt ein stadig viktigare del av verksemdsstyringa i IMDi, og det er blitt betre systematikk i å identifisere risikoar og gjennomføre risikoreducerande tiltak. IMDi har vidareutvikla og forbetra opplegget for dei halvårlege overordna risikovurderingane. IMDi gjennomfører også i aukande grad risiko- og sårbaranalysar (ROS) på fleire område, med tiltak for å redusere risiko. ROS-analysar blir gjennomførte jamleg innanfor samfunnstryggleik og informasjonstryggleik. I alle digitale utviklingsprosjekt blir det gjennomført ROS-analysar av informasjonstryggleik og personvern. ROS-analysar blir òg tekne i bruk på fleire fagområde. Eit eksempel er ordninga der minoritetsrådgivarar har arbeidsstad på vidaregåande skular og ungdomsskular.

Tilskotsforvaltning

IMDi forvaltar ei rekkje tilskotsordningar. Integreringstilskot, tilskot for einslege mindreårige og tilskot til norskopplæring blir gitt til kommunane og utbetalt utan søknad. I tillegg kjem søknadsbaserte tilskotsordningar for personar med nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar, og til kommunale innvandrantiltak, innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd (sjå tabell 4-2 nedanfor). Samla budsjett i 2022 var 14,6 mrd. kroner. Sjå nærmare om dei enkelte ordningane under dei ulike fagområda i kapittel 3 og om årsrekneskapen i kapittel 6.

I tillegg til rapporteringa her og i kapittel 3 får departementet oversendt ein eigen rapport om tilskot til kommunale innvandrantiltak, innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd innan 1. juni 2023. Denne er basert på rapportering frå tilskotsmottakarane, som ikkje kjem før årsrapporten er ferdig.

IMDi utviklar digitale løysingar for å effektivisere søknadsbehandlinga, utbetalinga og oppfølginga av tilskotsmottakarane. Dette gir klare gevinstar.

I starten av 2022 var den digitale løysinga for utbetaling av integreringstilskot, tilskot for einslege mindreårige og tilskot for personar med nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar avgjerande for at IMDi kunne halde fram med rask utbetaling av det store volumet av tilskot som følgje av dei mange fordrivne frå Ukraina.

I 2021 hadde IMDi utfordringar med restansar på tilskotsforvaltninga. Per 31.12.2022 er det ikkje lenger restansar på integreringstilskot og tilskot for einslege mindreårige, mykje på grunn av den nye digitale løysinga for utbetaling av tilskot.

4. Styring og kontroll i verksemda

Tidlegare var det store restansar på tilskot for personar med nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar. I løpet av 2022 reduserte IMDi gjennomsnittleg saksbehandlingstid frå 5 til 1 månad. Dei viktigaste tiltaka var den digitale løysinga for utbetaling av tilskot, meir effektive arbeidsprosessar og betre rettleiing til kommunane som søker tilskot.

Tabell 4-2. Søknadsbaserte tilskot som IMDi forvalta i 2022

Kap./ post	Tilskotsordning	Talet på søknader	Talet på innvilga søknader	Omsøkt beløp (i mill. kroner)	Utbetalt beløp (i mill. kroner)
671/60	Tilskot for busetting av personar med nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar	837	991	Ikkje tilgjengeleg	606
671/62	Tilskot til etablering og gjennomføring av tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar	9	9	17	15
671/62	Tilskot til Jobbsjansen	41	39	173	93
671/62	Tilskot til Jobbsjansen, per capita-modell	6	6	8	8
671/62	Tilskot til kvalifisering for bebuarar i integreringsmottak	2	2	3	6
671/62	Tilskot til utvikling av kommunale integreringstiltak	70	51	61	45
671/62	Forsøk på nasjonal samarbeidsmodell for tilrettelagd fag- og yrkesopplæring	6	3	11	4
671/71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar	158	89	99	37
671/71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar, forvalta av 40 kommunar	42	41	92	90
671/71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar, ekstraordinær tilleggsutlysing – fordrivne frå Ukraina, av dette 30 mill. kroner til lokale tiltak og 15 mill. kroner til språktrening	481	151	186	44
671/71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar, til formidling av vaksinasjonsråd	154	98	69	19
671/71	Tilskot til norskopplæringsordning	96	75	160	30
671/71	Tilskot til norskopplæringsordning, ekstraulying for flyktingar frå Ukraina	53	43	82	50
671/73	Tilskot til auka etnisk mangfald i arbeidslivet	28	16	26	10

IMDi utvikla det digitale systemet for søknadsbaserte tilskotsordningar til ein meir brukarvennleg versjon og tok også i bruk eit nytt system for oppfølging og rapportering frå tilskotsmottakarane. Dette gir løpande oppdatert status for alle ledd i saksbehandlinga og effektiviserer rapporteringa.

Tryggleik og beredskap

Beredskap

I 2022 styrkte IMDi arbeidet med tryggleik og beredskap, blant anna etter erfaringane med pandemi, situasjonen i Ukraina og nytt trusselbilde frå Nasjonalt tryggingorgan (NSM) og PST. Det gjaldt særleg planar for krisekommunikasjon og IKT-beredskap og tryggleiksrutinar for kommisjonsreiser. Ein del minoritetsrådgivarar har delteke i beredskapsøvingar på skulane. IMDi inviterte også KRIPOS til å gjere tilsette medvitne om det endra trusselbiletet og handtering av personopplysningar om menneske på flukt frå krig.

Hausten 2022 starta arbeidet med å revidere overordna ROS-analyse av samfunnstryggleik og beredskap på områda busetting, minoritetsrådgivarordning, frivillig sektor med tilhøyrande tilskotsordningar og fysisk sikring av lokale / HMS. Analysen skal vere ferdig i 1. kvartal 2023.

Informasjonstryggleik og personvern

For å sikre personvernet når IMDi leverer ut og behandlar personopplysningar til forskning, analyse og statistikk, har IMDi forbetra retningslinjene. IMDi har òg innhenta ei juridisk vurdering av lovmessige krav som må oppfyllest, og den dannar grunnlag for vidare tiltak.

Som førebuing til ein fullstendig ROS-analyse av informasjonstryggleiken i 2023, gjennomførte IMDi i 2022 ei innleiande verdi-, sårbar- og trusselvurdering. IMDi gjennomførte òg ei undersøking av den digitale tryggleikskulturen.

IMDi gjennomførte kompetansehevande tiltak for å gjere tilsette meir medvitne om informasjonstryggleik og personvern, blant anna kampanjar om løysepengavirus og phishing, phishing-øving og gjennomføring av den nasjonale tryggleiksmånaden.

Personvernombodet er tett kopla på arbeidet med informasjonstryggleik, for eksempel om opplæringsmateriell og tilpassingar av digitale løysingar som følgje av busetting av dei mange fordrivne frå Ukraina.

IMDi sende i 2022 inn 4 avviksmeldingar til Datatilsynet om personopplysningar på avvegjar. Avvika blei følgde opp med tiltak.

Saker frå Riksrevisjonen

Ifølgje Riksrevisjonens revisjonsbrev gav IMDi årsrekneskap for 2021 eit dekkjande bilete av disponible løyvingar, inntekter og kapitalpostar i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Det var ingen merknader som kravde oppfølging i 2022.

Digitalisering

For å utvikle treffsikre og brukarretta tenester og effektive arbeidsprosessar satsar IMDi stadig sterkare på digitalisering av tenestene og i organisasjonsutviklinga. IMDi legg til grunn regjeringas digitaliseringsstrategi.

Dei mange fordrivne frå Ukraina som skulle busettast, medførte at IMDi måtte prioritere å tilpasse eller endre fleire digitale løysingar.

I 2022 har IMDi arbeidd med 20 digitale utviklingsprosjekt og konseptutgreiingar. Av desse blei 9 utviklingsprosjekt ferdigstilte og sette i drift. Andre prosjekt blir vidareførte i 2023. I tillegg kjem konseptutgreiingar.

IMDi sette i drift ei løysing for utbetaling av tilskot. Så langt blei løysinga for integreringstilskot, tilskot for einslege mindreårige og tilskot for personar med nedsett funksjonsevne eller åtferdsvanskar ferdigstilte i 2022, med store effektiviseringsgevinstar. Løysinga for tilskot til norskopplæring er i gang og skal etter planen vere ferdig i 2023.

Prosjektet *Betre busetting* utvikla i 2022 ei ny plattform som nye verktøy og registerløysingar skal byggjast på, med mål om god fleksibilitet ved endringsbehov og tilpassingar i busettingsarbeidet. Prosjektet skal vere ferdig i 2024. Fleire andre prosjekt har drege nytte av plattformen: kartlegging av kompetansen til flyktingar, systematisering av kunnskap om busettingskommunane, Jobbsjanse-registeret og registeret for saker for minoritets- og integreringsrådgivarane på skulane og utanriksstasjonane.

IMDi held fram med å vidareutvikle dataforvaltning/datavarehuset. I 2022 prioriterte IMDi å leggje inn data på kvalifiseringsområdet (NIR-data frå introduksjonsprogrammet og norskopplæringa) og busettingsfeltet (kartlegging av flyktingars kompetanse og kunnskap om busettingskommunane). Mykje intern statistikkproduksjon skjer no via datavarehuset, og nye løysingar forenkler publisering av statistikk på IMDi nettsider. Det er også utvikla ei teneste som forenkler integrasjonen mellom dei ulike systema og opp mot datavarehuset.

Alle digitale løysingar blir utvikla etter dette prinsippet: Løpande endringar skal gjerast mest mogleg enkelt og fleksibelt, utan at endringane blir kompliserte av bindingar mellom systema.

Administrative forhold

Konsulentbruk

IMDi kjøpte konsulenttenester for 130,9 mill. kroner, ein auke på 32 mill. kroner frå 2021. Opp mot halvparten av totalbeløpet og 22 mill. kroner av auken var knytt til utviklinga av digitale løysingar. Resten var spreidd på IMDi ulike fagområde, inkludert kommunikasjon.

Kjøp av tenester til ordinære driftsoppgåver (ikkje konsulenttenester til utviklingsoppgåver) auka med 11,8 mill. kroner til 37,7 mill. kroner frå 2021. I hovudsak var totalbeløpet og auken knytte til serviceavtalar for programvare og IKT-løysingar.

På IKT-området har IMDi vurdert balansen mellom å kjøpe konsulenttenester og å byggje opp eige kompetansemiljø. Eit eige kompetansemiljø må ha ein viss storleik for å kunne utvikle seg i ein bransje i rask utvikling. På grunnlag av IMDi storleik, i tillegg til at det er ressurskrevjande å rekruttere og behalde kompetanse, meiner IMDi at det på kort sikt er effektivt med dagens bruk av konsulenttenester, men at det er potensial for å redusere bruken. Fire nye IKT-medarbeidarar skal medverke til å redusere bruken av konsulenttenester og andre framande tenester. Verknadene vil først komme i 2023.

IMDi brukte konsulenttenester på kommunikasjonsfeltet til blant anna kampanje og filmar i samband med kvardagsintegrering, profilering av nettsida om negativ sosial kontroll og Mangfaldsprisen.

Inkluderingsdugnad

IMDi når ikkje målet i regjeringas inkluderingsdugnad om at minst 5 prosent av nyttilsette i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en: Av 75 nyttilsette i 2022 har berre éin rapportert nedsett funksjonsevne, og ingen har høl i CV-en. Sjølv om 3,6 prosent av søkjarane rapporterte å vere i målgruppa, er ikkje alle kvalifiserte. Alle stillingsutlysingar oppfordrar personar i målgruppa til å søkje stillingar i IMDi, og minst éin i målgruppa blir innkalla til intervju dersom dei er kvalifiserte. IMDi vurderer nye tiltak for å kunne auke talet på tilsette i målgruppa.

Lærlingar

IMDi hadde ingen lærlingar i 2022. IMDi vil setje i verk tiltak for å kunne tilby lærlingplassar i 2023.

Tilsette i IMDi

Per 31.12.2022 hadde IMDi 270 tilsette, ein auke frå 249 per 31.12.2021.⁹¹ Talet på fast tilsette auka frå 197 til 217, og talet på mellombels tilsette gjekk ned frå 48 til 45.

Ordninga med minoritetsrådgivarar på skulane blei styrkt, slik at dei av desse som var mellombels tilsette, fekk fast tilsetjing (18). Dei mange fordrivne frå Ukraina gjorde at talet på tilsette knytte til arbeidet med busetting blei styrkt med mellombelse stillingar (19).

⁹¹ Kjelde: Tala er henta frå SAP og avvik noko frå tala i kapittel 2, der kjelda er SSB.

5. Framtidsutsikter

Folketalet i Noreg vil snart passere 5,5 millionar menneske. Om lag ein million av desse har anten innvandra sjølv eller er norskfødde med foreldre som har innvandra til Noreg. Dette er ein million menneske med ulike utgangspunkt, ressursar, utfordringar og behov.

Dei fleste med innvandrarbakgrunn legg ned ein stor innsats i integreringsprosessen sin og medverkar positivt til fellesskapet. Samtidig er det andre med same bakgrunn som har utfordringar og framleis står, frivillig eller ufrivillig, utanfor dei viktigaste fellesarenaene vi har i samfunnet vårt.

Ein altfor stor prosentdel av innvandrarane, særleg kvinner, står framleis utanfor arbeidslivet. For mange barn av innvandrarar lever i familiar med vedvarande låginntekt. Norsk kunnskapane er for dårlege i enkelte grupper. For mange blir utsette for negativ sosial kontroll. Barrierar som rasisme og diskriminering hindrar deltaking og tilhøyrsløse. Det er behov for relevante tiltak som blir utvikla kontinuerleg for å møte desse utfordringane.

På overordna nivå er det viktig å sikre at flyktningar blir raskt busette og etablerte i ein kommune for å komme i gang med integreringsprosessen. Vidare er det viktig å medverke til at fleire nykomne flyktningar og innvandrarar kjem ut i arbeid eller utdanning og deltek i arbeids- og samfunnslivet.

Ei av dei store utfordringane vi står overfor framover, er å sikre at flest mogleg kjem i arbeid. Deltaking i arbeidslivet er heilt sentralt for å bli økonomisk sjølvhjelp og for å lære seg norsk. Jobb er også ein av dei sentrale nøklane til deltaking, tilhøyrsløse og integrering.

Det lokale samarbeidet mellom kommunen, Nav og arbeidsgivarar er viktig for å sikre formålstunleg kvalifisering til både fordrivne med kollektivt beskyttelse og andre flyktninggrupper. Kunnskap om gode eksempel bør spreast for å medverke til læring på tvers av kommunar.

Sjølv om vi legg bak oss eit spesielt år med historisk høge busettingstal, står vi òg framleis midt i ei ekstraordinær flyktningbølge som følgje av krigen i Ukraina. I skrivande stund er det ingen grunn til å vente at krigen i Ukraina skal ta slutt med det første. Vi veit heller ikkje om fordrivne med kollektivt beskyttelse som kjem til Noreg, vil få eit langt opphald i landet eller ikkje.

IMDi skal leggje stor vekt på at fordrivne med kollektivt beskyttelse som kjem til Noreg, skal raskt i opplæring og arbeid, og at dei deltek i det norske samfunnet.

5. Framtidsutsikter

Kommunane busette om lag 32 000 flyktningar i 2022. Dette tilsvara talet på busette flyktningar dei fem føregåande åra til saman. Dei siste prognosane tyder på at det kan komme 40 000 flyktningar til Noreg i 2023. Fleire kommunar melder tilbake om kapasitetsutfordringar – særleg når det gjeld bustader og kommunale tenester. I samråd med departementet, Nasjonalt utval og sektorstyresmakter må vi jobbe med aktuelle tiltak som kan medverke til raskare busetting av flyktningar.

Noreg er eit mangfaldig samfunn. For å sikre velferd for alle treng vi ein velfungerande integreringspolitikk med treffsikre tiltak, og andre politikkområde og sivilsamfunnet må leggje til rette for ei mangfaldig befolkning. Samarbeid, samordning, koordinering og pådrivararbeid er ein føresetnad for at integreringspolitikken skal fungere heilskapleg. IMDi vil halde fram innsatsen for å byggje sterke fellesskapar og gode fellesarenaer gjennom frivillig sektor, fremje likestilling og kjempe mot negativ sosial kontroll. Ikkje minst må vi samarbeide med relevante aktørar for å sikre at flyktningar både frå Ukraina og frå andre konfliktområde får ein reell sjanse til å gå over til arbeid og sjølvforsørging. Det er viktig for den enkelte, men også for velferdsstaten og for å halde oppe den høge tilliten i det norske samfunnet.

6. Årsrekneskap

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) er utøvande organ for regjeringa i integreringspolitikken, ein premissleverandør for utvikling av feltet og eit kompetansesenter for blant anna kommunane. Det er gjort greie for IMDi's viktigaste oppgåver, målgrupper og verkemiddel i Prop. 1 S (2021–2022) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet. IMDi blei flytta frå Kunnskapsdepartementet (KD) til Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID) i 2022. IMDi hadde 226,9 årsverk ved utgangen av 2022.

IMDi er eit ordinært, bruttobudsjettert forvaltningsorgan og underlagt Riksrevisjonens kontroll. Riksrevisjonens rapport om den årlege revisjonen og kontroll av departementa og dei statlege verksemdene blir publisert som Dokument 1 kvar haust.

IMDi forvaltar driftsmidlar, investeringsmidlar (IKT-utvikling), forskings- og utviklingsmidlar og tilskotsmidlar som primært går til kommunar, innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd. IMDi hadde ei samla tildeling på vel 14,6 mrd. kroner i 2022. Dette er ein auke på 5,7 mrd. frå 2021, då samla tildeling var på 8,9 mrd. kroner. Auken i storleiken på tildelinga kom i hovudsak av krigen i Ukraina, som har ført til mange fleire asylinnkomstar. Rekneskapen for 2022 viser at IMDi har utgiftsført i underkant av 13,0 mrd. kroner. Beløpet er trekt frå inntekter. Inntektene gjeld hovudsakleg tilbakebetalingar av ubrukte tilskotsmidlar i kommunane og i frivillige organisasjonar på 16,6 mill. kroner og arbeidsgivaravgift på 25,7 mill. kroner. Årsrekneskapen viser ei samla mindreutgift tilsvarande 11 prosent av samla tildeling. Hovuddelen av mindreutgifta gjeld kap. 671, post 60 *Integreringstilskot*. Dette er ein tilskotspost som IMDi forvaltar, og som blir utbetalt til kommunar. Kommunane får integreringstilskotet ved busetting av personar som får opphald som overføringsflyktingar eller på bakgrunn av søknad om asyl og familiesameining. Mindreforbruket kjem i hovudsak av at færre personar blei busette enn det som var lagt til grunn i prognosane.

IMDi har i 2022 forvalta ei driftsløyving på 354,6 mill. kroner inkludert overføringa frå 2021. IMDi fekk 4,9 mill. kroner i lønnskompensasjon og 34,9 mill. kroner i ekstraløyving på grunn av auka kostnader som følgje av krigen i Ukraina. IMDi har utgiftsført 343,5 mill. kroner i 2022. Stortinget har gitt fullmakt til å overskride løyvinga på posten mot tilsvarande inntekter på kap. 3670, post 01, jf. Prop. 1 S (2021–2022). IMDi hadde ingen inntekter på kap. 3670, post 01 i 2022. Mindreutgifta på driftsløyvinga kom på 11,1 mill. kroner.

I note B til årsrekneskapen kjem det fram forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til 2022. Samla mogleg overføring på kapittel og postar under IMDi er 1 399,3 mill. kroner, og 11,1 mill. kroner av desse er knytte til kap. 670, post 01 (driftsløyvinga), 11,4 mill. kroner er knytte til kap. 671, post 45, og 1 376,9 mill. kroner er knytte til kap. 671, post 60. IMDi kjem ikkje til å be om overføring av mindreforbruk på kap.

6. Årsrekneskap

671, post 60, ettersom posten blir justert i tråd med behovet og det dermed ikkje er nødvendig å overføre ubrukte midlar på posten.

Artskontorapporteringa viser kva for utgifter og inntekter som IMDi har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Netto har IMDi utgiftsført 13,0 mrd. kroner. Av dette beløpet er 12,5 mrd. kroner utbetalte i tilskot som primært har gått til kommunar, fylkeskommunar, innvandrorganisasjonar og anna frivillig verksemd.

IMDi stadfestar med dette at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilete av disponible løyvingar i verksemda og av rekneskapsførte utgifter og inntekter. Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegner om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet og dei krava som er stilte frå overordna departement gjennom tildelingsbrev og tillegg til tildelingsbrev.



Libe Rieber-Mohn

Libe Rieber-Mohn

Direktør

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskap for statlege verksemder er utarbeidd og framlagd etter nærmare retningslinjer fastsette i «Føresegner om økonomistyring i staten» («føresegnene»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2022 og eventuelle tilleggskrav fastsette av overordna departement. Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene i punkt 3.4.2.

Dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- ◆ Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- ◆ Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- ◆ Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- ◆ Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja *Netto rapportert til løyvingrekneskapen* er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved overgangen til eit nytt år blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Det er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen *Samla tildeling* viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og skyldnader verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/post i ei anna verksemd (belastningsfullmakter) er ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og viste i kolonnen for rekneskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkludert i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Avgitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har motteke belastningsfullmakta, og er derfor ikkje viste i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingssopstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyvingss- og artskontorrapportering med notar viser rekneskapstal rapporterte til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til artskontorrapporteringa *Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa* bokførte tal frå kontospesifikasjonen til verksemda i kolonnen *Spesifisering av bokført avrekning med statskassa*. Noten viser forskjellen mellom beløp IMDi har bokført på egedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen til verksemda (under dette saldo på kunde- og leverandørreskontro), og beløp som IMDi har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som inngår i mellomværet med statskassa.

IMDi har innretta bokføringa slik at ho følgjer krava i føresegnar om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsdisposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifisering av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3, er bokførte. Føresegnene krev blant anna utarbeiding av kundespesifisering og leverandørspesifisering. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei er rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

Oppstilling av løyingsrapportering 2022

Utgifts-kapittel ¹	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2022	Meirutgift (-) og mindreutgift
0670	Integrering- og mangfaldsdirektoratet	01	Driftsutgifter	A, B	354 555 688	343 478 818	11 076 870
0671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	21	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling	A, B	40 631 230	40 968 948	-337 718
0671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast	A, B	71 864 088	60 456 658	11 407 430
0671 ²	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	60	Integreringstilskot, kan overførast	A, B	11 178 881 684	9 802 028 370	1 376 853 314
0671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	61	Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige, overslagsløyving	A	927 812 000	871 691 797	56 120 203
0671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	62	Kommunale innvandrartiltak	A	228 156 000	227 654 362	501 638
0671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	70	Busettingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	A	2 418 000	2 400 000	18 000
0671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar	A	308 695 000	307 166 952	1 528 048
0671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	72	Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.m.	A	16 584 000	15 600 000	984 000
0671	Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarak	73	Tilskot	A	22 800 000	23 059 423	-259 423
0672 ³	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	A	1 475 959 000	1 276 143 766	199 815 234
0672	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	61	Kompetansekartlegging i mottak før busetting	A	521 000	432 681	88 319
0351	Likestilling og ikkje-diskriminering	21	Likestilling og ikkje-diskriminering, spesielle driftsutgifter		0	500 000	
1633	Statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoordning for mva. i staten		0	46 862 813	
Sum utgiftsført					14 628 877 690	13 018 444 588	

¹IMDi rapporterer under nytt kapittel, ettersom IMDi skifta departement frå Kunnskapsdepartementet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2022.

²Utbetalinga av integreringstilskotet har auka med meir enn 4 mrd. sidan 2021. Årsaka er i hovudsak auka asylinnkomstar på grunn av krigen i Ukraina. Mindreforbruket på posten kjem av at det blei busett færre personar enn lagt til grunn i prognosane.

³Utbetaling av norsktilskotet har auka med over 262 mill. kroner sidan 2021. Hovudårsaka til dette er auka utbetalingar til norskopplæring til ukrainske flyktningar.

6. Årsrekneskap

Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Samla tildeling*	Rekneskap 2022	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter	0	16 635 474	
5700	Folketrygdas inntekter	72	Arbeidsgivaravgift	0	25 653 594	
Sum inntektsført				0	42 289 068	
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen					12 976 155 520	
Kapitalkontoar						
60088701	Noregs Bank KK /innbetalingar				29 752 546	
60088702	Noregs Bank KK/utbetalingar				-13 001 693 452	
705005	Endring i mellomvære med statskassa				-4 214 614	
Sum rapportert					0	
Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)						
Konto	Tekst		31.12.2022	31.12.2021	Endring	
705005	Mellomvære med statskassa		-12 066 773	-7 852 158	-4 214 614	

* Samla tildeling skal ikkje reduserast med eventuelle avgitte belastningsfullmakter (gjeld både for utgiftskapittel og inntektskapittel). Sjå nærmare forklaring i note B *Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år.*

Note A: Forklaring av samla tildeling

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
0670 01	12 274 000	342 281 688	354 555 688
0671 21	18 900 000	21 731 230	40 631 230
0671 45	27 500 000	44 364 088	71 864 088
0671 60	186 900 000	10 991 981 684	11 178 881 684
0671 61		927 812 000	927 812 000
0671 62		228 156 000	228 156 000
0671 70		2 418 000	2 418 000
0671 71		308 695 000	308 695 000
0671 72		16 584 000	16 584 000
0671 73		22 800 000	22 800 000
0672 60		1 475 959 000	1 475 959 000
0672 61		521 000	521 000

Note B: Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsvar med avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) ut frå meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maksimalt overførbart beløp *	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
0670 01		11 076 870		11 076 870				11 076 870	17 114 084	11 076 870
0671 21	"kan overførast"	-337 718		-337 718				-337 718	54 231 230	0
0671 45	"kan overførast"	11 407 430		11 407 430				11 407 430	99 393 088	11 407 430
0671 60	"kan overførast"	1 376 853 314		1 376 853 314				1 376 853 314	16 954 672 684	1 376 853 314

* Maksimalt beløp som kan overførast er 5 % av årets løyving på driftspostane 01–29 utanom post 24, eller sum av dei siste to års løyving for postar med stikkordet "kan overførast". Sjå meir detaljert informasjon om overføring av ubrukne løyvingar årleg i rundskriv R-2.

Forklaring til bruk av fullmakter

Mottekne belastningsfullmakter

IMDi har motteke belastningsfullmakter i 2022 frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) på 500 000 kroner på kap. 0351, post 21. Heile belastningsfullmakta blei nytta.

Stikkordet «kan overførast»

IMDis løyvinga på kap. 671, post 21, kap. 671, post 45, kap. 671, post 60 har stikkordet «kan overførast». Mindreutgifta på kap. 671, post 45 og post 60 kan overførast.

Avgitte belastningsfullmakter (utgiftsført av andre på utgiftskapittel og inntektsført av andre på inntektskapittel)

IMDi har ikkje avgitt belastningsfullmakter i 2022.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

IMDi hadde ingen meirinntekter på kap. 3670, post 01 i 2022.

Berekning av mogleg overføring på desse postane gjeld på grunnlag av IMDi del av løyvinga.

Oppstilling av artskontorrapporteringa 2022

	Note	2022	2021
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	730 400
Sals- og leigeinnbetalningar	1	0	0
Andre innbetalningar	1	0	391 664
Sum innbetalningar frå drift		0	1 122 064
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	209 331 558	190 387 297
Andre utbetalningar til drift	3	230 946 766	177 638 885
Sum utbetalningar til drift		440 278 325	368 026 182
Netto rapporterte driftsutgifter		440 278 325	366 904 118
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	5 124 311	4 772 547
Utbetaling til kjøp av aksjar	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	1 789	3 331
Sum investerings- og finansutgifter		5 126 100	4 775 877
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		5 126 100	4 775 877
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	16 323 714	18 082 785
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		16 323 714	18 082 785
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	12 526 177 351	8 450 624 956
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		12 526 177 351	8 450 624 956
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		311 760	275 868
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		25 653 594	23 283 736
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		46 862 813	36 605 405
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		20 897 459	13 045 800
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		12 976 155 520	8 817 267 967

6. Årsrekneskap

Oversikt over mellomvære med statskassa	Note	2022	2021
Fordringar på tilsette		62 853	7 917
Kontantar		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		0	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-8 036 877	-7 334 385
Skuldige offentlege avgifter		-7 159	0
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse		-4 089 895	0
Mottekne forskotsbetalingar		0	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)		7 213	0
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar		-2 907	-525 690
Sum mellomvære med statskassa	8	-12 066 773	-7 852 158

Note 1: Innbetalinger frå drift

	31.12.2022	31.12.2021
Innbetalinger frå gebyr		
<i>Sum innbetalinger frå gebyr</i>	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		
Tilskot frå andre statlege verksemder	0	730 400
<i>Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>	0	730 400
Sals- og leigeinnbetalinger		
<i>Sum sals- og leigeinnbetalinger</i>	0	0
Andre innbetalinger		
Anna driftsrelatert inntekt	0	391 664
<i>Sum andre innbetalinger</i>	0	391 664
Sum innbetalinger frå drift	0	1 122 064

Note 2: Utbetalinger til lønn

	31.12.2022	31.12.2021
Lønn	174 904 332	148 230 568
Arbeidsgivaravgift	25 653 594	23 283 736
Pensjonsutgifter*	12 516 399	16 945 112
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-8 519 622	-6 251 069
Andre ytingar	4 776 856	8 178 950
Sum utbetalinger til lønn	209 331 558	190 387 297
Talet på utførte årsverk:	226,9	197,7**

* Frå og med 01.01.2022 blir pensjonar kostnadsførte basert på verksemdsspesifikk hendingsbasert arbeidsgivardel. Dette har ført til at premiesatsen blei redusert til frå 12 prosent i 2021 til 10,3 prosent i 2022.

** Talet på utførte årsverk for 2021 er korrigert frå 206,06 til 197,7. Ved ein inkurie blei det i årsrapport 2021 oppgitt avtalt årsverk.

Note 3: Andre utbetalinger til drift

	31.12.2022	31.12.2021
Husleige ¹	17 680 995	18 718 819
Vedlikehald egne bygg og anlegg ²	403 667	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale ²	3 438 625	412 191
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale ³	5 389 434	4 196 351
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr osv.	0	0
Mindre utstysanskaffingar	1 180 514	1 585 868
Leige av maskiner, inventar og liknande	9 630 004	12 671 385
Kjøp av konsulenttenester ⁴	130 923 541	98 767 390
Kjøp av andre framande tenester ⁵	37 652 745	25 863 909
Reiser og diett	5 536 668	3 086 257
Andre driftsutgifter ⁶	19 110 574	12 336 717
Sum andre utbetalinger til drift	230 946 766	177 638 885

For 2022 er aktiviteten i IMDi kraftig auka på grunn av krigen i Ukraina, noko som har ført til auke i utbetalningar knytte til drift.

¹ 0,8 mill. kroner av reduksjonen kjem av bortfall av leigekostnader til lokale i Bergen.

² 3,0 mill. kroner av auken kjem av reparasjon og oppgradering av lokala i Tollbugata 20, og 0,5 mill. kroner kjem av reparasjonar og oppgraderingar i Rådhusgata 26 i Oslo.

³ 1,2 mill. kroner av auken kjem av auka straumkostnader.

⁴ 22,3 mill. kroner av auken kjem av konsulentutgifter til utvikling av programvare og IKT-løysingar. Resten av auken er knytt til «Andre konsulenttenester». Ein stor del av kostnadene er knytte til utvikling av programvare, vidareutvikling og vedlikehald i samband med integreringsbarometeret, integreringstilskotet, Jobbsjansen, busetting og IMDinett. I tillegg er det gjort ei rekkje tilpassingar i IKT-systema i samband med krigen i Ukraina.

⁵ 6,3 mill. kroner av auken er knytt til kjøp av tenester til løpande driftsoppgåver innanfor IKT.

⁶ 4,9 mill. kroner av auken gjeld kompetanseheving og seminar for egne tilsette.

Note 4: Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2022	31.12.2021
Innbetaling av finansinntekter		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	1 789	3 331
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	1 789	3 331

Note 5: Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2022	31.12.2021
Utbetaling til investeringar		
Immaterielle egedelar og liknande	254 721	1 309 073
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastrukturegedelar	0	0
Maskiner og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verkøy og liknande	4 869 590	3 463 474
Sum utbetaling til investeringar	5 124 311	4 772 547
Utbetaling til kjøp av aksjar		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6: Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

	31.12.2022	31.12.2021
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	16 323 714	18 082 785
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	16 323 714	18 082 785

Note 7: Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	31.12.2022	31.12.2021
Tilskot til kommunar post 60-85 ¹	12 256 338 243	8 204 572 521
Tilskot til fylkeskommunar post 60-85	21 456 545	15 217 448
Tilskot til ikkje-finansielle føretak ²	45 888 380	21 177 000
Tilskot til hushald	75 000	0
Tilskot til ideelle organisasjonar post 70-85	194 119 183	209 657 987
Tilskot til Statsforvaltninga	8 300 000	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	12 526 177 351	8 450 624 956

¹ Auke i tilskot til kommunar kjem i hovudsak av auke i utbetaling til integreringstilskot som følgje av auka asylinnkomstar pga. krigen i Ukraina.

² Norskopplæringsordninga blei styrkt som følgje av flyktningsstraumen frå Ukraina, noko som har medført auka kostnader til tilskot til ikkje-finansielle føretak.

Note 8: Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

Del A: Forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

	31.12.2022	31.12.2022	
	Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	0	0	0
Andre fordringar	581 543	62 853	518 690
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Sum	581 543	62 853	518 690
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-10 666 148	0	-10 666 148
Skuldig skattetrekk	-8 036 877	-8 036 877	0
Skuldige offentlege avgifter	-7 159	-7 159	0
Anna kortsiktig gjeld ¹	958 467	-4 085 589	5 044 056
Sum	-17 751 718	-12 129 626	-5 622 092
Sum	-17 170 174	-12 066 773	-5 103 402

¹ 1 mill. kroner gjeld reduksjon av tilskotsgjeld.



IMDi

Integrerings- og
mangfoldsdirektoratet

imdi.no